


# Diskursive ressursar i rusarbeid – ein analyse av praksisforteljingar

Lillian Bruland Selseng



Avhandling ph.d sosialt arbeid og sosialpolitikk  
Fakultet for samfunnsvitenskap  
Høgskolen i Oslo og Akershus

Høst 2017

CC-BY-SA Høgskolen i Oslo og Akershus

Avhandling 2017 nr 15

ISSN 1893-0476

ISBN 978-82-8364-072-4

HiOA,  
Læringscenter og bibliotek,  
Skriftserien  
St. Olavs plass 4,  
0130 Oslo,  
Telefon (47) 64 84 90 00

Postadresse:  
Postboks 4, St. Olavs plass  
0130 Oslo

Adresse hjemmeside: <http://www.hioa.no/Om-HiOA/Nettbokhandel>

For elektronisk bestilling klikk Bestille bøker

Opplag trykkes etter behov, aldri utsolgt

Trykket hos Allkopi  
Trykket på Multilaser 80 g hvit

## FØREORD

Det har vore ei glede og eit privilegium å vere stipendiat og få høve til å fordjupe seg i det spanande forskingstemaet om korleis rusproblem og rusarbeid er forankra i kulturell kontekst . Det er mange som fortener takk for at avhandlinga kom i hamn, og for at arbeidsprosessen har blitt ein lærerik og meningsfull prosess for meg.

Eg vil først takke dykk med rusproblem som eg har møtt i livet mitt og gjennom arbeidet mitt. Alt de har lært meg om livet og om rus har vore avgjerande for interessa mi for å utforske rusproblem og rusarbeid. Hjarteleg takk til leiarar og tilsette ved dei tre NAV-kontora som sjenerøst har gitt av tida si og delt erfaringar og tankar med meg. Eg håper at eg ved å setje nokre problemstillingar og tema på dagsordenen kan gi dykk noko tilbake.

Eg vil gjerne takke Høgskulen i Sogn og Fjordane, no Høgskulen på Vestlandet, som gav meg finansiering og som heile vegen har støtta og vist stor tiltru til prosjektet. Takk til Gunnar Yttri som var dekan ved Avdeling for samfunnsfag då eg byrja denne reisa, han trudde på meg og «sparka meg i gang». Tusen takk til leiarane mine Anne-Grethe Naustdal, Unni Aasen og Svanhildur Gudmundsdottir som har lagt til rette for gode arbeidstilhøve.

Ei stor takk til biblioteket ved høgskulen for framifrå hjelp og ein raus og tolmodig utlånspraksis. Ei varm takk til kollegaene mine ved Avdeling for samfunnsfag for det støttande og inspirerande arbeidsmiljøet de har gitt meg. At det har vore så kjekt å vere på jobb, har hatt stor verdi for meg. Ei spesiell takk til Inger Johanne Solheim, til diskursgruppa og til med-stipendiatane mine; Tone Jørgensen, Kari Bergset, Monika Alvestad Reime, Hilde Hofslundsengen, Tuba Ardic og Ragnhild Fugletveit. Samhaldet og faglege og ikkje-faglege samtalar på kontoret, fritida og konferansar og kurs har vore svært inspirerande, lærerike og trivelege.

Oddbjørg Skjær Ulvik har vore hovudrettleiaren min, læremeisteren min og eit godt førebilete i arbeidet. Kunnskapen og klokskapen, sjenerøsiteten og varmen hennar har vore avgjerande for både forskingsprosjektet og mi eiga utvikling. Tusen hjarteleg takk! Vidare vil eg rette ei stor takk til Ulrike Spring, som har vore medrettleiar. Hennar innsikt i diskursteori, erfaringar med vitskapleg publisering og grundige tilbakemeldingar har vore svært lærerike og hjelpsame.

Eg vil også rette ei stor takk til alle dykk andre som har medverka i avhandlingsarbeidet med verdifulle tilbakemeldingar og samtalar undervegs. Ei særleg takk til Sverre Nesvåg, Michael

Seltzer, DANASWAC-miljøet, David Moore og opponentane i tidsskrifta – takk for verdifulle kommentarar til tekstar. Takk til Marita Liabø, Gunnar Onarheim og Christine Brocks for god hjelp med språket og til Arthur Grindhaug for nyttig hjelp i ferdigstillinga av avhandlinga.

Til slutt vil eg takke familie og vener for all oppmuntring og støtte. Tusen hjarteleg takk til uvurderlege besteforeldre og til Berit og Anna for all praktisk hjelp de har stilt opp med når logistikken har blitt utfordra. Ei uendeleg stor takk til mannen min, Magne, og barna våre, Elias, Bertine og Mathilde. Vi har fått mindre tid saman enn eg likar den siste tida, men tida i lag med dykk har gitt gode pausar frå skrivinga. Tusen takk for at de forstår og gjer det mogleg for meg å bruke tid på arbeidet, og for at de gjer livet mitt rikt. Tusen takk, Magne, for tolmodet ditt, og for alt du har fiksa på heimebane. Støtta di har vore heilt avgjerande.

Sogndal, oktober 2017

Lillian Bruland Selseng

## SAMANDRAG

Korleis profesjonsutøvarar forstår rusproblem, har avgjerande betydning for korleis hjelpetilbodet til personar med rusproblem blir utforma. Denne avhandlinga rettar merksemda mot korleis profesjonsutøvarar sine forståingar av rusproblem og rusarbeid er forankra i kulturell kontekst. Med utgangspunkt i eit diskursteoretisk perspektiv undersøker eg samspelet mellom kultur og profesjonsutøving ut frå følgjande overordna problemstilling:

Kva diskursive ressursar tek rådgjevarane i bruk når dei i praksisforteljingar gir mening til rusproblem og til rusarbeid, og kva klientposisjonar, hjelparposisjonar og former for rusarbeid blir produserte gjennom dei diskursive ressursane som blir analyserte fram?

Studien er basert på totalt 41 forteljingsfokuserte intervju med 23 NAV-tilsette. Dei intervjuja rådgjevarane arbeider på tre ulike NAV-kontor, og alle har på ulike måtar røynt frå arbeid med brukarar med rusproblem.

Praksisforteljingane som er produserte i intervjuja er analyserte ved hjelp av analytiske omgrep eigna til å utforske sambandet mellom individ og kultur. Analysane gjer synleg kulturelle, dynamiske og naturaliserte forhold ved korleis rusproblem og rusarbeid blir gitt betydning. Studien gir innblikk i nokre av dei kulturelt situerte meningssamanhengane profesjonsutøvarane tek i bruk, og syner korleis desse meningssamanhengane får implikasjonar for kva posisjonar klientane blir tilbodne, for korleis profesjonsutøvarar forstår sin eigen posisjon, og for korleis praksis blir forklart og legitimert.

Resultata av analysen blir presenterte i tre artikkelar. I den første artikkelen spør eg korleis diskursar om rusproblem knyter seg til diskursar om alder, og kva subjektposisjonar dette dynamiske samspelet produserer. Analysen viser korleis bruken av diskursar om alder bidreg til korleis profesjonsutøvarane prioriterer og differensierer mellom brukarar, gir rusproblem og rusarbeid bestemte meningsinnhald, konstituerer fenomen som ansvar og sårbarheit og gjer tilgjengeleg bestemte hjelpar- og brukarposisjonar.

Den andre artikkelen utforskar kva fortolkingsrepertoar rådgjevarane snakkar innanfor når dei fortel om endring og mangel på endring i praksisforteljingane, og kva hjelparposisjonar som er tilgjengelege i dei fortolkingsrepertoara som blir analyserte fram. I artikkelen utforskar vi korleis *endring* blir forstått, korleis nemninga blir fylt med innhald i profesjonsutøvarane sin tale. Artikkelen viser korleis forståingar av endring innverkar på hjelparens oppleving av

suksess og ansvar, for korleis rådgjevarane snakkar fram rusproblemet og for korleis profesjonsutøvarane posisjonerer hjelparar og klientar.

I den tredje artikkelen utforskar eg kva mønsterforteljingar om personar med rusproblem som blir tekne i bruk når rådgjevarane fortel om praksis, korleis desse mønsterforteljingane bidreg til å gi rusproblem og rusarbeid bestemte meiningsinnhald, og kva plot og karakterar mønsterforteljingane produserer. I artikkelen presenterer eg fire generaliserte forteljingar om klientar med rusproblem med tilhøyrande plot, kodar og karakterar, og eg viser korleis desse forteljingane bidreg til å gi mening til hendingar og handlingar hjelparen erfarer, til å produsere klientidentitetar og til å forklare og legitimere praksis.

Analysane i avhandlinga gir samla sett innsikt i måtar profesjonsutøvarar tek i bruk kulturelt situerte diskursive ressursar på. Analysane demonstrerer korleis oppfatningar av rusproblem og rusarbeid kontinuerleg blir presenterte og forhandla om på fleirtydige, dynamiske og personlege måtar, samstundes som mening blir skapt i høve til kva som blir sett som gyldig og legitimt i den kulturelle og institusjonelle konteksten rådgjevarane inngår i. Avhandlinga gir også innsikt i korleis naturaliserte og innforståtte kulturelle oppfatningar er med på å gi rusproblem og rusarbeid betyding.

Ved å analysere rusarbeid og rusproblem på måtar som viser og overskrider naturaliserte og innforståtte forståingar, gir avhandlinga eit refleksjonsgrunnlag som kan medverke til setje etablerte forståingar under vidare utforsking og forhandling. Ved at studien nyttar analytiske tilnærmingar som er lite representerte i forskinga på sosialt arbeid i Noreg, gir også avhandlinga metodologiske bidrag til korleis forholdet mellom profesjonsutøving og kultur kan utforskast.

Avhandlinga gir kunnskap som er relevant for forskarar, studentar, politikarar, leiarar, profesjonsutøvarar og andre som har interesse for rusproblem og rusarbeid. Avhandlinga er også relevant for dei som er interesserte i korleis diskursteoretiske perspektiv kan brukast i empiriske studiar.

## ABSTRACT

Welfare workers' definitions and understandings of substance use problems have vital consequences for how those experiencing substance use problems are assessed and for the structure and delivery of welfare services. This dissertation focuses on how the professionals' understandings and conceptualisations of substance use problems and of substance use work are culturally embedded. Informed by a discourse-theoretical approach I explore the mutual and dynamic interaction between the individual and culture based on the following general research question:

Which discursive resources do the counsellors use when they, in practice narratives, give meaning to substance use problems and substance use work, and which client positions, helper positions and types of substance use work are produced accordingly?

The study is based on 41 teller-focused interviews with 23 counsellors employed at three different NAV offices. The counsellors have various experiences with substance use related work.

The practice narratives produced in the 41 interviews are analysed by applying analytic concepts suitable for exploring the connection between the individual and culture. The analysis illustrates cultural, dynamic and naturalised conditions for how substance use and substance use work are constructed. The study gives an insight into some of the cultural resources the professionals draw on to make sense of their work experiences, and demonstrates how the cultural resources that come into play have implications on what positions the clients are offered, on how the professionals understand their own position and on how they account for and justify their practice.

The results of the analysis are presented in three articles. In the first article I ask: How do discourses on substance use problems relate to discourses regarding age, and which subject positions are produced by this dynamic intersection? The analysis reveals how the use of discourses on age contributes to prioritising and differentiating between clients, constituting substance use problems and substance use work, constituting related issues such as responsibility and vulnerability and making specific helper and user positions available.

The second article deals with the following research question: Which interpretative repertoires are used by counsellors to narrate change and absence of change among their clients, and how do they position themselves accordingly? The article unwraps the concept of *change* and

provides insights into the variation and movement in how change is given meaning in the counsellors stories. The article also shows how understandings of change influence the helper's experience of success and responsibility, how the counsellors talk about substance use problems and how the professionals position helpers and clients.

The third article explores the following questions: Which formula stories regarding people with substance use problem are used in the interviews? How do the formula stories contribute to giving substance use problems and substance use work particular meaning, and what plots and characters do these stories produce? In this article I present four generalised stories about clients who have substance abuse problems, with corresponding plots, codes and characters, and I show how these stories are part of a cultural context through which the counsellors make sense of their experiences, produce client identities and explain and legitimise practices.

All in all the dissertation analyses provide an insight into ways in which the professionals draw on culturally situated discursive resources. The analyses demonstrate how understandings of substance use problems and substance use work are continuously presented and negotiated in ambiguous, dynamic and personal manners, while at the same time meaning is created according to what is seen as valid and legitimate in the cultural and institutional context which the counsellors are a part of.

The dissertation also provides insight into how naturalised cultural resources contribute to giving meaning to substance use problems and substance use work. By analysing the meaning making of substance use problems and substance use work in ways that display and go beyond naturalized and established understandings, the dissertation provides a basis for reflection, which may benefit further examination and negotiation of established understandings. Because the study adopts analytic approaches that are only marginally represented in research on social work in Norway, the dissertation also provides a methodological contribution to how the connection between professional work and culture may be explored.

The dissertation provides knowledge relevant to researchers, students, politicians, leaders, professionals and others who share an interest in substance use problems and substance use work. The dissertation is also relevant for anyone interested in how discourse theory perspectives may be employed in empirical studies.



# INNHALD

KAPITTEL 1. INNLEIING .....	1
1.1 Ein indre individ/samfunnsforhold .....	2
1.2 Rusfeltet som diskursivt felt .....	4
1.3 Forskingsspørsmål .....	8
1.4 Rusproblem og rusarbeid i Noreg – ein historisk gjennomgang .....	10
1.4.1 Frå folkerørsla til statleg handling .....	10
1.4.2 Frå sosialfaglege tiltak til folkehelse og skadereduksjon .....	13
1.4.3 Sosialfagleg rusarbeid blir marginalisert .....	14
1.5 Rusproblem og rusarbeid i Noreg i dag – omfang og organisering.....	16
1.5.1 Utfordringar og behov på rusfeltet .....	18
1.5.2 Organisering .....	19
1.5.3 NAV .....	20
KAPITTEL 2. RUSPROBLEM OG RUSARBEID STUDERT SOM DISKURSIVE FELT.....	25
2.1 Utviklingstendensar i vilkåra for sosialfagleg praksis .....	25
2.2 Rusproblem som sosialt og kulturelt konstituert.....	28
KAPITTEL 3. TEORETISK RAMMEVERK .....	31
3.1 Eit sosialkonstruksjonistisk vitenskapssyn .....	31
3.2 Relasjonen mellom teori og empiri .....	33
3.3 Eit diskurspsykologisk perspektiv på rusproblem og rusarbeid .....	35
3.4 Diskursive ressursar både som konstruerte og som konstruerande.....	37
3.5 Eit interseksjonelt perspektiv på rusproblem og rusarbeid .....	38
3.6 Diskurs/fortolkingsrepertoar .....	40
3.7 Sosiale kategoriar .....	42
3.8 Posisjonar og posisjonering .....	44
3.9 Mønsterforteljningar .....	45
KAPITTEL 4. METODOLOGISKE REFLEKSJONAR OG KONKRETE VEGVAL .....	49
4.1 Val av metodisk tilnærming – individuelle intervju gir konkrete praksisforteljningar .....	49
4.2 Fokusering av fenomenfelt – Rusarbeid i NAV .....	51
4.2.1 Landsbygdpraksisar .....	52
4.2.2 Rådgjevarar .....	53
4.3 Utval og arbeidssituasjon .....	54
4.4 Forteljingsfokusererte intervju .....	55
4.5 Transkripsjon .....	59

4.6	Analyseprosess .....	59
4.6.1	Prioritering av analytiske tema .....	61
4.7	Forskaren som medprodusent .....	62
4.8	Presentasjon av analyseresultat og empirisk materiale.....	67
4.9	Vurdering av kvalitet i studien .....	68
4.9.1	Forskningsprosjektets relevans.....	69
4.9.2	Om prosjektet er troverdig .....	73
4.9.3	Potensial for generalisering .....	73
4.10	Etiske forhold.....	74
4.10.1	Etiske forhold ved gjennomføringa av intervjua.....	74
4.10.2	Etiske forhold ved presentasjonen av avhandlinga .....	75
KAPITTEL 5. RESULTAT .....		77
5.1	«Focus on the young ones»: Discourses on substance abuse and age.....	77
5.2	«Talking about change – positioning and interpretative repertoires in stories about substance abuse and change» .....	78
5.3	«Formula stories of the ‘the substance-using client’: Addicted, unreliable, deteriorating and stigmatized» .....	80
KAPITTEL 6. DISKUSJON OG AVSLUTNING .....		83
6.1	Meiningar som kollektive og dynamiske i staden for individbaserte og faste.....	85
6.2	NAV-arbeidet – eit konkretiserings- og prioriteringsarbeid.....	87
6.3	Diskursar om tid .....	89
6.4	Det manglande språket .....	91
6.5	Implikasjonar for praksis.....	92
6.6	Implikasjonar for vidare forskning .....	94
6.6.1	Ei utforsking av rusproblem og tilhøyrande sosiale kategoriar som dynamiske og kontekstuelle fenomen .....	94
6.6.2	Mot ei meir kunnskapsbasert organisering og utforming av det lokale rusarbeidet.....	95
6.6.3	Ei inkludering av kontekst og prosess i studiar av rusarbeid .....	97
6.6.4	Mot meir kultursensitive tilnærmingar i sosialt arbeid .....	98

## Liste over vedlegg

### Vedlegg 1

Tilbakemelding på melding om behandling av personopplysningar

### Vedlegg 2

Førespurnad til tilsette om å delta i forskingsprosjekt

### Vedlegg 3

Samtykkeerklæring for tilsette

### Vedlegg 4

Intervjuguide

## Artiklar

### Artikkel 1

Selseng, L. B. (2015). "Focus on the young ones": Discourses on substance abuse and age. *Nordic Studies on Alcohol and Drugs*, 32(3), 277-293.

### Artikkel 2

Selseng, L. B., & Ulvik, O. S. (2016). Talking about change – Positioning and interpretative repertoires in stories about substance abuse and change. *Qualitative Social Work*. Prepublished September 19, 2016. DOI:1473325016660187.

### Artikkel 3

Selseng, L. B. (2017). Formula stories of the «substance-using client”: Addicted, unreliable, deteriorating and stigmatized. *Contemporary Drug Problems*. Vol. 44 (2), 87-104



# Kapittel 1. Innleiing

Forskning på sosialt arbeid har i Noreg godt etablerte tradisjonar for å undersøkje og reflektere over nokre sentrale dimensjoner ved profesjonsutøving, som forholdet mellom profesjonsutøving og den einkilde profesjonsutøvars kompetanse, personlegdom og erfaringar (til dømes Damsgaard, 2010; Levin, 2004; Røkenes & Hanssen, 2012) og forholdet mellom statleg styring og profesjonsutøving (Ellingsen et. al, 2015; Hutchinson; 2007; Levin, 2004). Éin dimensjon som er vesentleg mindre undersøkt er forholdet mellom kultur og profesjonsutøving. Denne avhandlinga søkjer å skape større merksemd og kunnskap om sosialt arbeid som ein kulturell praksis ved å presentere analysar som løftar fram korleis profesjonsutøvarars meiningsskaping er forankra i kulturell kontekst. Med kultur forstå eg «et bestemt system av menings-sammenhenger, et univers av mening som ordner og gir form til menneskelig erfaring og virkelighet» (Solheim, 1990). Dette kulturomgrepet kan nyttast om kultur på ulike nivå; lokalt, institusjonelt og større samfunnskulturar. Det sentrale i denne forståinga av kultur er at fokuset er retta mot at kultur er prosessuelt, at kultur er meiningssystem<sup>1</sup> og at deltakarane i kulturen, deriblant profesjonsutøvarar, deltek i ein kontinuerleg kollektiv meiningsskapande aktivitet. Kultur er skapt av menneske, samstundes som det er noko menneske tek i bruk i utforminga av seg sjølv og andre. Kultur og individ står såleis i ein gjensidig interaksjonsprosess kor kultur gjer bestemte meiningssamanhengar tilgjengelege, samstundes som deltakarane gjennom samhandling kontinuerleg stadfester, utfordrar og endrar dei tilgjengelege meiningssamanhengane. Slik er kultur i stadig forhandling og situert til ein historisk og sosial kontekst. Denne studien tilbyr ei vinkling på profesjonsutøving som gir innblikk i nokre av sambanda mellom profesjonsutøving og kultur. Språket inneheld delte meiningssamanhengar som vi nyttar for å forstå oss sjølve og andre, problema vi står overfor og løysingane vi ser. Når vi snakkar om fenomen, tek vi såleis i bruk delte meiningssamanhengar som er gjort tilgjengelege for oss gjennom språket (Burman & Parker, 2016). Ved å studere korleis ei gruppe rådgjeverar i NAV<sup>2</sup> som eg har intervjuar, snakkar om arbeidet sitt, og ved hjelp av analytiske omgrep eigna til å analysere fram sambandet mellom individ og kultur, har eg analysert fram korleis deira subjektive meiningsskaping er forankra i kulturell kontekst. Eg har ikkje studert praksis, men praksis-

---

<sup>1</sup> For å få språkleg variasjon nyttar eg stundom *meiningssystem* som synonym for *kultur*.

<sup>2</sup> Opphavleg var NAV brukt som eit akronym for Ny Arbeids- og Velferdsforvaltning. Etter kvart blei namnet omgjort til eit eigennamn for dei lokale kontora. Skriftleg omtalar forskarar kontoret som anten «NAV» eller «Nav». Språkrådet tilrår «Nav». I avhandlinga skriv eg «NAV» fordi NAV sjølv skriv det slik.

forteljingar. Det vil seie at eg har studert korleis profesjonsutøvarane snakkar fram sin praksis – kva dei erfarer, korleis dei forstår det dei erfarer og korleis dei gir mening til handlingane sine.

## 1.1 Ein indre individ/samfunnsforhold

Avhandlinga er inspirert av diskursteori, og då særskilt diskurspsykologi. Ein sentral premiss i studien er at meningsdanning er ein sosial prosess. Det vil seie at forståingane og opplevingane til profesjonsutøvarane ikkje blir sett som resultat av individuelle karakteristikkar, men blir sett og studert som forma og uttrykt gjennom dei kulturelt forankra språklege uttrykka som profesjonsutøvarane tek i bruk. Som Bruner (1990 s. 11) uttrykker det:

The symbolic systems that individuals used in constructing meaning were systems that were already in place, already "there," deeply entrenched in culture and language. They constituted a very special kind of communal tool kit whose tools, once used, made the user a reflection of the community.

Samstundes legg eg i studien vekt på mennesket sitt handlingsrom og påverknadskraft (Wetherell, 2005). Kva for bestemte meningsinnhald fenomen blir gitt, er knytt til kva omgrep, kategoriar, bilete og forteljingar som sirkulerer i samfunnet og til korleis desse blir teke i bruk. I analytisk terminologi er dette *diskursive ressursar* (Wetherell, 2003, 2005) vi tek i bruk for å gi mening til det vi erfarer. Dei diskursive ressursane som sirkulerer determinerer ikkje den einskilde si meningssskaping, men er tilgjengelege meningsreiskapar som den einskilde kan ta i bruk, ignorere, nyansere eller utfordre. Diskursive ressursar tilbyr meningssamanhengar som den einskilde kan stadfeste, nyansere eller utfordre. Tilhøvet mellom individet og diskursive ressursar er såleis gjensidig og dynamisk (Wetherell, 2005). Når vi les aviser, skjønnlitteratur, politiske dokument og fagbøker, ser film, høyrer musikk og samhandlar med familie, venner, klientar og kollegaer, får vi tilgang til diskursive ressursar. Samstundes er vi gjennom måtane vi snakkar og handlar på, deltakarar i den kontinuerlege produksjonen av dei diskursive ressursane som sirkulerer i samfunnet. Gjennom måtane vi snakkar om rusproblem og rusarbeid på, stadfester, avviser eller nyanserer vi meningsinnhaldet i dei diskursive ressursane som er tilgjengelege. Slik blir dei diskursive ressursane kontinuerleg konstituerte gjennom måten dei blir tekne i bruk på. Omgrepet *diskursive ressursar* blir nytta som ein fellesnemnar om måtane

kultur blir formidla gjennom språket på (Wetherell 2003, 2005<sup>3</sup>). Diskursive ressursar er meiningsreiskapar som gir grunnlag for og retning til subjekta si meiningsdanning. Den einskilde av oss er «a reflexive actor embedded in relationally and inter-subjectively organized flows of practices, partly subject to pre-existing discursive resources, but endlessly mobilizing and reworking these» (Wetherell, 2005, s. 170). Då diskursive ressursar sirkulerer overalt i samfunnet er det mange ulike arenaer eg kunne valt å utforske bruken av diskursive ressursar i, som til dømes politiske dokument, journalar, massemedia og fagtidsskrifter. I studien har eg valt å rette merksemda mot profesjonsutøvarnivået. Profesjonsutøvarnivået er særst interessant å studere både fordi vi har lite kunnskap om korleis profesjonsutøvarar er brukarar av diskursive ressursar og fordi deira bruk av diskursive ressursar har omfattande sosiale konsekvensar. Empirisk har eg gjennomført individuelle intervju med profesjonsutøvarar som fortel om sitt arbeid. Analytisk utforskar eg korleis deira subjektive meiningsskaping er forankra i kulturell kontekst. Det vil seie at eg er interessert i korleis refleksjonane og dei subjektivt skapte meiniane deira er knytte til dei diskursive ressursane dei tek i bruk. Mitt analytiske fokus er dermed ikkje på dei individuelle karakteristikkane individ har; eg rettar heller merksemda mot korleis rådgjevarane er aktørar i eit diskursivt felt. Omgrepa *diskurs/fortolkingsrepertoar*, *sosiale kategoriar* og *mønsterforteljingar* blir nytta i studien for variantar av diskursive ressursar som rådgjevarane trekker på i intervju. Medan diskursive ressursar er eit omfattande og generelt omgrep, er omgrepa *diskurs/fortolkingsrepertoar*, *sosiale kategoriar* og *mønsterforteljingar* meir eigna til konkrete analysar. Desse analytiske omgrepa er vovne inn i kvarandre, der diskurs er det mest overordna og det av desse omgrepa som er mest anvendt innanfor diskursteoretiske studiar. Michel Foucault, som er ein sentral bidragsytar til diskursomgrepet, presenterer diskurs som:

a group of statements which provide a language for talking about – a way of representing the knowledge about – a particular topic at a particular historical moment ... Discourse is about the production of knowledge through language. But ... since all social practices entail *meaning*, and meanings shape and influence what we do – our conduct – all practices have a discursive aspect.” (Hall, 1992 s. 291).

---

<sup>3</sup> Wetherell nytter nemningane *discursive resources* og *cultural resources* om kvarandre. Eg bruker *kulturelle ressursar* som eit vidare omgrep enn *diskursive ressursar*. Diskursive ressursar er ein del av dei kulturelle ressursane som er tilgjengelege i eit samfunn. For språkleg variasjon nyttar eg av og til meiningsreiskap som synonym for diskursive ressursar.

Omgrepet *diskurs* rettar merksemd mot korleis betydningar er situerte og korleis dei er kollektivt forankra. Når vi erfarer, forstår og uttrykkjer noko, gjer vi det gjennom kollektivt utvikla diskursar. Å vite noko er såleis å vite gjennom ein eller fleire diskursar (Ulvik, 2007). Diskursomgrepet er vagt og mangetydig, noko som gir omgrepet analytisk spenst, og som har ført til ulike bruksmåtar og spesifiseringar i ulike forskingstradisjonar. I denne studien blir sambandet mellom mennesket og diskurs vektlagt. I punkt 3.5 gjer eg nærare greie for korleis eg nyttar omgrepet *diskurs* i denne studien.

## 1.2 Rusfeltet som diskursivt felt

Det diskursive feltet som blir studert, det vil seie feltet eg studerer forholdet mellom *kultur* og *profesjonsutøvar* på, er rusfeltet. Korleis ein svarer på spørsmål som «Kva er rusproblem?», «Kva er rusarbeid?» og «Kva er endring?», er knytt til kva diskursive ressursar ein tek i bruk. Profesjonsutøvarar som arbeider med klientar med rusproblem må kontinuerleg, og ofte implisitt, svare på slike spørsmål. Dei må gi meining til problema dei møter i arbeidskvardagen sin, og dei må søkje å utforme eit gyldig og godt hjelpetilbod. Med utgangspunkt i intervju-materialet undersøker eg kva diskursive ressursar profesjonsutøvarane tek i bruk i når dei fortel om praksis, og korleis bruken av desse diskursive ressursane får relevans for korleis klienten og profesjonsutøvaren blir posisjonerte, og for korleis klientarbeid blir forstått. Avhandlinga rettar merksemda mot meiningsdanningar knytt til rusbruk som blir presentert som problematisk, det vil seie som eit *rusproblem*. *Rusproblem*<sup>4</sup> viser til rusbruk som er kulturelt definert som uakseptabel og problematisk (Nesvåg, 2005). I studien min er rusproblem ikkje gitt eit bestemt substansielt innhald, men er ei nemning som fyllest med innhald. Nemninga *rusproblem* peikar altså ikkje mot ein viss type rusmiddel, ei gitt mengd eller bestemte bruksmåtar, men til rusbruk som er kulturelt uakseptabel og som blir konstituert som problematisk i det informantane fortel. Omgrepet *rusarbeid* blir brukt om profesjonsutøvarar sine praksisar retta mot det som blir forstått som rusproblem. *Rusarbeid* er slik eit i utgangspunktet innhaldstomt samleomgrep for praksisar retta mot rusproblem. Rusarbeidet som blir gitt merksemd i denne studien er rusarbeidet i NAV, som er ein av arenaene for rusarbeid i Noreg i dag.

Bakgrunnen for at eg vel å ta ein posisjon kor eg studerer rusfeltet som eit diskursivt felt, er fleire. For det første er diskursive ressursar og praksis vovne tett saman. Profesjonsutøvarar,

---

<sup>4</sup> I artiklane er dei engelske termene *substance abuse* og *substance use problems* brukt.



som andre deltakarar i samfunnet, «draw on cultural resources that have a history, and the repetition of these resources has important social consequences that we need to study» (Wetherell, 2003 s. 26). Forskarar som har samanlikna forståinga profesjonsutøvarar frå ulike land har av rusproblem, har peikar på at skilnader i kulturell kontekst har større innverknad på variasjonar i forståingar enn tilhøve som utdanning og erfaring (Koski-Jännes et al., 2016; Russell, Davies & Hunter, 2011; Simmat-Durand & Koski-Jännes, 2015). Korleis rusbruk blir gitt betydning, skaper praksisar og har sosiale konsekvensar på mange nivå og arenaer. Oppfatningar om fenomenet *rusproblem* eksisterer i politiske dokument, behandlingsmetodar, lovverk, faglege retningslinjer, i profesjonelle praksisar og liknande. Kva diskursar politikarar og andre sentrale avgjerdstakarar trekker på, påverkar kva politiske strategiar som blir fatta på rusfeltet og korleis samfunnets ressursar blir brukte for å endre, fjerne eller redusere problemet. At rådande tiltak i samtida vår er liberalisering av tilgang på alkohol, satsing på individuelle behandlingsskular, medikamentell behandling og skadereduksjon, medan brennevinsforbod var det dominerande verkemiddelet i byrjinga av 1900-talet, viser korleis ulike forståingar av rusproblemet formar og legitimerer svært ulike politiske strategiar. Kva forståingar som rår, påverkar også korleis velferdsstatens tenester blir utforma på bakkeplan. Korleis «førstelinearbeidarar» (Lipsky, 1980), som til dømes rådgjevarar i NAV, miljøterapeutar i behandlingstjenestene eller legar på legevakta, forstår og møter klienten, brukaren eller pasienten<sup>5</sup> som rusar seg, heng saman med kva diskursar om rusproblem og rusarbeid profesjonsutøvararen tek i bruk. Kva diskursar om rusproblem profesjonsutøvararen trekker på, påverkar når, korleis og hos kven rusbruken blir forstått som problematisk, og kva som blir forstått som gode løysingar på vanskaner. Om profesjonsutøvararen til dømes forstår problemet som ein kronisk sjukdom, eit teikn på dårleg moral eller teikn på sosial mistilpassing, vil verke inn på kva tema utøvararen er oppteken av, kva tiltak utøvararen set i verk og kva forventingar utøvararen har til arbeidet. Kva for diskursar som dominerer, verkar også inn på korleis den som er berar av problemet, forstår seg sjølv og ser sitt eige handlingsrom. Kva forståingar som rår, verkar også inn på korleis pårørande, venner og arbeidsgjevarar ser problemet, og dermed korleis dei handlar og reagerer. Slik er diskursar svært praktiske; dei skaper praksisar og er «*material in effect*» (Burman et. al , 2017 s. 9).

---

<sup>5</sup> Klient, brukar, borger og pasient er døme på ulike omgrep som blir brukte om den som tek i mot tenester. NAV nyttar i hovudsak omgrepet brukar. Omgrep rommar kulturelle forståingar og reduserer, kategoriserer og skaper subjektposisjonar (Engebreetsen & Haldrar, 2010). For å vere lesarvennleg og attkjennande nyttar eg i avhandlinga klient eller brukar om personar som er i ein posisjon der dei tek i mot velferdstenester, sjølv om omgrepa reproducerer diskursive premisar.

Ei anna årsak til at eg finn det tenleg å innta ein posisjon kor eg studerer rusfeltet som eit diskursivt felt, er at det er ein tendens til at rusproblem – både i kvardagsspråket, profesjonelle kontekstar og i forskning – blir framstilt som om det er sjølvsgatt og naturgitt kva meiningsinnhaldet i rusproblem *er* (Hellman, 2010; Room, Hellman & Stenius, 2015). At rusproblem og rusarbeid blir gitt eit naturalisert meiningsinnhald, gjer at dei bestemte måtane rusproblem og rusarbeid blir gitt betydning på, blir lite utforska og diskuterte (Heyman, 2009; Hellman, 2010; Room et al., 2015).

Samstundes viser forskning der betydningar blir studerte, at forståingar av rusproblem og rusarbeid varierer mykje, både historisk og geografisk. Mellom anna varierer grensene for kva rusbruk som blir akseptert og kva rusbruk som ikkje blir akseptert. Bruk av khat er til dømes definert som ulovleg i Noreg, men lovleg i land som Somalia og Nederland (Balint, Falkay & Balint, 2009). Under Stortingsvalet i 1949 fekk teljekorpset i Oslo Rådhus utdelt amfetamin for å halde seg vakne, medan amfetamin i Noreg i dag er definert som eit ulovleg narkotikum (Fekjær, 2004a). I 1919 blei heitvin og brennevin definerte som ulovlege rusmiddel i Noreg, medan alkohol i dag er både juridisk og kulturelt akseptert i mange ulike situasjonar. I kapittel 1.3 presenterer eg nærare nokre av dei historiske variasjonane som har vore i korleis rusproblem har vore forstått og søkt løyste. Også dei siste åra har det vore omfattande endringar i korleis rusproblema blir gitt mening og korleis rusarbeidet blir organisert og utforma i Noreg (Skretting, 2014). Internasjonale trendar kring organisering av tenester som *one-stop shops* (Askim, Fimreite, Moseley & Pedersen, 2011; Minas, 2014), *New Public Management* (Bradley, Engelbrecht & Höjer, 2010; Healy, 2014), *aktivering* (Caswell, Eskelinen, & Olesen, 2013; Van Berkel & Borghi, 2008), *individualisering* (Hellman, Roos, & Wright, 2012; Järvinen & Mik-Meyer, 2012) og *skadereduksjon* (Moore & Fraser, 2006; Stöver, 2016) har gjort sitt inntog også i Noreg. Omfattande reformer som rusreforma, NAV-reforma og samhandlingsreforma har endra dei institusjonelle rammene for rusarbeid. Omgrep som *skadereduksjon*, *sprøyterom*, *pasientrettar* og *medikamentell behandling* var knapt i bruk i rusfeltet for få år sidan, medan dei no er ein del av den etablerte terminologien. Variasjonane i korleis rusproblem blir forstått og møtt viser korleis betydningar av rusproblem og rusarbeid er situerte i bestemte kulturelle og sosiale kontekstar som varierer i tid og rom.

Ei tredje årsak til val av fokus i studien min er at eg finn at perspektivet studien tilbyr, har potensial til å gi eit relevant og tenleg bidrag til rusforskningsfeltet og til forskinga på sosialt arbeid – både i Noreg og internasjonalt. Noreg, som mange andre land, bruker store summer kvart år på å søkje å redusere vanskar knytte til rusproblem. Norske styremakter har definert

rusarbeid som eit satsingsområde og peikar på fleire forbetningsområde (Prop. 15 S (2015–2016)). Forskarar peikar på at rådande oppfatningar av rusproblem er av ein slik karakter at dei fremjar stigmatisering (Semb, Borg & Ness, 2016; Skatvedt, 2009; Thommesen, 2009) og at mange profesjonsutøvarar opplever usikkerheit og resignasjon i møte med brukarar med rusproblem (Galvani & Hughes, 2010; Järvinen & Andersen, 2009). Sjølv om forskning viser at kulturell kontekst har avgjerande betydning for korleis profesjonsutøvarar forstår rusproblemet og utformar rusarbeidet (Koski-Jännes, Pennonen, & Simmat-Durand, 2016; Simmat-Durand & Koski-Jännes, 2015, Russell, Davies, & Hunter, 2011) er forskinga på rusproblem og rusarbeid i Noreg, som i mange andre land, dominert av epidemiologiske studiar og effekt-evalueringar av tiltak. Idear frå New Public Management har dei siste åra forsterka fokuset på slik forskning (Fjær, 2010). Forsking på sosialfagleg profesjonsutøving blir ofte studert med utgangspunkt i ei av to tilnærmingar: ei *strukturtilnærming* eller ei *individualisert* tilnærming. I det eg omtalar som ei strukturtilnærming rettar ein merksemda mot korleis strukturelle forhold ved staten eller samfunnet innverkar på sosiale problem og sosialfagleg arbeid. Sentrale spørsmål blir då korleis tenestene er organiserte og korleis makt og ressursar er fordelte. Ei typisk løysing for å redusere administrative og strukturelle utfordringar er å organisere hjelpeapparatet på nye måtar. Reformar gjennomført dei siste åra, som helsereforma, rusreformene, samhandlingsreforma og NAV-reforma, er døme på at utfordringane blir forstått som administrative og strukturelle. I det eg kallar ei individualisert tilnærming, er analyseeininga forskaren interessert seg for *individet*. I denne tilnærminga tek ein utgangspunkt i individet som ei avgrensa, stabil og autonom eining, og ein studerer samanhengar mellom karakteristikkar ved individet, som utdanningsbakgrunn, haldningar, personlegdom og personlege erfaringar og den einskilde sine handlingar. Ei typisk løysing innanfor dette perspektivet er å søkje å betre det sosialfaglege arbeidet ved å tilby kurs, metodar eller rettleiing til profesjonsutøvarane.

Eg søkjer å gi eit supplement til den strukturorienterte og den individualiserte forskinga ved at eg gjer til premiss at det er eit gjensidig og dynamisk tilhøve mellom individ og samfunn og det er dette gjensidige samspelet som er i fokus i studien min. I intervjuar har rådgjevarane saman med meg gitt form og mening til erfaringar dei har gjort seg i arbeidet med personar dei opplever har rusproblem. Dette intervjumaterialet er ei kjelde til å få innsikt i korleis profesjonsutøvarar tek diskursive ressursar i bruk, kva innhaldet i desse diskursive ressursane er og kva sosiale konsekvensar bruken av dei diskursive ressursane har.

### 1.3 Forskingsspørsmål

Det overordna forskningsspørsmålet som denne avhandlinga undersøker, er: Kva diskursive ressursar tek rådgjevarane i bruk når dei i praksisforteljingane gir mening til rusproblem og til rusarbeid, og kva klientposisjonar, hjelparposisjonar og former for rusarbeid blir produserte gjennom dei diskursive ressursane som blir analyserte fram?

Studien har hatt ein empirinær tilnærming (Haavind, 2002). Det vil seie at møtet med det empiriske materialet har gitt retning til kva problemstillingar det overordna forskningsspørsmålet er konkretisert til, kva teori eg har teke i bruk og til kva analytiske omgrep eg har valt å analysere det empiriske materialet ved hjelp av. Eg har søkt å finne den analytiske framgangsmåten som var best eigna til å få fram akkurat dette empiriske materialet sitt potensial til å utvikle kunnskapsfeltet om rusfeltet som eit diskursivt felt. Det er mange fleire diskursive ressursar i bruk i det empiriske materialet enn denne avhandlinga kan vise fram. Basert på arbeidet med empirien har eg gjort nokre prioriteringar som vidare har gitt retning til dei empiriske utsnitta eg presenterer. I kapittel fire gjer eg nærare greie for desse prioriteringane. Dei analytiske omgrepa eg fann mest eigna til å undersøkje og konseptualisere variantar av diskursive ressursar i det empiriske materialet med, er *diskurs/fortolkingsrepertoar* (Davies og Harré, 1990; Potter & Wetherell, 1987), *sosiale kategoriar* (Søndergaard, 1996; Staunæs, 2004), *posisjonering* (Davies og Harré, 1990) og *mønsterforteljingar* (Loseke, 2012). Felles for desse delvis overlappande omgrepa er at dei alle er eigna til å analysere fram subjektet som diskursbrukar. Ved hjelp av dei analytiske omgrepa, som blir nærare presenterte i kapittel 4, har eg spesifisert det overordna forskningsspørsmålet til tre problemstillingar som høvesvis er presenterte i dei tre artiklane:

1. Korleis knyter diskursar om rusproblem seg til diskursar om alder, og kva subjektposisjonar produserer dette dynamiske samspelet?
2. Kva fortolkingsrepertoar snakkar rådgjevarane innanfor når dei fortel om endring og mangel på endring, og kva hjelparposisjonar er tilgjengelege i dei fortolkingsrepertoara som blir analyserte fram?
3. Kva mønsterforteljingar om personar med rusproblem blir tekne når rådgjevarane fortel om praksis? Korleis bidreg desse mønsterforteljingane til å gi mening til rusproblem og rusarbeid, og kva plot og karakterar produserer bruken av desse mønsterforteljingane?

Artiklane, som blir refererte til som artikkel I, II eller III i avhandlinga, fokuserer på ulike sider ved korleis rådgjevarane gir meining til rusarbeid og rusproblem. Artikkel I utforskar korleis diskursar om *alder* er vovne saman med korleis rusproblem blir snakka fram. Artikkel II utforskar variasjonar i korleis rådgjevarane snakkar om *endring*, kva fortolkingsrepertoar om endring som blir tekne i bruk, og kva hjelparposisjonar bruken av desse fortolkingsrepertoara skaper. Artikkel III utforskar historier om den generaliserte *rusmisbrukaren* og korleis slike historier bidreg til å konstituere rusproblem og rusarbeid. Artiklane gir innsikt i korleis rusproblem og rusarbeid blir konstituerte gjennom bruk av ulike diskursive ressursar, og korleis den einskilde rådgjevar medverkar til denne konstitueringa ved å ta i bruk, nyansere og utfordre dei tilgjengelege diskursive ressursane. Avhandlinga som heilskap byr såleis på både konkrete skildringar av korleis rusproblem og rusarbeid blir gitt meining i Noreg i dag, innsikt i nokre av dei historisk, kulturelt og sosialt situerte diskursive ressursar rådgjevarane har tilgang på, og kunnskap om korleis dei diskursive ressursane gjer mogleg bestemte klient- og hjelparposisjonar og hjelpepraksisar. I tillegg har avhandlinga metodologiske bidrag ved at eg reiser forskingsspørsmål som er lite stilt, og nyttar analytiske omgrep som er lite nytta i rusfeltet og i det sosialfaglege feltet.

Gjennom å utforske og vise den komplekse dynamikken mellom diskursive ressursar og det handlande subjektet, tilbyr denne studien eit supplement til meir tradisjonelle studiar av profesjonsutøving og av rusproblem og rusarbeid. Det overordna målet med å utforske rusarbeid og rusproblem som historisk, kulturelt og sosialt situerte fenomen er å inspirere til refleksjon rundt sosialt arbeid som ein kulturell praksis og gi eit grunnlag til å reflektere over kva forståingar av rusarbeid og rusproblem som rår i samtida vår. Eg ønskjer særskilt å rette merksemda mot forståingar som blir tekne for gitt og som dermed blir lite undersøkte og diskuterte. Ved å utforske sjølvsgde forståingar set eg dei under forhandling. Slik søkjer eg å gi eit refleksjonsgrunnlag som kan medverke til ei utviding av profesjonsutøvarar sitt handlingsrom.

Avhandlinga består av to hovuddelar. Den første delen er kappa, som er delt i seks kapittel – det første av dei innleia med denne introduksjonen, som gir ei historisk oversikt over korleis rusproblem har blitt forstått og møtt i Noreg dei siste 100 åra, og korleis rusarbeidet er organisert i Noreg i dag. I kapittel 2 presenterer eg kunnskapsfeltet avhandlinga plasserer seg i, med fokus på (1) forskning på kulturelle og institusjonelle rammer for utøving av sosialt arbeid i vår tid, og (2) forskning om rusproblem og rusarbeid som har som premiss at rusproblem og rusarbeid er kulturelt konstruerte fenomen. Kapittel 3 presenterer det teoretiske rammeverket for avhandlinga. Eg startar med å introdusere det sosialkonstruksjonistiske vitenskapssynet

studien er plassert i, før eg presenterer korleis det diskurspsykologiske perspektivet og det interseksjonelle perspektivet har gitt teoretisk retning til studien. Eg gjer deretter greie for dei analytiske omgrepa eg brukar i analysen. Dei analytiske tilnærmingane som er presenterte i kapittel 3 ligg til grunn for metodiske vegvala eg har gjort i studien. I kapittel 4 presenterer og grunngrir eg desse vala. I same kapittel blir også kvalitet og etiske forhold ved arbeidet med studien diskutert, før eg presenterer ei oppsummering av dei tre artiklane i kapittel 5. I kapittel 6 summerer eg opp avhandlingas kunnskapstilbod, i tillegg til at eg drøftar implikasjonar for praksisfeltet og vidare forskning. Dei tre artiklane i fulltekst utgjer andre del av avhandlinga<sup>6</sup>.

## 1.4 Rusproblem og rusarbeid i Noreg – ein historisk gjennomgang

For å forstå samtida si tenking omkring rusproblem og rusarbeid er det interessant å ta eit tilbakeblikk på historia. Eit tilbakeblikk gir både innblikk i variasjonar i kva diskursive ressursar som har vore i bruk, og viser spor av diskursar om rusproblem og rusarbeid i bruk i samtida. I det følgjande gir eg ei kort oppsummering av dei vesentlege endringane som har vore på rusfeltet siste 150 år. Eg startar gjennomgangen med den dominerande alkoholpolitiske diskursen i Noreg frå siste del av 1800-talet, og avsluttar med ei skildring av dei store endringane i Noreg dei siste 15 åra.

### 1.4.1 Frå folkerørsle til statleg handling

Bruken av alkohol har lange tradisjonar i Noreg. Frå å sjå på og handtere alkohol som handelsvare og næringsdrikk voks det frå siste del av 1800-talet fram ein dominerande alkoholpolitisk diskurs som ofte blir omtala som *avhaldsmodellen* (Braaten, 2015) eller *the temperance discourse* (Edwards, 2010; Lucas, 2004). Framveksten av denne diskursen i Noreg og Norden knytte seg til ein internasjonal trend der det sivile samfunnet mobiliserte mot det dei kalla *drukkenskap*. Alkohol blei innanfor denne diskursen sett på som gift (Sutton, 1998), og alkoholbruk blei sett som årsak til familievanskar, helseskadar, vald og kriminalitet (Braaten, 2015; Fekjær, 2004a). Alkoholmisbruk blei sett som eit resultat av at ein hamna i «alkoholens vald» (Braaten, 2015). Løysinga var, både for å unngå eigne vanskar og i solidaritet med «dei drikkfeldige», å avstå frå å drikke alkohol. Idealet var eit alkoholfritt samfunn (Sutton, 1998). Lov om løsgjengeri, drukkenskap og betleri tredde i kraft i Noreg i 1907. Lova fastsette at å «hensette sig i en aabenbart beruset tilstand» på offentleg stad kunne straffast med bøter eller fengsel. Personar som var «forfalt til drukkenskap» kunne bli dømde til kuranstalt eller

---

<sup>6</sup> Dei publiserte artiklane blir presenterte med løyve frå tidsskrifta.

tvangsarbeidshus (Skretting, Lund & Bye, 2014 s. 62). Dei første kurstadane for personar med alkoholproblem kom omkring 1900, og var drifta av friviljuge organisasjonar som Blå Kors, Hvite Bånd og Legeforeningen (Skretting & Storvoll, 2011). På byrjinga av 1900-talet blei det retta sterke krav frå folket til at sentrale styremakter måtte inn med tiltak for å redusere tilgangen til alkohol. Etter at ei folkeavrøysting gav eit klart fleirtal for forbod mot sal av brennevin og heitvin, blei eit landsomfattande forbod innført i 1919 (Braaten, 2015).

Første halvdel av 1900-talet voks ein sjukdomsmodell fram i USA, og etter andre verdskrig nådde han Europa (Lucas, 2004). Sjukdomsmodellen, som hadde opphav i AA-rørsla<sup>7</sup> og medisinske forskingsmiljø (Levine, 1978; Reinerman, 1988), tilbød ei anna forståing av alkoholproblem enn avhaldsmodellen: Den tok utgangspunkt i ei forståing av at ikkje alle toler å drikke. Somme lir av *alkoholisme* – ein sjukdom som gjer at personen ikkje klarer å handtere alkoholforbruket sitt, og er i behov for profesjonell hjelp og behandling (Jellinek, 1960; Room, 1983). Sjølv om sjukdomsmodellen ikkje blei like dominerande i Noreg som han blei i ein del andre land i Europa, fekk han fotfeste i Noreg utover 1920- og 30-talet. Som følgje av at rusproblem innanfor denne diskursen i stor grad blir sett som ein individuell sjukdom, blei rolla sivilsamfunnet spelte, mindre, og profesjonelle hjelparar blei i staden sentrale aktørar. Tiltak for å redusere konsumet blei tona ned, brennevinsforboda blei oppheva i 1923 og 1926 og behandlingstilbodet til dei behandlingstrengande blei i staden sterkt utbygd (Braaten, 2015). Legitime og sentrale løysingar blei som følgje av sjukdomsforståinga å tilby adekvat hjelp til dei som trong det.

I 1939 tredde Edruskapslova i kraft. Lova gav vedtekter for kommunale edruskapsnemnder som skulle følgje med og søkje å påverke innbyggjarane sitt forhold til rusmiddel. Lova gav også heimel for at alkoholavhengige kunne dømmast til opphald på kurstad i opptil to år (Skretting, Bye, Vedoy & Lund, 2015). Frå 1950-talet blei det oppretta fleire *A-klinikkar* i Noreg, det vil seie alkoholikarklinikkar som tilbød behandling til personar med alkoholproblem. Desse klinikkane var meir medisinsk orienterte enn dei tradisjonelle kurstadane, blei lagde under Helsedirektoratet og fekk høgre status enn kurstadane som var underlagt Sosialdepartementet (Skretting et al., 2015).

Medan sjukdomsmodellen fekk ein nærmast hegemonisk posisjon i storparten av den vestlege verda (Braaten, 2015), eksisterte det i Noreg, som i andre nordiske land, ei parallell sosialfagleg

---

<sup>7</sup> AA er ei verdsomspennande rørsla starta i USA på 1930-talet. Innanfor AA blir problematisk alkoholbruk sett på som teikn på ein sjukdom – alkoholisme – der trongen til å drikke er sterkare enn den einskilde sin vilje. Med utgangspunkt i denne problemforståinga blei det utvikla ein behandlingsmodell basert på 12 steg.

forståing der alkoholbruk hos personar som ikkje var alkoholikarar også blei sett som årsak til sosiale og kriminelle vanskar. Dermed blei også andre tiltak enn individuell behandling gyldige og relevante. I det som blir omtala som den nordiske modellen (NOU 1995: 24) blei det i tillegg til behandling av alkoholavhengige, sett i verk kontrollpolitiske verkemiddel og informasjonskampanjar for å redusere etterspørselen etter alkohol (Room, 1999).

Når det gjeld narkotikabruk blei den fram til 1960-talet sett som eit helseproblem som gjaldt nokre få som var blitt avhengige av medisinar (Skretting, 2014). I 1961 fekk Noreg, som første land i Europa, ein spesialklinikk for dei som hadde utvikla misbruk av morfin og andre medisinar. Utover 1960-talet blei det kjent at norske ungdommar brukte stoff som LSD og amfetamin. Dette fekk stor merksemd både i massemedia og hos politikarane. Narkotika – eit omgrep som famna om alle dei narkotiske stoffa som var i bruk – blei omtalt som svært øydeleggjande, vanedannande og sosialt smittefarleg (Sander, 2011). For å stoppe narkotikabruk og innføring av narkotika til Noreg blei det vedteke ein restriktiv kontrollpolitikk. Bruk og omsetting av narkotika blei kriminalisert etter straffelova i 1967. I 1972 blei strafferamma utvida til ti års fengsel, i 1981 til 15 år og i 1984 til 21 år (Skretting, 2014).

På 1960- og 70-talet blei det utvikla spesielle tilbod for behandling av narkotikaproblem (Skretting & Storvoll, 2011). Spesielt unge såkalla *stoffmisbrukarar* var i fokus, og det blei oppretta eigne behandlingstilbod til denne gruppa. Den dominerande forståinga var at narkotikaproblemet var eit symptom på personlege og sosiale problem. Stortingsmelding nr. 66 (1975–76) skildrar til dømes korleis «misbruk av avhengighetsskapende stoffer, såvel i yngre som i eldre aldersgrupper, hovedsakelig må sees som symptom på personlige, familie-messige og sosiale problemer med derav følgende mistriivsel og mistilpasning» (s. 52). Det blei framheva at:

Ensidig å søke årsakene hos pasienten, og legge «skylden» på ham, vil åpenbart være uriktig og urettferdig, og gi et lite realistisk utgangspunkt for behandlingen. Det er hele den sosiale enhet som ikke fungerer tilfredstillende, som er «syk» og derfor trenger hjelp til korrigering. (St. meld. nr. 66 (1975–76), s. 44).

Som følge av denne symptomdiskursen blei gyldige løysingar å gi ei form for hjelp der relasjon, likeverd og nettverksbygging stod sentralt. Det blei etablert behandlingsskollektiv og



oppsøkande verksemder der desse elementa var sentrale. Inspirert av Hassela-kollektivet<sup>8</sup> i Sverige nytta somme kollektiv tvang for å hjelp ungdomane fri frå rusen (Fekjær, 2004a). Det medisinske feltet var i liten grad involvert i behandlinga (Skretting & Storvoll, 2011). Både behandlingfeltet og den nasjonale rusmiddelpolitikken var prega av behandlingsoptimisme. I ein plan for auka innsats mot narkotikaproblema lagt fram i 1979 blei sosialfaglege tiltak, toll og politi presenterte som dei tre viktigaste ressursane i kampen mot narkotika (Skretting, 2014).

#### 1.4.2 Frå sosialfaglege tiltak til folkehelse og skadereduksjon

Utover på 1970-talet fekk ein folkehelsediskurs auka fotfeste i forståinga av alkoholproblem. I denne diskursen står helseskadar sentralt (Braaten, 2015). Det blei sett fokus på, blant anna gjennom ein WHO-rapport (Bruun et al., 1975), at alkoholbruk kunne føre til helseskadar og at skadeomfanget alkoholbruk har, er påverka av totalforbruket av alkohol i samfunnet. Medan avhaldsmodellen fokuserte på korleis åtferda til folk som misbrakte rusmiddel skapte vanskar for andre, er fokuset i folkehelsediskursen retta mot at den som drikk får helseskadar. Dette synet gjer rusproblemet til eit personleg problem, og opna opp for ei liberalisering av den norske alkoholpolitikken (Fekjær, 2004b). Utover 1990–2000-talet fekk folk auka tilgang til alkohol, og individets rett til å velje blei vektlagd. Det bærnde argumentet blei at alkoholen i seg sjølv ikkje er problemet, men at somme ikkje klarer å styre forbruket sitt. Løysinga var at *problemdrikkarane* fekk hjelp utan at *normaldrikkarane* blei ramma (Braaten, 2015).

Frå slutten av 1980-talet kom behandlingsoptimismen som hadde prega behandlinga av *stoffmisbrukarar* på 1970- og 80-talet, meir i bakgrunnen for ei uro for livssituasjonen til injeksjonsbrukarane. Det kom rapport på rapport om aukande tal overdosedødsfall, om forverring i helsetilstanden til injeksjonsbrukarar og om frykt for ein HIV/AIDS-epidemi (Skretting & Storvoll, 2011). Uroa førte til nye tiltak. I 1988 byrja ein å dele ut sprøyter, og i 1994 prøvde ein ut metadonassistert rehabilitering av 50 opiatavhengige stoffmisbrukarar i Oslo – eit forsøksprosjekt som var omstridt og kritisert av både politikarar og behandlingssapparat. Ei optimistisk tru på endring hadde fram til då vore sentral i arbeidet mot narkotikamisbruk. Å innføre metadonassistert behandling blei forstått som å gi opp trua på den einskildes evne til endring (Brandsberg-Dahl, 2000). Det nye synet spreidde seg likevel radikalt på få år. Alt i 1997 vedtok Stortinget at metadonassistert behandling skulle vere eit permanent og landsdekkande tilbod. Tiltaket var tenkt dimensjonert til 200–250 pasientar, men etter 1997 har

---

<sup>8</sup> Hasselakollektivet er eit svensk senter for rusbehandling oppretta i 1969. Kollektivets sosialpedagogiske metodikk fekk mykje merksemd i den sosialpolitiske debatten om korleis ungdomar med rusproblem best skulle hjelpast. Hasselakollektivet blei eit førebilete for mange norske kollektiv på 1970- og 80-talet

talet på personar med rusproblem som får substitusjonsbehandling auka drastisk. Aldersgrensa for kven som kan få tilbodet, er sett ned frå 30 til 25 år, inntakskriteria er blitt mindre restriktive og det er blitt opna for andre medikament enn metadon (Skretting & Storvoll, 2011). I 2013 var 7433 pasientar registrerte i substitusjonsbehandling (EMCDDA, 2016).

Utover 2000-talet blei det sett i verk ei rekke helse- og omsorgstilbod som hadde som mål å redusere skade meir enn å endre rusbruken. Til dømes sa sosialminister Magnhild Meltveit Kleppa i 1999 at det var uaktuelt å etablere sprøyterom i Noreg, medan Stortinget fem år seinare, i 2004, vedtok ei prøveordning med sprøyterom. I 2009 blei ordninga gjort permanent (Skretting & Storvoll, 2011). Samtidig fekk ei medisinsk forståing av rusproblem auka fotfeste (Skretting & Storvoll, 2011). Gjennom rusreforma i 2004 blei ansvaret for spesialisert rusbehandling helsevesenet sitt ansvar, då fylkeskommunens ansvar blei overført til staten i form av nyetablerte regionale helseføretak. Behandlingstilbodet blei definert om til *tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelmissbruk*, og lovreguleringa blei overført frå sosialtenestelova til spesialisthelsetenestelova. Personar med rusmiddelproblem fekk status som *pasientar* med pasientrettar.

Endringar i forståing av rusproblem er synleg også i korleis personane med rusproblem blir omtala. Medan *rusmisbrukar* var den dominerande omtalen i politiske dokument frå 1970-åra til opp i 2000-åra, er *rusmiddelavhengige* blitt den dominerande termen det siste tiåret (Skretting, 2014). Det medisinske perspektivets inntog i rusarbeidet er også synleg i korleis *pakkeforløp* og *sjukdomsforløp* er omgrep som siste åra er blitt brukt om rusbehandlinga (Meld. St. 11 (2015– 2016)). *Recovery* er eit anna omgrep som siste åra har blitt populært på rusfeltet i Noreg og i fleire andre land. Omgrepet *recovery* blir på den eine sida ofte presentert som noko udiskutabelt bra, men har på den andre sida eit mangetydig og omdiskutert meiningsinnhald (Berridge, 2012; Lancaster, Duke & Ritter, 2015; Neale et al, 2015).

#### 1.4.3 Sosialfagleg rusarbeid blir marginalisert

Den historiske gjennomgangen over viser at rusproblem og rusarbeid har hatt eit mangetydig og variert meiningsinnhald. Med skiftande kulturelle, ideologiske og politiske strøymingar har ulike forståingar, forklaringar og løysingar avløyst kvarandre opp gjennom tiåra. Gjennomgangen viser også at rusarbeidet har vesentleg andre institusjonelle og kulturelle rammevilkår i dag enn det hadde for berre ti-tjue år sidan. Endringane har mellom anna ført til ein endring i sosialfagets rolle. Frå å ha ein sentral og eksplisitt plass på 1970-talet og fram mot 2000-talet er sosialfagets plass i rusarbeidet no vesentleg meir uklar og perifer. Endringar i korleis

rusarbeid blir tematisert i lovverk som regulerer kommunale sosiale tenester, viser også teikn på at sosialfagleg rusarbeid har fått ein annan posisjon. I Lov om sosiale tenester (sosialtenestelova) av 13. desember 1991 blir sosialtenestas arbeid med rusproblem omtalt eksplisitt: «Gjennom informasjon og oppsøkende virksomhet skal sosialtjenesten arbeide for å forebygge og motvirke misbruk av alkohol og andre rusmidler, og spre kunnskap om skadevirkningar ved slik bruk» (§3-1). Kapittel 6 i sosialtenestelova gjer særleg greie for arbeidet overfor «rusmiddelmissbrukarar». Det blir presisert at sosialtenesta skal gi hjelp til familien til dei med rusproblem, og fleire aktuelle hjelpetiltak blir presentert, som støttekontakt, støtte på arbeidsplassen, kontakt med primærhelsetenesta og spesialisthelsetenesta. Lova poengterer sosialtenesta sitt ansvar for å leggje til rette for naudsynte tiltak etter behandlingsopphald. Lova inneheld også to vedtekter om tvangsbehandling.

I 2009 kom ei ny sosiallov: Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga. Lova kom som følgje av NAV-reforma og plasserte det kommunale sosialarbeidet inn under ambisjonane for NAV-reforma (Erlie, 2016). I denne lova blir arbeidslinja gitt auka fokus ved at «overgang til arbeid» blir presentert som formål, kvalifiseringsprogrammet blir presentert som eit sentralt arbeidsretta tiltak og arbeidsevnevurdering blir innført som ein lovfesta arbeidsmetode. Lova innfører også eit skilje mellom kommunale sosiale tenester av *økonomisk og arbeidsretta karakter*, og kommunale sosiale tenester av *helse- og omsorgskaraktar* (Kjelle, 2012). Den delen av kommunens sosiale tenester som har helse- og omsorgskaraktar, blei frå 1. januar 2012 flytta over til helse- og omsorgstenestelova. Éi teneste som gjennom denne lovteksten blir definert som å ha helse- og omsorgskaraktar er tenestene til personar med rusproblem. Med andre ord blir rusproblem gjennom denne lovendringa definert som helseproblem, og rusarbeidet som helse- og omsorgsarbeid. Som følgje av denne nye defineringa blir kapitla som i sosialtenestelova frå 1991 omhandla ansvaret for rusmissbrukarar, ikkje tekne med i den nye sosiallova, men overførte til den nye helse- og omsorgstenestelova som tredde i kraft i 2012 (Erlie, 2016). Den nye lova fører med andre ord til ei ny konstituering av kva sosiale tenester er: Rus blir i større grad definert som eit helseproblem, medan arbeidslinja i tydelegare grad blir skriven inn som ein del av dei kommunale sosiale tenestene (Erlie, 2016).

Den historiske gjennomgangen av rusarbeidet og av det sosiale arbeidets plass i dette viser korleis samfunnets reaksjonar mot rusbruk blir utforma i skjæringspunkt mellom helsediskursar, sosiale diskursar, juridiske diskursar, politiske diskursar og moralske diskursar. Gjennomgangen illustrerer også korleis endringar i kva diskursar som rår, får praktiske betydingar.

Alkohol sett som gift legitimerer arbeid mot eit alkoholfritt samfunn, medan alkoholproblem sett som ein individuell sjukdom legitimerer utvikling av profesjonelle behandlingstilbod. Narkotikabruk sett som teikn på sosial mistilpassing legitimerer relasjonelt orienterte hjelpe-tilbod, narkotikabruk sett som kriminell handling legitimerer straff, medan ein medisinsk forståing av narkotikamisbruk legitimerer medikamentell behandling. Diskursar legitimerer og forsterkar sosiale og institusjonelle strukturar samstundes som desse strukturane støtter og gjer gyldig dominante diskursar. Kva diskursar som rår, har også implikasjonar for kva posisjon sosialt arbeid har i rusarbeidet. Medan det kommunale sosiale arbeidets rolle var eksplisitt og breidt skildra i lovverket som var gjeldande på 1990- og 2000-talet, er det kommunale sosiale arbeidets rolle overfor rusproblem vesentleg meir uklår i vår samtid. Er det sosiale arbeidets funksjon primært å få folk i arbeid, eller er tiltak som hjelp til familien til dei med rusproblem og kontakt med spesialisthelsetenesta framleis legitime og gyldige arbeidsformer?

Dei mangetydige og varierte forståingane av rusproblem og rusarbeid som finst, gir grunnlag for fleire undersøkingar. Diskursane som er presenterte i dette kapittelet, er i all hovudsak analyserte fram gjennom at forskarane har retta merksemda mot det politiske nivået, og gjennom å studere politiske dokument. Det politiske nivået er ein viktige arena for å få innblikk i rådande diskursar, men det representerer ikkje heile biletet. Ein annan viktig arena er profesjonsutøvarnivået. Som Lipsky peikar på: «To the mix of places where policies are made, one must add the crowded offices and daily encounters of street-level workers» (1980 s. XIII). Profesjonsutøvarar har direkte møte med klientar og omset offentleg politikk til konkret praksis. Denne studien bidreg med meir innblikk i korleis forståingar av rusproblem og rusarbeid er kulturelt forankra ved å rette blikket mot profesjonsutøvarnivået og ved å utforske korleis profesjonsutøvarane si meiningsskaping er kulturelt forankra. Ved å studere korleis profesjonsutøvarane tek diskursive ressursar i bruk når dei fortel om praksis, gir avhandlinga innsikt i nokre av dei diskursive ressursar om rusproblem og rusarbeid som er tilgjengelege for profesjonsutøvarane i vår samtid, korleis desse blir brukte og korleis dei får betydning for det praktiske arbeidet.

## 1.5 Rusproblem og rusarbeid i Noreg i dag – omfang og organisering

Ifølgje retningslinjene til WHO har 17,5 prosent av befolkninga i Noreg eit risikofyllt alkoholforbruk (Halkjelsvik & Storvoll, 2015; Halkjelsvik & Storvoll, 2016). I 2013 døydde 384 personar som følgje av bruk av alkohol. Dei fleste dødsfall skjedde etter fylte 45 år, og 72 prosent var menn. I 2014 blei nær 6400 innlagde på sjukehus med hovuddiagnosar som knyter

seg til bruk av alkohol. 67.5 prosent av desse var menn (Skretting et al., 2015). Tala byggjer på registreringar der alkoholbruk er hovudårsaken, og inkluderer difor ikkje sjukdomstilfelle og dødsfall der alkohol er utløysande eller medverkande årsak (Skretting et al., 2015).

Talet på høgrisikobrukarar<sup>9</sup> av opioid var for 2013 berekna til å vere mellom 6700 og 14000 personar. Mellom 4900 og 14500 blei vurderte til å vere høgrisikobrukarar av cannabis, 8700–17100 høgrisikobrukarar av amfetamin (Skretting et al., 2015). Det er avgrensa med informasjon om samanhengen mellom bruk av narkotika og innleggingar i somatiske sjukehus (Skretting et al., 2015). Dødsfall som har narkotikabruk som hovudårsak, er i all hovudsak overdosedødsfall etter injisering av heroin. Det var ein sterk auke i overdosedødsfall i perioden 1989 (45 personar) til 2001 (405 personar). Deretter gjekk talet noko ned. Dei siste åra har talet på dødsfall lege på rundt 250 per år. Det er vesentleg fleire menn enn kvinner som dør av overdose. 60 prosent av dei som har døydd av overdose, var i alderen 15–45 år (Skretting et al., 2015).

I 2014 var om lag 27000 pasientar i behandling i tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddel-problem (døgn- og poliklinikk). Om lag 1/3 av pasientane hadde diagnosar knytte til misbruk av alkohol, 2/3 til narkotika/medikament. 30 prosent var kvinner og 70 prosent menn. Ved utgangen av 2014 var om lag 7500 pasientar i substitusjonsbehandling (Skretting et al., 2015).

Det finst inga samla systematisk oversikt over kva det kommunale tenestetilbodet omfattar, eller om bruken av slike tenester (Skretting et al., 2015). *Brukerplan* er eit kartleggingsverktøy nytta av ein del kommunar der tilsette i helse- og velferdstenestene registrerer personar med rusproblem som tek i mot kommunale tenester. For å bli inkludert i kartlegginga må personen ha motteke minst ei teneste i løpet av dei siste 12 månadene. Ved hjelp av dette kartleggingsverktøyet registrerte 222 (av 428) kommunar i alt nesten 19000 brukarar med rusproblem i 2015, noko som svarer til om lag 28000 personar på landsbasis (Håland, Lie, Nesvåg, & Stevenson, 2016). Datamaterialet frå Brukerplan viser at 70 prosent av brukarane er menn og at gjennomsnittsalderen er 42 år. 88 prosent av brukarane har teke imot tenester frå NAV, 90 prosent har teke imot helse- og omsorgstenester i kommunen og 38 prosent har teke imot tverrfagleg spesialisert rusbehandling. I kartlegginga blir brukarens funksjon på fleire område registrert, og funksjonsnivået blir rangert i tre kategoriar: *kode grøn* viser relativt god fungering,

---

<sup>9</sup> Forskarane bruker EUs narkotikabyrå, European Monitoring Centre for drugs and Addiction (EMCDDA) sin definisjon av høgrisikonarkotikabruk (*high risk drug use*): «recurrent drug use that is causing actual harms (negative consequences) to the person (including dependence, but also other health, psychological and social problems) or is placing the person at high probability/risk of suffering such harms» (Skretting et al., 2015, s. 266).

*kode gul* viser vesentlege negative konsekvensar for dagleg fungering og *kode raud* viser svært alvorlege konsekvensar for fungering. På grunnlag av opplysningar om ulike funksjonsområde er det laga ein indeks for samla funksjonsnivå. Personar med rusproblem som hadde eit samla funksjonsnivå som skåra raudt i 2015, var 56 prosent, noko som er ei stigning frå 2013 på 4 prosent. Ser ein på dei enkelte funksjonsområda, skåra 38 prosent raudt i området *arbeid og aktivitet*. 9 prosent skåra raudt på bustad, 15 prosent skåra raudt på økonomi, 9 prosent raudt på fysisk helse, 16 prosent raudt på psykisk helse, 13 prosent raudt på sosial fungering og 11 prosent raudt på sosialt nettverk (Håland et al., 2016).

### 1.5.1 Utfordringar og behov på rusfeltet

I april i 2016 vedtok Stortinget etter forslag frå Helse- og omsorgsdepartementet ein opptrappingsplan for rusfeltet for å styrke tilbudet til personar med rusproblem (Prop. 15 S (2015–2016)). Opptrappingsplanen gjer synleg ein del utfordringar og behov dei sentrale styremaktene opplever finst på rusfeltet. I planen blir det peika på at det finst særskilte utfordringar som ikkje i tilstrekkeleg grad er møtt med konkrete tiltak og verkemiddel, og at hovudinnsatsen blir retta mot kommunesektoren, då det er der utfordringane er størst. Planen poengterer vidare at «å oppdage, identifisere og iverksette effektive tiltak overfor personer som står i fare for eller er i ferd med å utvikle et rusproblem gjøres for sent i dag» (s. 6) og at «mennesker med alvorlige rusproblemer og psykiske problemer får i dag i for liten grad sammenhengende og koordinerte tjenester» (s. 21). Det blir vist til at breidda og dei ulike behova på feltet krev eit vidt spekter av kompetansar. «Blant anna er det behov for sosialfaglig kompetanse» (s. 30). Planen slår vidare fast at det er «behov for å styrke tilbudet som kan bidra til en meningsfull hverdag, fremme mestringsevne og sosial inkludering» (Prop. 15 S (2015–2016), s. 47) og at «det er en utfordring at mange ansatte i helse-, omsorgs- og velferdstjenestene mangler basiskunnskap både om rus og avhengighetsproblematikk og hyppig forekommende tilleggspromatikk hos mennesker med rusproblemer» (s. 20). Andre utfordringar er manglande brukarmedverknad og at berre 13 prosent av kartlagde personar med rusproblem var registrerte med individuell plan (s. 16). Det blir gjort tydeleg at «det er et mål for regjeringen at en økt andel personer med rusproblemer oppnår bedre skår på samlet funksjonsnivå i Brukerplan» (s. 7). Regjeringa skisserer fem hovudmål for den auka satsinga: (1) sikre reell brukarmedverknad, (2) sikre at personar som står i fare for å utvikle eit rusproblem, blir fanga opp og gitt hjelp tidleg, (3) sikre at alle møter eit tilgjengeleg, variert og heilskapleg tenesteapparat, (4) sikre at alle har eit aktiv og meiningsfylt tilvære, og (5) utvikle og auke bruken av alternative straffereaksjonar. I opptrappingsplanen blir det vidare peika på at det «det er stor mangel på forskning på de

kommunale helse- og omsorgstjenestene» og at det er behov for å styrke kunnskapsgrunnlaget slik at «vi vet mer om hvilken kunnskap kommunene etterspør, hvordan denne kunnskapen bør formidles og i hvilket format kunnskapen bør presenteres for å sikre at kommunene tar den i bruk i» (Prop. 15 S (2015–2016) s. 31).

### 1.5.2 Organisering

Rusfeltet er prega av eit stort mangfald av tenester og tiltak, frå lågterskelomsorgs tiltak til tverrfagleg spesialisert behandling. Tilboda er baserte på ulike behandlingsfilosofi og metodikk (Prop. 15 S (2015–2016)). Ansvar for behandling og oppfølging av personar med rusproblem er delt mellom kommune og stat. Kommunen har eit heilskapleg og gjennomgåande ansvar, medan staten, ved dei regionale helseføretaka, har ansvar for å dekke behovet for spesialisert behandling. I tillegg har fylkeskommunen ansvar for å tilby somme grupper vederlagsfri tannhelseteneste (Skretting et al., 2015). Private aktørar og ideelle og frivillige organisasjonar tilbyr tenester som supplerer dei offentlege tenestene.

Det tverrfagleg spesialiserte rusbehandlingstilbodet omfattar avrusing, akutt behandling, utgreiing og spesialisert behandling i poliklinikk eller døgninstitusjon, institusjonsplassar for tvangsinnlegging og legemiddelassistert rehabilitering (LAR) (Prop. 15 S (2015–2016)). Det var i 2014 om lag 13600 innleggingar og om lag 590000 polikliniske konsultasjonar innan tverrfagleg spesialisert behandling. Ein vesentleg del av pasientane hadde fleire innleggingar (Prop. 15 S (2015–2016)).

Kommunens ansvar dekker førebygging, kartlegging, diagnostikk og funksjonsvurdering, tidleg hjelp og behandling, rehabilitering, inntektssikring, oppfølging i bustad, institusjonsplass, psykososial støtte og rettleiing, støtte til pårørande og tilvising til og samarbeid med spesialisthelsetenesta med meir (Prop. 15 S (2015–2016)). Det er stor variasjon i korleis det kommunale tenestetilbodet til personar med rusproblem er organisert. Oppgåvene er lagt til ulike einingar som det lokale NAV-kontoret, fastlege, skulehelseteneste, psykisk helseteneste, rusteneste, oppsøkjande og heimebaserte tenester eller aktiviseringstiltak (Regjeringen.no, 2013). Det finst ingen sentral, systematisk rapportering over omfang og bruk av ulike kommunale tenester, som for eksempel døgnplassar for personar med rusproblem i kommunal regi, lågterskeltilbod, oppfølging i bustad og sprøyteutdeling (Skretting et. al, 2014).

Undersøkingane som er gjort, viser at NAV er ein sentral aktør i det kommunale rusarbeidet. Sjølv om kartleggingane viser noko ulike tal, er eit fellestrekk i studiane at majoriteten av

kommunane har lagt rusarbeid heilt eller delvis inn i NAV. Rambølls rapport (2014) på kommunalt rusarbeid i 2013 viser at 59 prosent av kommunane organiserer rusarbeidet heilt eller delvis i NAV. 24 prosent av kommunane hadde organisert heile tenestetilbodet i NAV, 35 prosent hadde organisert tenestene både i og utanfor NAV medan 41 prosent hadde organisert tenestene utanfor NAV. AFI si registrering viste at i 2008 organiserte vel 80 prosent av kommunane rusarbeidet i NAV (N = 37) og vel 60 prosent i 2014 (N = 44), medan Aars og Christensen (2011) fann at 77 prosent (N = 469) av kommunane har lagt rusarbeid inn i NAV. Kartleggingane viser at små og store kommunar i større grad har teke rusarbeidet inn i NAV, enn mellomstore kommunar har gjort (Aars & Christensen, 2011). Kartleggingane viser også ein tendens til at fleire kommunar dei siste åra har valt å trekke rusarbeidet ut av NAV. Når rustenestene blir flytta ut av NAV, synest rustenesta å bli organisert i tilknytning til helsetenester i kommunen (Aars og Christensen 2011).

### 1.5.3 NAV

NAV-reforma blei vedteken i 2005 og gjennomført frå 2006. Reforma samla arbeidsmarknadsetaten (Aetat), trygdeetaten og deler av den kommunale sosialtenesta i eitt kontor: NAV-kontoret. NAV-reforma er både ei organisatorisk reform som endra organiseringa av velferdstenestene, og ei innhaldsreform som førte til endringar i stønadssystem, arbeidsverktøy og arbeidsmetodar (Andreassen & Fossetøl, 2011). Bakgrunnen for reforma var i hovudsak knytt til to forhold. For det første ønskte ein å få fleire i arbeid og færre på trygd. Arbeidslinja har vore konstituerande for norsk velferdspolitik i heile etterkrigstida, men har fått eit auka fokus dei siste 15 åra. Med NAV-reforma fekk arbeidslinja eit både sterkare og breiare fokus. Med NAV-reforma blei målgruppa som skulle i arbeid og aktivitet utvida til også å gjelde dei som stod relativt langt frå arbeid (Prop. 46 S (2004–2005)). Det andre forholdet som låg bak reforma var eit ønskje om å gi meir brukarorienterte, heilskaplege og individuelt tilpassa tenester. Tenestene hadde fått kritikk for vere for lite koordinerte og effektive, og for at brukarar med samansette behov blei kasteballar mellom ulike velferdssystem. Gjennom reforma skulle brukarar som hadde behov for hjelp frå fleire ulike kontor, få eit betre tilbod. Manglande måloppnåing i gjennomføringa av arbeidspolitikken og ei for lite koordinert forvaltning hadde også ført til for lite effektiv ressursbruk (Meld. St. 33 (2015–2016)). I lys av dette formulerte styresmaktene tre hovudmål for NAV-reforma:



- Fleire skulle ut i arbeid og aktivitet, og færre på stønad.
- Tenestene skulle bli enklare å bruke og betre tilpassa brukarane sine behov.
- Arbeids- og velferdsforvaltninga skulle bli meir heilskapleg og effektiv.

Forskarar har peika på at måla var vide, komplekse og utfordrande å kombinere. Evalueringar viser at mest fokus har vore på å få fleire i arbeid og aktivitet (Fossestøl, Breit & Borg, 2014; Lødemel & Moreira, 2014; Læg Reid & Rykkja, 2014).

Dei lokale NAV-kontora er kjernen i NAV-reforma – der måla med reforma skal realiserast. 456 lokale NAV-kontor, som ligg spreidd rundt i Noregs kommunar, forvaltar årleg om lag ein tredjedel av statsbudsjettet. Dei lokale NAV-kontora har hovudansvaret for brukarkontakt og brukaroppfølging. Alle brukarar skal kunne gå inn ei dør og møte ei eining som har fokus på dei hjelpebehova brukaren har.

Stat og kommune eig NAV-kontoret saman gjennom ein partnarskapsavtale som mellom anna avgjer korleis kontoret skal bli leia. Utover økonomisk stønad, opplysning, råd og rettleiing, mellombels bustadtilbod, individuelle planar og arbeid med kvalifiseringsprogrammet står kommunane fritt til sjølv å velje kva kommunale tenester kommunen vil leggje inn i NAV-kontoret. Storparten av kommunane har lagt inn tenester som rusarbeid, bustadsosiale tiltak, gjeldsrådgiving og flyktingarbeid (Andreassen, 2008). NAV-kontoras storleik varierer etter kor store kommunane er og kor mange tenester dei har lagt inn i kontoret. 1/3 av kontora har tre eller færre tilsette, dei største over 100 tilsette (Hansen, Lundberg, & Syltevik, 2013).

Kontora har to styringslinjer: ei kommunal linje som går til rådmann/administrasjonssjef og kommunestyre i kommunen, og ei statleg linje som går til NAV-etatens fylkesdirektør, Arbeids- og velferdsdirektoratet og Arbeidsdepartementet. Ved at NAV-kontora har to eigarar, har kontora to ulike personalreglement, driftsbudsjett og rapporteringssystem.

NAV samarbeider med ei rekke tiltaksarrangørar som gjer delar av arbeidet for NAV, som arbeidstrening og arbeidsutprøving. Undervegs i gjennomføringa av reforma er det også blitt oppretta forvaltningseiningar på fylkesnivå som skal forvalte avklaringar og utrekningar av den einskilde sin rett til statlege ytingar. Det er også blitt etablert eigne kontaktsenter som skal handtere telefoniske førespurnader (Andreassen, 2008).

## Formål

Som følgje av det omfattande tenestetilbodet NAV skal tilby, har dei lokale NAV-kontora eit vidt oppdrag der dei skal tilby ei rekke tenester til ulike brukargrupper med ulike behov. I arbeids- og velferdsforvaltningslova (NAV-lova) § 1 blir NAV-kontorets målsetjingar skildra:

Formålet med loven er å legge til rette for en effektiv arbeids- og velferdsforvaltning, tilpasset den enkeltes og arbeidslivets behov og basert på en helhetlig og samordnet anvendelse av arbeidsmarkedsloven, folketrygdloven, lov 18. desember 2009 nr. 131 om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen og andre lover som forvaltes av arbeids- og velferdsforvaltningen. Arbeids- og velferdsforvaltningen skal møte det enkelte mennesket med respekt, bidra til sosial og økonomisk trygghet og fremme overgang til arbeid og aktiv virksomhet.

Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga (sosialtenestelova) regulerer dei kommunale sosiale tenestene som er obligatoriske i NAV. §1 presenterer formålet slik:

Formålet med loven er å bedre levekårene for vanskeligstilte, bidra til sosial og økonomisk trygghet, herunder at den enkelte får mulighet til å leve og bo selvstendig, og fremme overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltakelse i samfunnet. Loven skal bidra til at utsatte barn og unge og deres familier får et helhetlig og samordnet tjenestetilbud. Loven skal bidra til likeverd og likestilling og forebygge sosiale problemer.

Arbeidet med målsetjingane blir regulert gjennom ei omfattande målstyring (Andreassen, 2008). Målstyringa kjem frå departementet til direktoratet gjennom mål- og disponeringsbrev som blir konkretiserte i fylkesledda. Det blir også utvikla kommunale mål, men forskning tyder på at det er dei statlege måla som får mest fokus (Andreassen, 2008).

## Organisering

Medarbeidarane i NAV blir oftast omtala som rådgjevarar. Som konsekvens av at NAV-kontoret skal fungere som éi dør for brukarane, var idealet at rådgjevarane var «generalistar» med ein viss basiskunnskap om heile spekteret av NAVs oppgåver og tilbod (Andreassen, 2008). Etter kvart har mange kontor gått vekk frå dette idealet, og heller fordelt oppgåvene etter ulike spesialiseringsprinsipp, utan at det har vore kartlagt og systematisert kva spesialiseringsprinsipp som skal liggje til grunn (Andreassen, 2008; Helgøy, Kildal & Nilssen, 2013). Ofte blir oppgåvene delte i *mottak* og *oppfølging*, der dei som jobbar i oppfølging jobbar meir

spesialisert enn dei som jobbar i mottak (Andreassen, 2008). Vidare blir brukarane fordelte etter kva ytingar dei har (*dagpengar, kvalifiseringstønad, sosialhjelp*) eller fordelte etter ei vurdering av kva behov for innsats dei treng for å kome i arbeid (*standard innsats, situasjonsbestemt innsats, spesielt tilpassa innsats, varig tilpassa innsats*). I tillegg er oppfølgingsarbeidet ofte fordelt på grupper av tilsette som jobbar med utvalde ytingar eller brukargruppe (*flykting, ungdom, rus*). Somme brukarar blir gråson brukarar som ikkje fell inn under nokon kategori (Fossestøl et al., 2014).

Forsking viser at mange tilsette ved NAV-kontora opplever stor arbeidsbelastning og manglande bemanning (Fossestøl et al., 2014). Fossestøl, Breit og Borg (2014) finn gjennom ei spørjeundersøking at over 90 prosent at dei tilsette meiner at den største utfordringa med NAV-reforma er manglande personalressursar. Kombinasjonen av mange brukarar og tydelege og målbare krav frå dei overordna blir erfart som belastande. 6 prosent av rådgjevarane meinte at brukarane fekk den oppfølginga dei hadde krav på, medan 90 prosent meinte at over halvparten eller over 2/3 av brukarane hadde behov for tettare oppfølging enn dei fekk.

Som dette innleiingskapittelet viser, er kommunalt rusarbeid ei verksemd utforma i eit komplekst spenningsfelt mellom ulike kulturelle forståingar, institusjonelle rammer og ressursar og handlande aktørar. Etableringa av NAV-kontora i Noreg og karakteristikkar ved desse kontora, som generalisttenkinga, målstyring og fokuset på arbeidslinja, er ikkje unikt for Noreg, men synest å trekke på fleire internasjonale utviklingstrekk som set nye rammar for velferdsarbeidet. I neste kapittel vil eg presentere nærare forskingsbidrag som gjer synleg korleis dei institusjonelle og kulturelle rammer for velferdsarbeid har endra seg. Eg vil også presentere forskning som studerer korleis forståinga av rusproblem er kulturelt forankra. Desse forskingstradisjonane gir begge eit interessant bakteppe for analysane mine.



## Kapittel 2. Rusproblem og rusarbeid studert som diskursive felt.

I dette kapittelet presenterer eg forskning frå to av dei kunnskapsområda eg finn mest relevante for avhandlinga mi: (1) forskning på samtidas kulturelle og institusjonelle rammer for sosialfagleg praksis, inklusiv sosialfagleg forskning på NAV, og (2) forskning som har som premiss at rusproblem og rusarbeid er sosialt og kulturelt konstituerte. Måten eg kategoriserer forskinga i ulike forskingstradisjonar på, byggjer på forskingspremissane og forskingsspørsmåla eg fokuserer på som følgje av avhandlingas kunnskapsambisjon. Forskinga eg presenterer er lokalisert i ein vestleg kulturell kontekst.

### 2.1 Utviklingstendensar i vilkåra for sosialfagleg praksis

Ein del forskning peikar på endringar i dei institusjonelle og kulturelle rammene for sosialt arbeid, og drøfter korleis desse endringane skaper nye hjelpar- og klientposisjonar og nye handlingsrom for utforming av det sosialfaglege arbeidet. Denne forskinga gjer synleg at det går føre seg diskursive endringar som har implikasjonar for det sosialfaglege arbeidet. Eg vil her peike på sju utviklingstrekk som set nye rammar for det sosialfaglege arbeidet:

Eit utviklingstrekk som fleire forskarar peikar på, er korleis neoliberale strøymingar fører til ei auka vektlegging av klientens ansvar og autonomi i endringsarbeidet (Järvinen & Mik-Meyer, 2012; Villadsen, 2004). Implisitt i desse forventingane til klientrolla er ei forståing av – og ei forventing til – at klienten har plikt og rett til å ta ansvar for eigen situasjon og endringsprosess (Berger & Eskelinen, 2015; Järvinen & Mik-Meyer, 2003; Liebenberg, Ungar, & Ikeda, 2015). Innanfor den neoliberale diskursen blir profesjonsutøveren meir ein tilretteleggjar enn ein ekspert, der hjelparen skal medverke til at klienten hjelper og utviklar seg sjølv (Järvinen & Mik-Meyer, 2012).

Eit anna trekk forskarar peikar på, er den auka påverknaden ein biomedisinske diskurs har fått i sosialt arbeid (Gomory, Wong, Cohen & Lacasse, 2011; Dziegielewski, 2013). Innanfor den biomedisinske diskursen blir vanskar kategoriserte i medisinske termar, vanskar blir gitt biologiske forklaringar, og medisinerer blir ei sentral løysing. Innanfor denne diskursen blir dei som har kunnskap om biomedisinske meiningssamanhengar posisjonerte som ekspertar. Den biomedisinske diskursens påverknad på sosialt arbeid er mellom anna synleg i korleis medisinske ekspertar får ei vesentleg rolle i å definere og vurdere behov og rettar klientar har, til dømes rett til økonomiske ytingar (Gomory et.al, 2011).

Eit tredje trekk ved dagens velferdsarbeid er eit auka fokus på standardisering av arbeidsoppgåver og rapportering av resultat. Forskarar peikar på at det har vore ei utvikling av nye styringsdiskursar der profesjonsutøvarar i større grad enn før skal gjennomføre standardiserte oppgåver og rapportere om korleis dei har løyst oppgåvene. Denne tendensen blir ofte omtala som *målstyring* eller *New Public Management* (Ekeland & Heggen, 2007; Healy, 2014; Järvinen & Mik-Meyer, 2012; Karlsson, 2015; Spitzmueller, 2014).

Eit fjerde trekk er at ansvarsområdet til dei profesjonelle er blir meir omfattande og diffuse: Ein må gjere eit omfattande fortolkingsarbeid for å definere problema klienten har (Järvinen & Mik-Meyer, 2012). I antologiane *At skape en klient* (Järvinen & Mik-Meyer, 2003) og *Turning troubles into problems* (Gubrium & Järvinen, 2013) set forskarane søkjelyset på fortolkingsarbeidet, og dei utforskar korleis klientskaping er ein prosess der komplekse erfaringar blir gjort om til attkjennande problem. Forskingsbidraga viser korleis institusjonelle og kulturelle forhold verkar inn på korleis klienten og problemet blir definert og kategorisert, og korleis kategoriseringsprosessen verkar inn på kva tenester klienten får, kva mål som blir sett for arbeidet og kva verkemiddel som blir teke i bruk for å nå måla.

Ein femte tendens som dagens forskning peikar på, er ein tendens til individfokusering i det sosiale arbeidet (Hanssen, Hutchinson, Lyngstad, & Sandvin, 2015; Järvinen & Mik-Meyer, 2012; Järvinen & Mik-Meyer, 2003). Forskarar peikar på ein dominerande tendens til å sjå og forstå klientens vanskar innanfor ei individualpsykologisk diskurs, som teikn på sjukdom, manglande motivasjon, uheldige haldningar, manglar i ferdigheiter og liknande (Brinkmann, Petersen, Kofod, & Birk, 2014; Hanssen et al., 2015; Harper, 2014; Jørgensen, 2016), medan klientens eiga forståing ofte handlar om sosiale og strukturelle hindringar (Järvinen & Mik-Meyer, 2012).

Ein sjettestendens i vår samtid er større vekt på *arbeidslinja* – eller *aktivering*, som det blir omtalt som internasjonalt. *Aktivering* viser til nye typar av sosialpolitiske tiltak og tenester som har som mål å få fleire arbeidsledige eller trygda i arbeid eller aktivitet (Van Berkel & Borghi, 2008). Spesielt dei siste 15 åra har aktivering blitt eit hovudmål for velferdspolitikken i mange land i Europa, blant anna Noreg, Storbritannia, Nederland, Tyskland og Danmark. Målet om å få fleire i arbeid eller aktivitet har ført til omfattande reformer og blitt ein sentral premis for korleis velferdstenestene blir utforma (Heidenreich & Graziano, 2014). Studiar viser at aktiveringspolitikken påverkar sosialarbeidarens forventningar til klienten, samhandlinga

mellom klient og hjelpar og utforminga av tenestene (Caswell et al., 2013; Hansen et al., 2013; Møller, 2012; Møller & Stone, 2013).

Det siste utviklingstrekket eg vil presentere, er fokuset på å utvikle integrerte modellar for tenesteyting. Ei fragmentering av velferdssystemet har i auka grad blitt framstilt som eit problem med tenesteytinga. Denne kritikken har resultert i ein auke i organisatoriske reformer der to eller fleire kontor blir slått saman til eitt. Formålet er å gi betre og mindre fragmenterte tenester ved å samle dei og slik gi eit saumlaust og integrert tenestetilbod. NAV-kontoret er ein slik *one-stop shop*. Liknande kontor er blitt etablerte i Danmark, Finland, Tyskland, Nederland og Storbritannia med fleire (Minas, 2014). Sjølv om «*one-stop shop*» blir brukt som eit felles internasjonalt omgrep, varierer strukturen i kontora og tenestetilboda mykje (Minas, 2014). Noreg blir presentert som eit av dei landa som har gjennomført dei mest omfattande strategiane for å integrere tenester (Minas, 2014; Van Berkel & Borghi, 2008). Behovet for integrering av tenester er nært knytt til aktiveringspolitikken. Personar med ein svak tilknytning til arbeidslivet har ofte samansette vanskar og har behov for hjelp frå ulike velferdstenester. Eit mål med å integrere arbeids-marknadstiltak, økonomiske ytingar og sosiale tenester er å få denne gruppa i arbeid og aktivitet (Minas, 2014).

Fleire norske forskingsbidrag diskuterer kva etableringa av NAV-kontora har ført til av endringar for det sosiale arbeidets rolle og utforming (Erlie, 2016; Helgøy et al., 2013; Røysum, 2012). Røysum (2013) finn i ein kvalitativ analyse at sosialarbeidar-rolla er under press. Ho diskuterer om heilskapsforståinga, som dannar grunnlaget for generalisttenkinga i *one-stop-shop*-tenden, skil seg frå generalisttilnærminga i sosialt arbeid. Røysum peikar på at dei nye kontora fører til ei avgrensing av generalisttenkinga, og ein tendens til ikkje-spesialisert tilnærming til klientarbeidet. Erlie (2016) viser i ei omgrepshistorisk undersøking av sosialt arbeid at NAV-reforma har ført til større grad av arbeidsretting av det sosialfaglege arbeidet. Erlie poengterer også ulikskapar i korleis *heilskapleg* blir forstått. Medan *heilskapleg* i rammeplanen for sosionomutdanninga viser til eit fagleg perspektiv på menneske, vanskar og løysingar, blir omgrepet teke i bruk med nytt innhald i NAV-lova frå 2009. I NAV-lova viser *heilskapleg* til eit prinsipp for organisering av tenester (Erlie, 2016). Helgøy, Kildal og Nilssen (2011) fann – gjennom intervju med leiarar og tilsette i NAV – at dei tilsette i stor grad støtta generalistidealet som låg til grunn for reforma, men at det var vanskeleg å foreine dette idealet med krav om effektivitet og produktivitet. Vidare fann dei at generalistidealet bryt ned kompetanseskilje og medverkar til ei nedvurdering av sosialarbeidarane sin særeigne profesjonskompetanse. Hansen og Natland (2016) finn at sosialarbeidarar bruker ulike

tilnærmingar i klientarbeidet, og at sosialt arbeid kan bli utforma innanfor ein aktiveringskontekst utan at det bryt med sosialfaglege ideal som *brukarmedverknad* og *empowerment*. Helgøy, Kildal og Nilssen (2013) finn derimot at sosialarbeidarane har blitt meir arbeidsretta og at ei ny rådgjevarrolle er i ferd med å tre fram ved NAV-kontora. I den nye rådgjevarrolla er det fokus på arbeidsretting, og generalistmodellen er blitt mindre tydeleg.

Det har med andre ord skjedd vesentlege institusjonelle endringar i rammevilkåra for sosialt arbeid dei siste åra, og det er grunn til å tru at endringane fører til nye hjelpar- og klientposisjonar og nye utformingar av det sosialfaglege arbeidet. Utviklingstrekka som er presenterte er teikn på at det har vore vesentlege endringar i moderne tid i kva diskursive ressursar som sirkulerer knytt til velferdsarbeid, og at det i vår samtid eksisterer ulike diskursar ved sida av kvarandre. Dette viser relevansen av denne studien si problemstilling, og gir eit interessant bakteppe for analysane avhandlinga byggjer på. Utviklingstrekka eg har presentert tilbyr ulike sett av diskursive ressursar som eg kan finne att i det empiriske materialet denne avhandlinga byggjer på. I artiklane og i avslutningskapittelet kjem eg meir inn på korleis diskursar som *aktiveringsdiskursen*, *målstyringsdiskursen* og *integreringsdiskursen* er vovne inn i rådgjevaranes snakk. Utforskinga av praksisforteljingane til profesjonsutøvarane gir såleis innsikt i korleis sider ved samtidas kulturelle og institusjonelle rammer for velferdsarbeidet blir aktualiserte og forhandla om i det daglege arbeidet.

## 2.2 Rusproblem som sosialt og kulturelt konstituert

Ein stod del av forskning på rusproblem og rusarbeid er omfangs- eller effektundersøkingar. Dette er forskning som har som mål å kartleggje omfanget av rusmiddelbruk og misbruk i befolkninga, eller å evaluere eller kvalitetsvurdere tiltak i rusarbeidet. Denne forma for forskning har gitt relevant og interessant kunnskap om rusmiddelproblem og rusarbeid, men det er ein del av kompleksiteten ved rusarbeid og rusproblem denne typen forskning ikkje fangar. Denne forma for forskning gjer oftast ikkje kulturell kontekst relevant, og tek utgangspunkt i etablerte konseptualiseringar av rusproblem utan å problematisere desse (Ruuska, 2013; Sulkunen, 2013).

Ein annan sentral forskingsposisjon på rusfeltet er forskingsbidrag som søker å definere og forklare rusproblemets essens. Representantar frå mange ulike fagområde, som nevrofysiologi, psykologi, sosiologi, antropologi og filosofi har gitt forklaringsmodellar til kva rusproblem – eller avhengigheit, som er den dominerande konseptualiseringa – er. Enkelte forskarar argumenterer for at rusbruk er eit rasjonelt val (Becker & Murphy, 1988), andre at avhengigheit er ei valforstyring (Heyman, 2009), ei motivasjonsforstyring (West & Hardy, 2006) eller ein



motivasjonskonflikt (Ainslie, 2001; Skog, 2003; Skog & Elster, 1999). Andre igjen hevdar at rusbruk er ein sjukdom (Gipson & Kalivas, 2016; McLellan et al., 2014), resultat av sjølvmedisinering (Farrell et al., 2001; Gelkopf, Levitt, & Bleich, 2002), knytt til personlegdomstrekk (Cloninger, 1987; Conway, Kane, Ball, Poling, & Rounsaville, 2003; Stautz & Cooper, 2013) eller resultat av sosiale tilhøve (Alexander, 2012; Tootle, Ziegler, & Singer, 2015).

Ulike forskingstradisjonar har ulike forskingsinteresser, konstruerer forskingsobjektet ulikt og stiller ulike forskingsspørsmål. Korleis forskarar studerer rusproblem og rusarbeid er knytt til teoretiske premissar om kva som er sentrale sider ved rusproblem og rusarbeid. Medan dei nemnde forskingsposisjonane på kvar sin måte søkjer å gi svar på kva essensen i rusproblem og rusarbeid er eller bør vere, retter dette kunnskapsprosjektet seg inn mot å utforske korleis subjektet tek i bruk tilgjengelege kulturelt forankra meiningssamanhengar. Forskingsinteressa mi er ikkje å finne essensen i kva rusproblem *er*, eller å evaluere rusarbeidet, men å studere konseptualiseringa av rusproblem og avhengigheit som kulturelt situerte fenomen med varierende meiningsinnhald.

Internasjonale studiar som har gjort kulturell kontekst relevant har gitt fleire bidrag som gir innsikt i korleis betydningar av rusproblem og utforminga av rusarbeidet er forankra i kulturell kontekst. Éin studie som samanlikna forståingane av alkoholproblem blant profesjonsutøvarar frå ulike land, fann at om profesjonsutøvarane var frå Frankrike eller Finland hadde større betydning for variasjon i forståingar enn dei andre variablane som blei undersøkte, som profesjonsbakgrunn, arbeidserfaring, eigen ruserfaring, kjønn og arbeidsstad (Koski-Jännes et al., 2016). Forskarane poengterer at studien viser korleis «the socio-cultural context modifies ‘professional common sense’ about alcohol addiction» (s. 7). Nasjonal tilhøyrse var også den viktigaste faktoren når skilnadar i forståingar av narkotikaproblem hjå profesjonsutøvarane blei undersøkte (Simmat-Durand & Koski-Jännes, 2015). Betydninga av kulturell kontekst blir også poengtert i Russell, Davies og Hunters (2011) studie av skilnadene mellom nordamerikanske og britiske profesjonsutøvarar sine forståingar av rusproblem. Studiar av allmenta sine forståingar viser også at kulturell kontekst har vesentleg betydning for korleis befolkninga forstår rusproblem og for korleis dei tenker problemet best kan møtast (Blomqvist, Koski-Jännes, & Cunningham, 2014), og at det er små skilnader mellom allmenne og profesjonelle forståingar (Koski-Jännes, Hirschovits-Gerz, Pennonen, & Nyssønen, 2012). Studiar viser at hjelpearar opplever seg usikre i arbeid med rusproblem, og at det finst klientgrupper der profesjonsutøvarane har lite tru på at dei kan medverke til endring av rusproblemet (Hutchinson, Galvani, & Dance, 2013; Järvinen, 2002; Järvinen, 2014; Järvinen & Andersen, 2009). Studiar

viser også at førestillingar om ulike typar rusmiddel (Blomqvist, 2012; Samuelsson, Blomqvist, & Christophs, 2013), om kjønn, alder, sosioøkonomiske situasjon og familiesituasjon (Leissner & Hedin, 2001; Lundeberg & Mjåland, 2009; Mattsson, 2005; Samuelsson & Wallander, 2014, 2015; Skogens, 2007) innverkar på korleis rusproblemet og rusarbeidet blir gitt betydning. Moore & Fraser (2013) viser korleis organiseringa av hjelpesystemet byggjer på bestemte førestillingar om avhengigheit og korleis desse rådande forståingane er med på å produsere avhengigheit. Andre undersøkingar viser korleis sentrale nemningar i hjelpetilboda som *tilbakefall* (Carter, 2014), *måloppnåing* og *framsteg* byggjer på uklare og mangetydige forståingar av avhengigheit og behandling (Savic & Fomiatti, 2016).

Eit sentralt tema i forskinga som studerer rusproblem som sosialt og kulturelt konstituert, har vore å undersøkje korleis den rusmisbrukande sitt ansvar blir forstått. Fleire forskingsbidrag har vist korleis forståingar av ansvar varierer etter korleis rusproblemet blir definert (Blomqvist et al., 2014; Koski-Jännes, Hirschovits-Gerz, & Pennonen, 2012; Melberg, Henden, & Gjelsvik, 2013; Palm, 2004), etter kva rusmiddel klientane bruker (Koski-Jännes et al., 2012; Samuelsson, 2015) og etter kva land hjelparane jobbar i (Egerer, 2014; Russell et al., 2011).

Studiar viser også korleis hjelparens forståingar av rusproblem innverkar på korleis klientane opplever vanskane sine og endringspotensialet sitt (Andersen, 2015; Järvinen, 2014; Järvinen & Ravn, 2015), og at sjølvoppfatninga til rusbrukarar blir påverka av rådande kulturelle oppfatningar av rusbruk og rusproblem (Copes, 2016; Copes, Leban, Kerley & Deitzer, 2016; Thommesen, 2009, 2015).

Dei nemnde forskingsbidraga viser relevansen av å inkludere kulturell kontekst når forståingar av rusproblem og utforminga av hjelpetilbod blir studert, og viser korleis forståingar av rusproblem både er varierte og multidimensjonale. Storparten av dei presenterte forskingsbidraga har undersøkt korleis rusproblem og rusarbeid blir gitt betydning ved bruk av surveydata og kvantitative analysar. Avhandlinga mi tilbyr eit anna kunnskapstilbod ved å ha ein annan type empirisk materiale og ei anna form for analytisk tilnærming. Ved at det empiriske materialet avhandlinga byggjer på, er rikt på meiningsmetta skildringar av konkrete arbeidserfaringar profesjonsutøvarar har hatt, og ved at eg er inspirert av diskurspsykologisk forsking i analysen, gir avhandlinga analysar som gjer synleg meir av det mangetydige og dynamiske ved korleis rusproblem og rusarbeid blir gitt mening. Analysane gir også innblikk i kva sosiale konsekvensar dei kulturelle førestillingane har.

## Kapittel 3. Teoretisk rammeverk

I dette kapitlet skal eg gjere greie for dei teoretiske tilnærmingane eg brukar i studien av diskursive ressursar i rusarbeidet. Desse tilnærmingane dannar utgangspunktet for kva sider ved rusproblem og rusarbeid eg i denne studien ser *på*, og kva perspektiv og omgrep er vel å sjå rusproblem og rusarbeid *med*. Dette kapitlet heng tett saman med det neste kapitlet, som viser korleis den empiriske undersøkinga blei utforma og gjennomført. Eg vil i dette kapitlet først presentere dei ulike teoretiske tilnærmingane eg brukar før eg har ein kort diskusjon av korleis dei ulike perspektiva utfyller kvarandre. Eg gir deretter ein presentasjon av dei mest sentrale analytiske omgrepa.

### 3.1 Eit sosialkonstruksjonistisk vitskapssyn

Eit sosialkonstruksjonistisk<sup>10</sup> vitskapssyn dannar utgangspunktet for kunnskapsambisjonane i studien. Det sosialkonstruksjonistiske vitskapssynet har lagt sentrale premisser for det analytiske fokuset, for teoretisk orientering og for den praktiske gjennomføringa av studien. Sosialkonstruksjonisme er ein merkelapp på ei tverrdisiplinær tilnærming som har røter til Berger og Luckmanns klassiker *The social construction of reality* (1966), og som har blitt vidareutvikla av forskarar innanfor ulike forskingstradisjonar. Det sosialkonstruksjonistiske perspektivet tilbyr grunnleggjande påstandar om vitskap og om språk som dannar sentrale føringar for synet på kunnskap, på forskaren og for synet på det fenomenet som blir studert. Det sosialkonstruksjonistiske perspektivet legg til grunn at slik fenomen blir skildra og forstått, ikkje er ein direkte konsekvens av korleis verda er, men av dei meiningane samfunnet har gitt fenomena (Gergen, 1985). Kva vi ser som sant, vitskapleg og rasjonelt, er forma av historiske og kulturelle prosessar. Vår forståing av verda er eit resultat av våre kollektivt skapte og situerte måtar å forstå og kategorisere verda på. Gjennom sosial samhandling blir forståingar delt, utfordra, endra og stadfesta. Kva forståingar som blir etablerte, får sosiale konsekvensar ved at kva forståingar som rår, påverkar kva som vi ser som naturlege og legitime sosiale handlingar. Som følgje av at kunnskap blir sett på som eit produkt av historisk og kulturell situert samhandling, er ein innanfor dette vitskapssynet kritisk til alle oppfatningar av verda som blir tekne for gitt, og ein oppmodar til ei undersøking av alle etablerte forståingar av korleis verda er (Gergen, 1985, 2015). Oppmodinga om å destabilisere

---

<sup>10</sup> Omgrepet *sosialkonstruksjonisme* har parallellar til omgrepet *sosialkonstruktivisme*. Gergen (1985) tilrår å omtale retninga for *constructionism* i staden for *constructivism* for å unngå forvirring og samanblanding med andre tilnærmingar, som til dømes Piaget, som også nyttar omgrepet *constructivism*. Spesielt innanfor psykologifaget har mange følgd Gergens tilråding, og det gjer også eg.

sjølvsgde og ureflekterte forståingar har røter i poststrukturalismen (Jørgensen & Phillips, 1999). Poststrukturalismen har sitt opphav i Frankrike, der Foucault var ein vesentleg bidragsytar i 1960-åra. Gjennom analysar av til dømes galskapens historie og seksualitetens historie viser han korleis sanningar som kan stå fram som absolutte, er kulturelle produkt. Han demonstrerer vidare korleis det som står fram som ahistoriske regler for å produsere kunnskap, varierer historisk. Eit sentralt poeng hos Foucault er at dei oppfatningar som dominerer i eit samfunn, er blitt rådande som konsekvens av korleis makt og kunnskap er kjeda saman (Foucault & Gordon, 1980). Makt er tett voven saman med diskurs, og diskursar produserer normer for kva som er sanning. Slik produserer makt sanning, og sanning produserer makt. Kva som har status som sanningar, er dermed utrykk for kva maktforhold som rår (Foucault & Gordon, 1980). Sidan sanningar er effektar av makta, oppmodar Foucault til at vi i staden for å leite etter sanninga skal utforske kvifor noko står fram som sant. Kunnskapsambisjonen om å destabilisere sjølvsgde og ureflekterte forståingar har ført til fleire studiar som konfronterer tradisjonelle vestlege oppfatningar av objektiv, individualisert og dekontekstualisert kunnskap. Etablerte oppfatningar som til dømes diskurspsykologisk forskning har sett under kritisk undersøking, er dominerande oppfatningar av *identitet, kjønn, emosjonar og motivasjon* (Gergen, 1985). I avhandlinga mi er det oppfatningar av rusarbeid og rusproblem som blir undersøkte. Studien har som premiss at det ikkje finst ei prediskursiv tilnærming til rusarbeid og rusproblem, og at forståingane av rusproblem og rusarbeid er situerte og kulturelt forankra.

Innanfor det sosialkonstruksjonistiske perspektivet er ein også oppteken av språket. Språket som eit nøytralt verktøy for å representere røynda, blir utfordra, og fokuset blir i staden retta mot korleis språket er konstituerande og skapande for korleis verda blir forstått. Gjennom å bruke språket gjer vi sosiale handlingar. Når vi snakkar, gjer vi ting; vi organiserer, differensierer, kategoriserer, produserer meiningssamanhengar og posisjonerer. Vi byggjer såleis diskursar, posisjonar og sosiale relasjonar. Språket former slik den verda det skildrar (Wetherell, 2001).

Fokuset på språkets skapande og konstituerande kraft fekk auka merksemd innanfor samfunnsvitskapleg forskning på 1950–60-talet, noko som ofte blir omtalt som *den språklege vendinga* (Wetherell et al., 2001). Også denne studien byggjer på den språklege vendinga, og har som premiss at vi ser verda på bestemte måtar fordi vi har språk og meiningssystem som gjer oss i stand til å sjå verda på denne måten (Edley, 2001; Gergen, 2015). For denne studien vil det seie at eg tek utgangspunkt i at vi ser rusproblem og rusarbeid på bestemte måtar fordi

vi har språk og – inkludert i språket – diskursive ressursar som gjer oss i stand til å sjå rusproblem og rusarbeid på slike måtar. Ei slik oppfatning av språket gjer snakk om rusproblem og rusarbeid empirisk interessant då analyser av snakket kan gi innsikt i nokre av dei diskursive ressursane folk bruker for å gi mening til erfaringane sine. Å reflektere over kva situerte meningssamanhengar som rår, gir høve til nye innsikter, nye handlingsrom og nye praksisar (Gergen, 2015).

### 3.2 Relasjonen mellom teori og empiri

Det sosialkonstruksjonistiske perspektivet gir påstandar om korleis vi får kunnskap om verda, og kva vilkår som gjeld for kunnskapsproduksjon (Bukve, 2016). Det sosialkonstruksjonistiske vitskapssynet har danna grunnlaget for sentrale premissar i studien min. Til dømes undersøker eg ikkje *om* rusproblem og rusarbeid er sosialt og kulturelt situerte – det gjer eg til premiss. Det eg undersøker er *korleis*. Vidare gir det sosialkonstruksjonistiske perspektivet retning til at eg er oppteken av å vise subjektets meningsskaping i kulturell kontekst, at eg vil undersøkje innhaldet i meningssamanhengar kulturen tilbyr, og at eg er oppteken av kva sosiale implikasjonar dei kulturelt forankra meningssamanhengane har.

Samstundes som det sosialkonstruksjonistiske vitskapssynet har danna grunnlaget for sentrale premissar i studien min, har spesifisering av analytiske spørsmål og teoribruk utvikla seg tett på empirien. Kva forskingstradisjonar eg trekker mest på, kva analytiske aksar eg har valt å prioritere og kva analytiske reiskapar eg har valt å ta i bruk, er resultat av arbeidet med empirien. Denne måten å arbeide med teori, empiri og analyse på byggjer på arbeid utvikla i delar av det nordiske diskurspsykologimiljøet. Antologien *Kjønn og fortolkende metode* (Haavind, 2000) og einskildarbeid av forskarar som Søndergaard (1996) og Ulvik (2007) gir empiriske døme og retning til korleis kunnskapsbidrag kan vere både metateoretisk og empirisk informerte.

Med utgangspunkt i dei vitskapsteoretiske premissane presenterte overfor har eg henta inspirasjon og analytiske omgrep frå delvis overlappende forskingstradisjonar. Det er fleire potensielle fordelar med å hente inspirasjon frå ulike tradisjonar (Jørgensen & Phillips, 1999; Haavind, 2000; Wetherell, Taylor og Yates, 2001). Ulike perspektiv kan ha ulike fokus, og ha utvikla ulike analytiske omgrep og tradisjonar for dataproduksjon og analyse. Ein multiperspektivistisk tilgang kan slik gi høve til ein meir «handsydd» og tilpassa tilgang til det konkrete empiriske materialet, enn ein meir mekanisk måte å følgje ein viss tradisjon på. Men dette krev at dei ulike omgrepa og framgangsmåtane som forskaren hentar frå ulike tradisjonar, kan gjerast kompatible og utfylle kvarandre på konstruktive måtar (Jørgensen & Phillips, 1999;

Haavind, 2000). Dei tradisjonane som har inspirert arbeidet med avhandlinga mest, er diskurs-teoretiske tilgangar, og då særskilt diskurspsykologisk forskning og interseksjonell teori, som byggjer på felles epistemologiske premisser. Dei valde tilnærmingane byggjer alle på ein felles premiss om at etablerte forståingar vil vere historisk, kulturelt og sosialt situerte. Dei deler vidare ei kritisk tilnærming til etablerte forståingar og ser forhold mellom menneske og samfunn som skapte og utvikla gjennom ein gjensidig interaksjonsprosess. Vidare deler dei ei oppfatning om språket som konstituerande og skapande for korleis verda blir forstått. Samstundes har dei valde tilnærmingane eit noko ulikt teoretisk og empirisk fokus, og dei tilbyr ulike analytiske omgrep. Samla sett opplever eg at dei valde tradisjonane medverkar med ulike, men kompatible bidrag som tener studiens kunnskapsambisjon.

For å ha ei analytisk tilnærming eigna til å undersøkje fram dynamikken mellom individ/samfunn, har eg funne nytte i å hente inspirasjon og analytiske omgrep frå den diskurspsykologiske tradisjonen. Innanfor denne tradisjonen har mange forskarar presentert forskning som rettar merksemda mot konkrete kvardagspraksisar og på interaksjonen mellom individ og diskursive ressursar. I tillegg har interseksjonell teori og interseksjonelle analysar vore eit tenleg supplement til diskurspsykologien. Den interseksjonelle tradisjonen har styrka analysen ved å poengtere korleis sosiale kategoriar er viktige differensierande diskursive ressursar og ved å rette merksemd til korleis ulike sosiale kategoriar samverkar og slik tilbyr ulike subjektposisjonar. Inspirasjon frå interseksjonalitetsforskinga har medverka til at eg i mindre grad fikserer på meiningsinnhaldet til kategoriar, men i staden fokusere på dynamikkar og rørsle i kategoriseringsprosessar. Vidare har interseksjonalitetsforskinga si majoritetsinkluderande tilnærming (Staunæs, 2003) medverka til at eg rettar merksemd til korleis diskursive ressursar også konstituerer mindre artikulerde majoritetsposisjonar.

Dei teoretiske perspektiva eg har valt ut, gir ikkje påstandskunnskap om temaa eg utforskar, som til dømes om endring, alder og rusproblem. Det finst mange tilgjengelege teoriar som tilbyr forståingar av kva endring, alder og rusproblem er. Slike teoriar kunne eg nytta til å forstå og analysere materialet mitt med, og dei kunne tilbode interessant kunnskap. Samstundes kunne bruken av denne typen teoriar ha reproduisert forståingar som teoriane byggjer på. Med tanke på avhandlingas ambisjon om å utforske den kontinuerlege konstitueringa av rusproblem og rusarbeid har eg søkt å ikkje la teoriar som gir substansielle påstandar om rusarbeid og rusproblem og andre relevante tema styre, og heller søkt etter forskningstradisjonar som tilbyr perspektiv og analytiske omgrep eigna for mitt analytiske formål. Eg vil i det følgjande presentere nærare dei teoretiske perspektiva og omgrepa eg har valt ut.

### 3.3 Eit diskurspsykologisk perspektiv på rusproblem og rusarbeid

Diskursteori er eit omgrep som blir nytta på ulike fagområde og som famnar om fleire framgangsmåtar. Felles for ulike diskursteoretiske tradisjonar er at dei rettar merksemda mot meiningane hendingar og erfaringar har for menneske, og tilbyr metodar for forskarar som er interesserte i å studere meiningsskaping.

Diskursteori retter merksemda mot språk i bruk og tek utgangspunkt i ein grunnleggjande premiss om at oppfatningar om verda blir konstituerte gjennom språket. Diskursteoretiske tilnærmingar i samfunnsvitskapen er ein del av det eg i 3.1 presenterte som *den språklege vendinga*, der fleire forskingsmiljø utfordra ideen om språket som ei spegling av røynda, og i staden retta merksemd mot språkets skapande og konstituerande kraft (Wetherell et al., 2001).

Innanfor diskursteori finst det mange ulike forskningstradisjonar som varierer etter kva dei retter mest merksemd mot i analysen, kva type datamateriale som er mest verdsett, kva som er sentrale analytiske omgrep og kven som er teoretiske inspirasjonskjelder. Wetherell, Taylor og Yates (2001) deler i boka *Dicourse Theory and Practice. A Reader* opp feltet i seks tradisjonar: konversasjonsanalyse og etnometodologi, sosiolingvistikk, diskurspsykologi, Foucault-inspirerte analysar, kritisk diskursanalyse og Bakhtin-inspirerte analysar<sup>11</sup>. Avhandlinga mi er mest inspirert og informert av diskurspsykologi. Med tanke på avhandlinga mi sin kunnskapsambisjon om å undersøkje forholdet mellom kultur og profesjonsutøving fann eg den diskurspsykologiske retninga mest eigna og mest nyttig. Dei skisserte retningane innanfor diskursteori har mellom anna ulike forståing av subjektet. I den diskurspsykologiske tradisjonen legg forskarane vekt på at subjektet er ein handlande aktør i det diskursive feltet, og forskarane har utvikla fleire analytiske omgrep eigna til å undersøkje forholdet mellom subjektet og diskursive ressursar.

Diskurspsykologien er ei sosialkonstruksjonistisk tilnærming utvikla innanfor sosialpsykologien som ein kritikk av og eit alternativ til kognitivismen (Jørgensen & Phillips, 1999). Frå sitt utspring i sosialpsykologien har diskurspsykologien dei siste 25 åra utvikla seg til ein sentral retning innanfor diskursteorien, og diskurspsykologien har inspirert arbeid innanfor mange ulike akademiske disiplinar (Tileagă & Stokoe, 2015). Diskurspsykologiske studiar retter merksemda mot korleis folk gjennom språket framstiller seg sjølv og omverda, og undersøker dei sosiale konsekvensane denne forma for meiningsskaping har (Edley, 2001; Gergen, 1985).

---

<sup>11</sup> Sjå Wetherell, Taylor og Yates (2001) og Jørgensen og Phillips (1999) for nærare innføring i ulike tradisjonar innanfor diskursteori, og for meir inngåande presentasjon av teoretiske inspirasjonskjelder.

Målet med dei diskurspsykologiske bidraga var opphavleg å utfordre og gi eit alternativ til dei dominerande måtane sentrale tema, som *identitet* og *kjensler*, blei undersøkte og omtala på i psykologien (Bruner, 1990; Tileagå & Stokoe, 2015). Diskurspsykologien utfordra det dominerande perspektivet der språket blei sett som ein representasjon av verda og slik ein ressurs til å gi informasjon om verda eller spesifikt om psykologiske tema som *haldningar*, *hukommelse* og *emosjonar*. Diskurspsykologien tilbaud eit grunnleggjande skifte frå å undersøkje psykologiske tema som noko som eksisterte utanfrå språket til noko som eksisterte i og gjennom språket. Diskurspsykologane presenterte analysar som viste korleis språket både var situert og skapande (Edley, 2001). Diskurspsykologien byggjer også på den sosialkonstruksjonistiske premisen om at individet ikkje er ein isolert autonom aktør, men at sjølvet blir skapt og forhandla om i diskursive og sosiale felt (Gergen, 2009). Diskurspsykologien har røter i fleire teoretiske og empiriske tradisjonar som konversasjonsanalyse og etnometodologi, Bakhtin, Wittgenstein sin språkfilosofi og Foucaults tekstar om diskurs, makt og subjektivitet (Wetherell, 2003). Diskurspsykologi har utvikla seg vidare i ulike retningar som varierer etter blant anna kva som blir fokusert på i analysen.

Sidan slutten av 1980-talet har diskurspsykologi gått særskilt to hovudvegar (Tileagå & Stokoe, 2015): 1) ei mikroorientert retning der konversasjonsanalysen og etnometodologi står sentralt, og der forskarane engasjerer seg i finkorna og detaljerte samhandlingsanalysar (til dømes Hepburn & Potter, 2012; Stokoe & Edwards, 2007), og 2) ei meir makroorientert retning, stundom kalla kritisk diskurspsykologi (til dømes Taylor & Littleton, 2006; Wetherell & Edley, 2014). Denne sistnemnte retninga dannar eit sentralt grunnlag for den analytiske tilnærminga nytta i avhandlinga mi. Den kritiske diskurspsykologien, som er meir påverka av poststrukturalismen enn den mikroorientert retninga er, utforskar korleis meiningsdanningar i konkrete samhandlingssituasjonar knyter seg til diskursive ressursar utanfor samhandlingssituasjonen. Denne retninga søkjer å kombinere eit vidare diskursivt bakteppe med det lokale og situerte samspelet, og inkluderer også narrative analyser (Taylor & Littleton, 2006). Denne tradisjonen tek slik ein mellomposisjon mellom å studere «små diskursar» (som analysar av konversasjonar i samspel) og «store diskursar» (som Foucaults analysar av galskapens historie). Margaret Wetherell er ein nøkkelperson i denne tradisjonen. Ho har blant anna, saman med Jonathan Potter, etablert omgrepet *fortolking-repertoar* (*interpretative repertoire*) som ei spesifisering av diskursomgrepet. Fortolkings-repertoar blir også nytta i denne avhandlinga, og blir nærare presenterte i kapittel 3.6.



### 3.4 Diskursive ressursar både som konstruerte og som konstruerande

Den diskurspsykologiske forskningstradisjonen eg er inspirert av, søker å gripe forholdet mellom samfunn og det meningsskapande subjektet. Forskarar i denne tradisjonen anerkjenner og rettar merksemd mot korleis folk er produkt av diskursive ressursar, samstundes som den einskilde gjennom snakket sitt er produsent av dei diskursive ressursane som er tilgjengelege. Den einskilde aktør blir med andre ord sett med eit handlingsrom og med handlingsval, samstundes som handlingsrommet er avgrensa av forhold ved samfunnet, som til dømes institusjonelle rammer og etablerte kulturelle forståingar. Diskursive ressursar er slik både *konstruerte* og *konstruerande*. Ifølgje Potter og Wetherell (1995) har analysar av diskurs eit dobbeltfokus: studere kva diskursive ressursar folk tek i bruk når dei snakkar som dei gjer, og studere kva folk gjer eller produserer ved måten dei snakkar på.

Premissen om at individ og samfunn gjensidig konstituerer kvarandre, har danna eit sentralt teoretisk grunnlag for det analytiske fokuset i denne studien og for korleis analysen er blitt skriven fram. I staden for å sjå diskursive ressursar som noko som *er*, som noko som har ein fast essens, søker eg å studere diskursive ressursar som noko som blir gjort, som noko som er under kontinuerleg skaping. Diskursive ressursar er såleis både meningsberarar og performative. Dei analytiske omgrepa eg bruker i analysen, byggjer alle på denne forståinga og er alle eigna til å utforske korleis diskursive ressursar både er konstruerte og konstruerande; Davies og Harré (1990) og Wetherell (2001) legg vekt på korleis *diskursar* både er konstruerte og konstruerande, Davies og Harré (1990) poengterer korleis *posisjonar* er produserte i og gjennom snakk, Staunæs (2003) med fleire peikar på korleis *sosiale kategoriar* er noko ein gjer, tenker og seier, og Loseke (2013) peikar på korleis *mønsterforteljingar* er noko ein gjentek, nyanserer eller utfordrar, og som har sosiale konsekvensar. I analysane har eg freista både å identifisere kva diskursive ressursar rådgjevaren aktiverer gjennom utsegna sine, og kva som blir gjort og skapt ved bruken av desse diskursive ressursane.

I artikkel I viser eg til dømes korleis diskursar om ungdom strukturerer forståingar og skaper normative føringar for at ungdom er *sårbare*. Ein tradisjonell måte å presentere samanhengen mellom ungdom og sårbarheit på, er ved å framstille sårbarheita som eigenskapar og teikn ved det å vere ungdom. Eg søker å i staden utforske og vise korleis denne sårbarheitskarakteristikken blir konstituert og gitt mening gjennom snakk og sosial interaksjon. Utsegn som *sårbar ungdom* byggjer både på sosiale og kulturelle forståingar, samstundes som utsegna har eit performativt aspekt. Når ungdom blir forstått som sårbar, gir det retning til ein praksis

som posisjonerer og stadfestar ungdom som sårbare, til dømes når det blir nytta urinprøve som kontrolltiltak av omsyn til at det er ungdom i gruppa (artikkel I). Vi kan også som kulturelle aktører utfordre, nyansere og medverke til danning av nye system av meningssamanhengar. Når til dømes Mari (artikkel I) fortel at ho held fram med å ha Morten i si prioriterte gruppe sjølv om han er blitt for gamal, utfordrar ho diskursen om at hjelpebehov er knytt til alder. Gjennom å studere snakket i det empiriske materialet har eg søkt å analyse fram mønster, variasjonar og rørsle i korleis den einskilde stadfester, utfordrar og nyanserer tilgjengelege diskursive ressursar og slik produserer mening. Når ein av rådgjevarane fortel at «det er behandling og det å bli rusfri, det er det dei må», konstruerer ho ein versjon av røynda. Når ein annan seier at «dei vil ikkje. Eg veit ikkje om eg skal kalle dei feige eller kva dei er, men dei orker ikkje vakne opp i alle fall», konstruerer ho ein annan versjon av røynda. Informanten som seier at «desse menneska skal få like mykje verdigheit og hjelp og tilbod som andre som har vanskelege liv», konstruerer ein tredje versjon. Korleis handlingar og andre fenomen blir snakka fram, avheng av kva diskursive ressursar som er i bruk. Skal bruk av opiat kunne snakkast om som *avhengigheit*, *vanskeleg liv* eller *val*, må ein ha tilgang til diskursive ressursar som gjer slike kategoriseringar moglege. Kva kategoriseringar som er moglege og truverdige, kan variere historisk og mellom samfunn, alt etter kva diskursive ressursar som rår.

Når diskursar breier om seg og blir delte av mange, kan meiningsdanningane dei tilbyr, bli førande, det vil seie at dei dominerer over andre meiningsdanningar og kan få status som sjølvsgde og sanne oppfatningar. I diskurspsykologiske analysar er ikkje forskaren oppteken av å undersøkje om ei oppfatning er «sann» eller ikkje. I staden er forskaren oppteken av å studere korleis versjonar av verda blir skapte. Interessante spørsmål til analysen er spørsmål som: Kva er det som gjer at akkurat denne versjonen av verda blir framstilt her? Kva gjer denne framstillinga? Kva slags diskursive ressursar gir denne utsegna truverd? (Wetherell, 1998) I denne avhandlinga blir slike spørsmål rette mot det empiriske materialet, med mål om å få kunnskap om tilgjengelege diskursive ressursar i Noreg i dag og korleis desse kulturelle ressursane er i bruk og får relevans for konkret klientarbeid.

### 3.5 Eit interseksjonelt perspektiv på rusproblem og rusarbeid

Eit anna forskingsperspektiv som har gitt retning til studien, er det interseksjonelle perspektivet. Opphavet til perspektivet blir plassert i den nordamerikanske svarte feminismen og knytt til Crenshaws studiar av svarte kvinners status i det amerikanske rettsapparatet (Crenshaw, 1991). Omgrepet *interseksjonalitet* famnar om analytiske tilnærmingar brukt i ulike disiplinær og på

ulike tematiske område Det interseksjonelle perspektivet tilbyr ei analytisk merksemd mot det dynamiske og situerte samspelet mellom sosiale konstruksjonar i eit empirisk materiale, noko eg finn nyttig for mitt analytiske formål. Innanfor denne forskingstradisjonen er ein oppteken av kategoriseringsprosessar. Forskarane studerer korleis det blir skapt sosiale kategoriar, korleis kategoriseringsprosessar differensierer og rangerer, korleis sosiale kategoriar gjensidig påverkar meiningsinnhaldet til kvarandre, og korleis samspelet mellom sosiale kategoriar er dynamisk og kontekstuellt (Cole, 2009). Ei interseksjonell tilnærming analyserer korleis «sociokulturella hierarkier och maktordningar interagerar och skapar inklusion/exklusion runt diskursivt och institutionellt konstruerade kategorier» (Lykke, 2005, s. 8). Staunæs (2004) viser til dømes korleis kjønnskategoriar og etnisitetskategoriar gjensidig konstituerer kvarandre i ein dansk skulegard, Mattsson (2010) viser korleis konstruksjonar av kjønn og rusmisbruk skaper ulike forståingar av klienten i ein dansk behandlingssituasjon, medan Gullikstad (2010) utforskar korleis forståingar av kjønn, etnisitet og seksualitet på ulike måtar er vovne inn i oppfatningar av kva *god omsorg* er på fire norske sjukeheimar.

I analysearbeidet mitt har eg brukt det interseksjonelle perspektivet til å analysere korleis forståingar av *rusarbeid* og *rusproblem* blir konstituerte i samspel med korleis andre sosiale kategoriar blir konstituerte. I artiklane kjem dette til syne mellom anna i korleis eg presenterer *rusproblem* og *rusarbeids* situerte samspel med sosiale kategoriar som *alder*, *endring*, *ansvar* og *suksess*.

Crenshaw og fleire andre interseksjonalitetsforskarar er opptekne av korleis kjende kategoriar som kjønn, klasse, rase og etnisitet samspelear. Staunæs (2004) viser til at ein også kan tenke i andre og mindre kjende kategoriar og maktaksar. Staunæs poengterer at korleis ein differensierer og kategoriserer varierer, og at tyngda til ulike kategoriar vil kunne variere. Andre kategoriar enn dei ein har sett for seg, kan vere aktive, og ein kan finne andre relevante måtar det blir differensiert mellom menneskje på, enn det ein førestilte seg. Staunæs argumenterer difor for at ein må vere oppmerksom på kva kategoriar som er aktive og i samspel i det aktuelle empiriske materialet. Eg har nytta meg av Staunæs' utvida forståing av interseksjonalitet. Det vil seie at i staden for at eg på førehand bestemte meg for kva sosiale kategoriar eg skulle sjå i samspel med *rusarbeid* og *rusproblem*, utforska eg kva kategoriar som synt seg aktive i det empiriske materialet mitt. Eg søkte, slik Staunæs og Søndergaard (2006) oppmodar om, å sjå det uventa og kunne forkaste det venta. Fokuset på *alder* (artikkel I), *endring* (artikkel II) og generaliserte historier om *rusmisbrukaren* (artikkel III), er blitt til som resultat av denne analysestrategien.

Samstundes som det interseksjonelle perspektivet har tilbode analytiske moglegheiter til analysen av rusproblem, rusarbeid og meiningsdanning, har det interseksjonelle perspektivet større potensial enn eg nyttar. Ambisjonen om å fange rørsle og samspel er kompleks, og i det konkrete analytiske arbeidet må analytisk akse avgrensast (Staunæs, 2003). I staden for å fange samspelet til alle kategoriar som er representerte i profesjonsutøvaranes tale, har eg måtta velje ut samspelet til nokre kategoriar og sjå vekk frå andre. *Kjønn, klasse, arbeidsevne, motivert og psykisk sjuk* er døme på sosiale kategoriar som var til stades i materialet, men som ikkje var like tydelege som til dømes generasjonskategoriar var, og som eg har valt ikkje å prioritere. Vidare kunne dei samspele eg har valt å fokusere på, blitt analyserte fram meir komplekst og nyansert enn eg har gjort. Samspelsanalysen mellom generasjonskategoriane *ungdom, vaksen* på den eine sida og *rusmisbruk* på den andre kunne til dømes vore utvida til å inkludere *eldre*, og til å inkludere *kjønn, tid* eller *arbeidsevne*. Meiningsinnhaldet i endringsforteljingane (artikkel II) eller mønsterforteljingane (artikkel III) kunne vore sett i samanheng med *kjønn, alder, klasse* eller *arbeidsevne* og liknande. Kva kategoriar og samspel eg har valt å prioritere, byggjer på ei vurdering av kva kategoriar og samspel som eg fann mest synlege og aktive i materialet, og som eg meiner har størst potensial når det gjeld å utvikle kunnskapen vi har om rusproblem og rusarbeid.

Den diskursteoretiske og den interseksjonelle forskingstradisjonen har informert og inspirert arbeidet med analysen også ved å tilby mange analytiske omgrep. I den første runden av analysen prøvde eg ut ulike analytiske spørsmål og analytiske omgrep på delar av materialet. Omgrep som blei prøvde ut var til dømes *storyline* (Davies & Harré, 1990; Søndergaard, 2000), *grensefigur* (Staunæs, 2004), *trøblete subjektposisjonar* (Staunæs, 2004; Wetherell, 1998), *linkage* (Gubrium & Holstein, 2009), *ideologiske dilemma* (Edley, 2001) og *makt og maktteknologiar* (Mik-Meyer & Villadsen, 2007). På bakgrunn av erfaringane med den første analyserunden valde eg ut dei analytiske omgrepa eg fann mest eigna til å få fram potensialet til det empiriske materialet og samstundes var eigna til å utvikle kunnskapen om rusfeltet som diskursivt felt. Dei mest sentrale omgrepa eg har valt å bruke i analysen, er *diskurs-/fortolkingsrepertoar, sosiale kategoriar, posisjonering* og *mønsterforteljingar*.

### 3.6 Diskurs/fortolkingsrepertoar

*Diskurs* er eit fleirtydig omgrep med mange ulike bruksmåtar. Generelt viser studiar av diskurs til studiar av menneskeleg meiningsskapning og til studiar av språk i bruk (Wetherell, 2001). Diskurs er alle typar språkbruk, som samtalar, forteljingar, forklaringar, resonnement og

anekdotar (Wetherell & Potter, 1992). Språket som er i bruk, er eit sosialt produkt konstruert på måtar som skaper og former den sosiale verda (Wetherell, 2001). Eg har i avhandlinga teke utgangspunkt i Davies og Harrés definisjon av omgrepet *diskurs*. Dei plasserer seg sjølve innanfor poststrukturalistisk teori og forstår diskurs som «an institutionalised use of language and language-like sign systems» (1990, s. 45). Deira definisjon av diskurs viser påverknaden frå poststrukturalismen med ved at dei trekker fram samanhengen mellom kunnskap, makt og sosiale relasjonar (Wetherell, 2001). Davies og Harré peikar på at når vi forstår eller uttrykker noko, gjer vi det gjennom diskursar. Det vil seie at erfaringane dei intervjuar rådgjevarane har, berre kan formidlast og forståast gjennom dei diskursane som er tilgjengelege for dei. Davies og Harré poengterer at diskursar er ein «multi-faceted public process through which meanings are progressively and dynamically achieved» (1990, s. 46). Ifølgje forståinga deira blir den konstituerande krafta til både diskursar og einskildmennesket vektlagt. Davies og Harre argumenterer for at mennesket aktivt produserer sosiale realitetar og at språkbruken er dynamisk og fleksibel og gir tilgang til eit mangfald av posisjonar. Mennesket blir konstituert gjennom diskursar, samstundes som at mennesket gjennom sitt snakk og sine handlingar forsterkar, nyanserer og endrar dei tilgjengelege diskursane. Fleire diskursar vil eksistere side om side, nokre går over i kvarandre og aktøren kan bevege seg mellom fleire diskursar. Enkelte diskursar er meir kulturelt dominante – og slik meir tilgjengelege – enn andre. Slike dominerande forståingar får gjerne status som fakta (Edley, 2001).

Diskursanalytikarar stiller spørsmål ved kva som gjer at det er akkurat desse versjonane av røynda som blir aktualiserte, og kva konsekvensar bruken av desse versjonane av røynda har. Ved hjelp av diskursomgrepet til Davies og Harré har eg utforska korleis subjektets forståing er konstituert av tilgjengelege diskursar, samstundes som at subjektet kan bevege seg mellom fleire diskursar og gjennom sine handlingar og snakkemåtar konstituere diskursar. For meg var Davies og Harrés diskursforståing nyttig då eg utforska variasjon og ambivalens i korleis rusproblem blei snakka fram i det empiriske materialet. I artikkel I nyttar eg diskursomgrepet saman med omgrepa *sosial kategori* og *posisjonering* til å undersøkje det dynamiske forholdet mellom diskursar om rusproblem og diskursar om alder. Eg utforska spørsmål som: Når, kor, korleis og med kva formål og grunngevingar blir det sortert og differensiert etter alder? Når, kor og korleis blir meiningar knytte til alder vovne saman med meiningar knytte til rusproblem? Kva forståingar byggjer desse samspela på? Kva bidreg desse konstitueringane med? Kva rørsler gir dei samla sett? Når, kven og korleis blir det skapt brot? Resultatet av arbeidet med desse spørsmåla blir presentert i artikkel I.

Under arbeidet med artikkel II fann eg det tenleg å bruke omgrepet *fortolkingsrepertoar* (*interpretative repertoire*), henta frå Potter og Wetherell som ei spesifisering av omgrepet *diskurs*. Omgrepet *fortolkingsrepertoar* blei introdusert av Gilbert & Mulkay (1984) og vidareutvikla av Potter og Wetherell (Edley, 2001). Potter og Wetherell definerer *fortolkingsrepertoar* som «basically a lexicon or register of terms and metaphors drawn upon to characterise and evaluate actions and events» (1987, s. 138). Eg nyttar, som Potter og Wetherell (Edley, 2001) *diskurs* og *fortolkingsrepertoar* som synonyme omgrep. Når eg inkluderer omgrepet *fortolkingsrepertoar*, er det for å gjere meir tydeleg korleis studien min plasserer seg i det diskursteoretiske kunnskapsfeltet. *Diskurs* er eit breiare omgrep med eit vidare bruksområde enn *fortolkingsrepertoar*. Ved å bruke *fortolkingsrepertoar* kommuniserer eg at eg tek i bruk ei bestemt forståing av diskurs der diskursar blir mindre monolittiske og subjektet gitt større handlingsrom enn i ein del andre diskursanalysar. Omgrepet *fortolkingsrepertoar* understrekar at diskursar er fleksible og dynamiske ressursar som folk nyttar i sosial samhandling til å konstruere versjonar av røynda (Edley, 2001).

I artikkel II har eg undersøkt kva fortolkingsrepertoar rådgjevarane tek i bruk når dei gir meining til endring i forteljingane om klientarbeidet. Eg utforska spørsmål som: Kva fortolkingsrepertoar snakkar rådgjevarane innanfor når dei skildrar klientane si endring eller mangel på endring? Korleis posisjonerer dei seg sjølv i endringsforteljingane? Vidare undersøkte eg: Kva blir skildra som godt, kjekt, vanskeleg og dumt, og på grunnlag av kva handlingar og forståingar blir det skildra slik? Kva blir skildra som vellukka endring, og kva blir skildra som manglande endring? Kva handlingar og forståingar byggjer forteljingane på? Kva handlingar og karakteristikkar skaper aksept og verdsetjing, og kva skaper det motsette? Resultatet av dette arbeidet blir presentert i artikkel II.

### 3.7 Sosiale kategoriar

Ofte blir sosiale kategoriar – i både allmenn oppfatning og forskning – sett på som kjenneteikn ved korleis eit menneske *er*, til dømes at ein person *er* «mann», *er* «gamal» og *er* «rusmisbrukar». Inspirert av dei metateoretiske forståingane som avhandlinga byggjer på, og av empiriske arbeid, blant anna av Søndergaard (1996, 2000) og Staunæs (2003, 2004, 2005), studerer eg ikkje sosiale kategoriar som sosiologiske variablar; eg rettar heller merksemd mot sjølve kategoriseringsprosessen. Eg studerer sosiale kategoriar som «mann», «gamal» og «rusmisbrukar» som kulturelt skapte kategoriar som får betydning og legitimitet gjennom kulturelle, institusjonelle og sosiale samhandlingspraksisar. Analysen har som premiss at

sosiale kategoriar ikkje har eit fast og essensielt innhald, men at meiningsinnhaldet deira blir kontinuerleg konstituert gjennom korleis kategoriane blir tekne i bruk. Sosiale kategoriar representerer moglege representasjon av røynda og gir meinings samanhengar som mennesket blir konstituert gjennom. Sosiale kategoriar er kulturelle meiningsreiskapar vi nyttar til å ordne, sortere og strukturere menneskeleg samhandling (Staunæs, 2004). Døme på slike sosiale kategoriar er *kjønn*, *alder*, *etnisitet*, *klasse* og *diagnose*, og meir lokale kategoriar som *arbeidsfør*, *motivert* og *rusmisbrukar*. Dersom kategoriar blir tenkt, sagt og gjort gjentekne gonger med liknande meiningsinnhald, blir dei produserte og etter kvart tenkt og siterte som stabile sosiale fakta (Staunæs, 2003). Tidlegare forskning viser at kategorien *avhengig*, til dømes, er sitert så mange gonger at han har fått eit sjølvforklarande innhald (Hellman, 2009). Det gjer at kategorien kan refererast til utan at ein må utdjupe eller forklare kva meiningsinnhaldet er. I tillegg til at kategoriar byggjer på ei differensiering og sortering av menneske og sosiale fenomen, berer dei ofte i seg ei rangering av fenomen: rusfri versus rusproblem, vaksne versus ungdom, arbeidsfør versus ufør. Den andre, «avvikskategorien», blir konstituert gjennom skilnader til første posisjonen, «normalkategorien» (Staunæs, 2003). Med tanke på at sosiale kategoriar også konstituerer subjektet i majoritetsposisjonar, forskar ein innanfor dette perspektivet ikkje einseitig på «dei andre», dei som blir kategorisert og posisjonert som ein minoritetsposisjon; ein inkluderer majoritetsposisjonar og studerer relasjonen mellom majoritet og minoritet.

I avhandlingsa har eg brukt omgrepet *sosiale kategoriar* til å undersøkje korleis rådgjevarane implisitt og eksplisitt deltek i kategoriseringsprosessar, kva meiningsinnhald kategoriseringar byggjer på, og kva meiningsinnhald dei produserer. Vidare har eg analysert korleis ulike kategoriar samspekar og konstituerer kvarandre. Eg har brukt omgrepet *sosiale kategoriar* til å utforske korleis rusproblem og rusarbeid blir skapt og konstituert gjennom samspelet med ulike sosiale kategoriar. I første analyserunde undersøkte eg i ulike delar av materialet kva sosiale kategoriar som var i bruk, kven som var inkludert i kategoriane og kva meiningsinnhald dei ulike kategoriane hadde. Vidare utforska eg kva kategoriane gjorde, det vil seie kva praksisar dei produserte, neglisjerte, legitimerte eller utfordra, korleis rådgjevarane posisjonerte seg sjølve og andre gjennom desse kategoriseringsprosessane og korleis rusproblem og rusarbeid blei konstituert gjennom samspelet med desse kategoriane. I denne første analyserunden blei eg mellom anna merksam på relevansen av samspelet mellom ulike alderskategoriseringar og kategorien rusproblem. Om brukaren var «ung», «yngre enn 20 år» eller «yngre enn 30 år» blei snakka fram i intervjuet som relevant og avgjerande for korleis rusproblemet og rusarbeidet blei

gitt meining. Eg valde difor å fokusere på alder og kategoriane *ung* og *vaksen*, og gjekk systematisk gjennom materialet og undersøkte *ung* og *vaksen* som meiningsskapande kategoriar. Resultatet av dette arbeidet blir presentert i artikkel I. Også i dei andre artiklane undersøker eg kategoriseringsprosessar. Sosiale kategoriar som blir utforska i dei to andre artiklane mine, er mellom anna *endring*, *suksess*, *motivert* og *arbeidsfør*.

### 3.8 Posisjonar og posisjonering

Davies og Harré gjer i artikkelen «Positioning: The discursive production of selves» greie for korleis posisjonering kan brukast for å få auge på dynamiske dimensjonar ved sosial samhandling (1990). I ein seinare artikkel utdjuvar Harré et al. (2009 s. 9) det analytiske potensialet som ligg i *posisjonering*, som blir definert som «clusters of beliefs about how rights and duties are distributed in the course of an episode of personal interaction and the taken-for-granted practices in which most of these beliefs are concretely realized». Rettar og plikter (*rights and duties*) viser til dei moralske forventingane deltakarane er bundne til som følgje av det som er sagt. Posisjonar blir produserte i og gjennom snakk. Ein samtale er eit strukturert sett talehandlingar der det som blir sagt og gjort, har sosial kraft. Kva kraft ei talehandling har, er avhengig av korleis ho blir forstått av dei andre deltakarane. Det kan slik vere fleire talehandlingar i ei ytring, og ei ytring kan få ulik kraft gjennom samtalen. Davies og Harré set omgrepet *posisjonering* i samanheng med diskurs. Diskursar konstituerer den som snakkar og lyttaren på bestemte måtar, samstundes som diskursar er ressursar der snakkaren og lyttaren kan forhandle fram nye posisjonar. Posisjonane som er tilgjengelege i ein diskurs, rommar visse rettar, plikter og handlingsrom. Posisjoneringa kan vere interaktiv, der det ein seier, posisjonerer ein annan, og posisjoneringa kan vere refleksiv, der forteljaren posisjonerer seg sjølv. Posisjoneringsomgrepet gjer synleg noko av den konstituerande krafta som diskursar har, ved at det rettar merksemda mot korleis diskursar posisjonerer lyttaren og snakkaren på bestemte måtar. Samstundes peikar Davies og Harré på at deltakarane kan utøve val. Den einskilde kan stadfeste eller utfordre tilgjengelege diskursar, og likeins stadfeste eller utfordre posisjonane som aktiverte diskursar tilbyr. Like fullt er ikkje posisjoneringa nødvendigvis ei medviten handling der deltakarane er merksame på verknaden av orda dei vel.

Medan Davies og Harré set omgrepet *posisjonering* i samanheng med *diskurs*, set eg det også i samanheng med *sosiale kategoriar*. Posisjonar blir produserte i og gjennom kategoriseringsprosessar. Når sosiale kategoriar blir tekne i bruk, som til dømes den sosiale kategorien *vaksen*,



har det ei sosial kraft ved at kategorien tilbyr visse posisjonar, med visse rettar, pliktar og handlingsrom, som til dømes det å ha *handlekraft*.

I avhandlinga har eg nytta posisjoneringsomgrepet til å utforske det mangetydige og dynamiske ved rolla den profesjonelle har. Den profesjonelle rolla blir ofte studert som noko stabilt og klart (Davies & Harré, 1990; Hall, Juhila, Matarese, & van Nijnatten, 2013). Posisjoneringsomgrepet byggjer på ei alternativ tilnærming og er meir mikroorientert og situasjonelt orientert. Det gir meg høve til, i større grad enn til dømes rolleomgrepet gjer, å utforske rådgjevarane si meiningsdanning meir som ein dynamisk prosess, kor profesjonsutøvarane kan posisjonere seg på varierende måtar innanfor fleire diskursar. Eg fann også omgrepet *posisjonering* egna til å utforske den sosiale krafta diskursar og sosiale kategoriar har, og til å utforske korleis rådgjevarane ved å ta i bruk ulike diskursar og sosiale kategoriar endrar måten dei posisjonerer seg sjølv og andre på. Posisjoneringsomgrepet har vore eit sentralt analytisk omgrep i utforskinga av samspelet mellom alderskategoriar og rusproblem i artikkel I, og til å studere forståingar av endring i artikkel II.

### 3.9 Mønsterforteljingar

Diskursteoretikarar fokuserer ofte på kva type forteljingar menneske fortel (Wetherell, 2001). Forteljingar er ein diskursiv ressurs, og i eit diskursorientert forskingsprosjekt er det interessant å studere sambandslinjer mellom individ og samfunn ved å undersøkje kva forteljingar kulturen gjer tilgjengeleg, korleis rådgjevarane trekker på desse forteljingane og kva desse forteljingane gjer. I avhandlinga blir forteljingar som sirkulerer i samfunnet, som andre diskursive ressursar, undersøkte som både konstruerte og konstruerande (Wetherell, 2001). Det vil seie at eg utforskar både kva meiningssamanhengar kulturen gjer tilgjengeleg til å skape dei presenterte forteljingane med, og kva som blir produsert ved å fortelje på denne måten. I analysen som ligg til grunn for den tredje artikkelen, retta eg merksemda mot kva generaliserte forteljingar om personar med rusproblem rådgjevarane aktiverer når dei i intervjuar talar om rusproblem, og eg undersøker kva posisjonar og former for rusarbeid som blir tilgjengelege gjennom dei forteljingane som blir analyserte fram. Til dette arbeidet har eg teke i bruk det analytiske omgrepet *mønsterforteljingar (formula stories)* (Loseke, 2009, 2012, 2013). Sjølv om Loseke og hennar analysar av mønsterforteljingar blir plasserte som narrativ analyse (Holstein og Gubrium, 2012), ser eg omgrepet *mønsterforteljingar* som kompatibelt med mitt eige prosjekt og tenleg til å utvide og supplere analysen.

Den *narrative vendinga* har breidd om seg i mange forskingstradisjonar med mål om å forstå og undersøkje den diskursive kompleksiteten i forteljingar (Holstein og Gubrium, 2012). Forteljingar – eller *narrativ*, som eg bruker synonymt – er eit analytisk omgrep som har utvikla seg til å bli brukt i ulike fagtradisjonar og på ulike måtar. Studiar av narrativ har opphav i den litteraturvitskaplege forskingstradisjonen *narratologi* – ein tradisjon som fokuserer på strukturelle sider ved forteljingar og i mindre grad er oppteken av dei meiningsskapande aspekta ved forteljingar (Fludernik, 2009). Sidan slutten av 60-talet har narrativ eller forteljingar også fått auka merksemd i samfunnsvitskapen, og spesielt dei siste 20 åra har ein sett mange samfunnsvitskaplege bidrag der narrativ blir analyserte (Holstein & Gubrium, 2012). Dei samfunnsvitskaplege bidraga rettar generelt mindre merksemd mot struktur og meir merksemd mot det meiningsskapande potensialet ved forteljingar. Den aukande interessa for det narrative i samfunnsvitskapen har skapt fleire ulike forskingstradisjonar og definisjonar av narrativ (Elliott, 2005; Holstein & Gubrium, 2012; Riessmann, 2008). Hinchman og Hinchmans definisjon (1997, s. xvi) er dekkande for korleis omgrepet *narrativ* – eller *forteljing* – blir forstått i studien min: «Narratives (stories) in the human sciences should be defined provisionally as discourses with a clear sequential order that connect events in a meaningful way for a definite audience, and thus offer insights about the world and/or people's experiences of it».

Bakgrunnen for at eg valde å trekke inn forskning på narrativ og Losekes omgrep *mønsterforteljingar* i staden for å nytte det allereie etablerte omgrepet *diskurs*, var at eg erfarte at omgrepet *mønsterforteljingar* hadde spesifikke fokus som analysen tente på. Når eg i første analyserunde utforska korleis rusproblem blei gitt meining, fann eg at rusmisbruk ofte blei konstituert ved å vise til generaliserte historier om «dei» – om *rusmisbrukaren* generelt. Historier om den generaliserte rusmisbrukaren var diskursive ressursar som rådgjevarane tok i bruk for å forstå og forklare erfaringane sine. Det empiriske materialet viste korleis bruken av generaliserte forteljingar om klientar med rusproblem gav tilgang til visse forståingar av klientrolla og hjelparrolla, baud på måtar å forklare og organisere hendingar og handlingar på og gav tilgang til måtar å forklare og legitimere løysingar på. Eg fann dette svært interessant, og såg etter omgrep som kunne bidra, slik at eg fekk utforska dei generaliserte forteljingane nærare. Fleire omgrep er tilgjengelege til å undersøkje generaliserte forteljingar, blant anna *cultural narratives* (Singer, 2004), *cultural stories* (Richardson, 2005), *myths* (Barthes, 2006), *storylines* (Davies & Harre, 1990; Søndergaard, 2000), *big stories* (Gubrium & Holstein, 2009) og *master narratives* (Frønes, 2001). Valet fall på Losekes (2009, 2012, 2013) bruk av omgrepet *mønsterforteljingar* (*formula stories*). Slik Loseke bruker omgrepet, vurderte eg det til å passe

godt inn i den diskursanalytiske ambisjonen eg hadde for prosjektet, og eg konkluderte med at omgrepet var godt eigna til å utforske nærare dei generaliserte forteljningane eg identifiserte i materialet.

Loseke (2012) peikar på at når folk som ikkje kjenner kvarandre, skal samhandle, tek dei i bruk eksisterande bilete som kan skape forventingar til møta, gi modellar for identitet og legitimere handlingar. Loseke retter merksemda mot korleis slike bilete blir formidla gjennom sosialt delte historier – mønsterforteljingar. I mønsterforteljingar blir plottet og karakterane attkjende som forståelege og truverdige, sjølv om lyttaren ikkje har personleg kjennskap til det historia fortel. Som døme på ei mønsterforteljing nemner Loseke frå-fattig-til-rik-historia som verserer i USA: «Ein kan lukkast viss ein jobbar hardt». Mønsterforteljingane kan omhandle einskildpersonar som blir presenterte som prototypar for ei gruppe menneske, eller historiene presenterer ei gruppe menneske ved hjelp av sosiale kategoriar eller det homogeniserande «dei», som når ein snakkar om «dei som rusar seg», «rusmisbrukarane» eller «avhengige». Det er viktig å undersøkje historiene som verserer, seier Loseke, fordi historiene «do a great deal of work in both private and public life» (Loseke, 2013, s. 15). Historier som verserer, definerer moral, rettferdiggjjer sosialpolitikk og fungerer som modellar profesjonelle hjelparar bruker for å forstå den konkrete klienten dei har framføre seg (Loseke, 2013). Loseke peikar på at mange historier blir delte, men at ein liten del av desse vil versere vidt og etter kvart bli oppfatta som truverdige og relevante av mange. Ho peikar på at di meir ei historie byggjer på allmenne og utbreidde kognitive og emosjonelle meiningsssamanhengar, di større potensial har historia til å breie om seg som sann og truverdig. Loseke oppmodar difor til å undersøkje kva byggjesteinar historier som verserer, har, og kva sosiale konsekvensar historiene får.

Loseke (2009) presenterer to sentrale byggjesteinar: *symbolske kodar*, det vil seie «complex systems of ideas about how the world works, how it should work, of the rights and responsibilities of people in the world» (s. 498), og emosjonelle kodar, det vil seie «sets of socially circulating ideas about which emotions are appropriate to feel when, where, and toward whom or what, as well as how emotions should be outwardly expressed» (s. 497). To andre sentrale omgrep er *plot* og *karakter*. *Plot* viser til meiningsstrukturen eller poenget som bind ei forteljing saman og gjer henne forståeleg, medan *karakter* refererer til persontypane historiene produserer. Kodar, plot og karakter påverkar kvarandre gjensidig. Det vil vere variasjon i korleis ulike aktørar forstår kodane, plottet og karakterane historiene formidlar. Det vil seie at historiene som verserer, ikkje avgjer den einskildes meiningssskaping, men at dei er tilgjengelege som diskursive ressursar som den einskilde kan ta i bruk, ignorere, nyansere eller utfordre.

Det er fleire likskapstrekk mellom dei analytiske omgrepa Loseke tilbyr, og dei omgrepa eg allereie hadde teke i bruk. I staden for å ta i bruk dei etablerte omgrepa fann eg at Losekes omgrep gav høve til å utforske sider ved dei meiningsskapande prosessane som diskurs, sosiale kategoriar og posisjonar ikkje gav. Losekes omgrep *symbolske* og *emosjonelle kodar, plot* og *karakter* gav høve til å studere forteljingar som meiningstreiskapar meir inngåande. Omgrepa hennar rettar merksemda mot korleis hendingar i ei forteljing er ordna i ein tidsakse, korleis eit plot binder forteljinga saman, korleis truverdige og atkjennande forteljingar byggjer på allmenne og utbreidde meiningssamanhengar, og korleis utbreidde forteljingar har sosiale konsekvensar. Når til dømes ein rådgjevar opplever at ein arbeidsgjevar mistenker at ein klient i arbeidstrening er rusa på jobb, medan klienten nektar (artikkel III), bidrar den mønsterforteljinga som blir teken i bruk til korleis denne hendinga blir forstått. Dersom hendinga blir sett i samanheng med ei forteljing om at personar med rusproblem er upålitelege, gir det ei fortolking av hendinga, medan ei plassering av hendinga inn i ei forteljing om at rusbrukarar er stigmatiserte, gir ei anna tolking av hendinga. Slik blir generaliserte historier som sirkulerer i samfunnet tolkingsrammer som konkrete erfaringar kan setjast inn i.

I studien har eg nytta omgrepet *mønsterforteljingar* til å utforske korleis generaliserte forteljingar om personar med rusproblem blir nytta til å forstå arbeidserfaringar. Vidare har eg sett på kva sosiale konsekvensar bruken av desse generaliserte forteljingane har. Eg utforska først kva generaliserte historier om *dei, rusmisbrukaren* eller *dei avhengige* eg kunne identifisere i materialet. Deretter undersøkte eg historiene ved hjelp av ei rekke analytiske spørsmål: Kven er dei sentrale karakterane? Korleis blir karakterane konstituerte? Kva er plottet? Kva kjensler produserer plottet og karakterane? Kva påstandar om verda formidlar historia? Kva kunnskap om verda gjer påstandane truverdige og relevante? Kva implikasjonar får historia? Kva slags klientkarakteristikkar, problem og behov kjem i fokus, og kva karakteristikkar, problem og behov kjem i skuggen som følgje av historia?

Resultatet av dette analysearbeidet blir presentert i artikkel III.

## Kapittel 4. Metodologiske refleksjonar og konkrete vegval

I dette kapitlet vil eg gjere greie for korleis dei vitenskapsteoretiske premissane eg presenterte i førre kapittel, er blitt omdanna til konkrete framgangsmåtar og analysar. Korleis eg har valt ut fenomenfelt, produsert empiri, analysert det empiriske materialet og presentert analysen, heng saman med dei vitenskapsteoretiske premissane eg arbeider ut frå, og kva eg har vurdert som tenlege framgangsmåtar for å undersøkje avhandlinga si problemstilling. Dette kapitlet presenterer vegval, erfaringar og refleksjonar i eit tilbakeskodande blikk. Sentrale spørsmål eg vil gjere greie for, er korleis eg har valt ut feltet eg har studert, korleis eg har gått fram for å skape empiri og korleis eg har analysert det empiriske materialet. Vidare vil eg diskutere kvaliteten ved analysen og etiske forhold knytt til forskingsprosjektet.

### 4.1 Val av metodisk tilnærming – individuelle intervju gir konkrete praksisforteljingar

Eit sentralt spørsmål eg måtte ta stilling til når dei teoretiske premissane skulle overførast til ei konkret empirisk undersøking, var korleis eg ville gå fram for å undersøkje problemstillinga. Eit viktig val i så måte er valet av metode. Ein studie av forholdet mellom profesjonsutøving og kultur kan romme eit spekter av metodologiske tilnærmingar. I høve studiens kunnskapsambisjon ønskte eg tilgang til eit praksisnært materiale rikt på kvardagslivserfaringane til profesjonsutøvarane og rikt på opplevingar, refleksjonar, avgjerder og handlingar knytte til arbeidserfaringane deira. Yrkesutøving skjer i ein *praktisk syntese* der brokkar av kunnskap er sette saman i møtet med dei krava som praksissituasjonen stiller (Grimen, 2008). Eg ønskte eit forskingsdesign som gav eit materiale rikt på fokuserte meningsmetta forteljingar om den praksissituasjonen rådgjevarane stod i. For det analytiske formålet mitt blei kvalitative ikkje-standardiserte individuelle intervju med ei gruppe rådgjevarar i NAV sett som ein eigna forskingsmetode. Intervju er eit sosialt møte kor eg og den eg intervjuar, saman skapar det empiriske materialet (Holstein & Gubrium, 2004). Intervju om praksis er ein sosial samhandlingssituasjon kor eg og den eg intervjuar, tar i bruk, produserer, nyanserer og forhandlar om bestemte system av meningssamanhengar til å forstå praksissituasjonane med. I tillegg til at intervjumaterialet er eit produkt av ein konkret samhandlingssituasjon, vil det også vere forankra i kulturell kontekst. Det «draws on routine and highly consensual (cultural/normative) resources that carry beyond the immediate local context, connecting local talk with discursive history» (Wetherell, 2003 s. 13). Ved å fokusere primært på det dei intervjuar fortel, er eit slik empirisk materiale eigna til å undersøkje kva diskursive ressursar

rådgjevarane tek i bruk til å gi mening til rusproblem og til rusarbeid, og dei sosiale konsekvensane denne forma for meningsskaping har.

Det vil seie at eg intervjuar *individ*, samtidig som eg analyserer dei individuelle forteljingane som representasjonar for *kollektive* meningssystem. Intervjua gir representasjonar – kulturelle eksemplar – av korleis rusarbeid og rusproblem blir gitt mening. Intervjudata blir såleis sett på som produsert i ein spesifikk lokal sosial samhandlingssituasjon, samstundes som det har i seg diskursive ressursar utover den lokale samhandlingssituasjonen (Wetherell, 2003). Kulturelle praktiser er ikkje utanfor intervjukonteksten, men gjennomsyrrer datamaterialet ved at meningssamanhengane som sirkulerer i samfunnet, også blir tekne i bruk i intervju. Snakket i intervjua blir sett som «*accounting rather than reporting*» (Nikander, 2012 s. 410). Det vil seie at ei diskursteoretisk tilnærming til intervjudata ikkje nyttar data som informasjon om ein innvendig eller utvendig realitet, men ser intervjumaterialet eigna til å gi innsikt i korleis folk tek diskursive ressursar i bruk til å gi mening til erfaringane sine. Data frå kvalitative intervju kan «tell us about the cultural resources people have available for telling their patch of the world» (Wetherell, 2003 s.13).

I tillegg til at eg fann individuelle intervju eigna til å gi eit verdifullt empirisk materiale, er det ein fordel at intervju er relativt rimelege og praktiske å gjennomføre. Ved at eg er ein aktiv samtalepart, har eg som forskar også høve til å påverke samtaletema, til å utforske vidare og dermed sikre at tema som blir diskuterte er relevante for kunnskapsformålet til studien. Ein svakheit ved individuelle intervju er at materialet ikkje blir like rikt på data om korleis meningar blir produserte, forhandla og reforhandla profesjonsutøvarar imellom, som til dømes fokusgruppeintervju kunne vore (Bloor, Frankland, Thomas & Robson, 2001). Det gir heller ikkje observasjonar av arbeidskvardagen eller like god tilgang til korleis meningsskaping blir skapt og forhandla om i konkrete arbeidssituasjonar, som feltarbeid kunne gitt (Hammersley & Atkinson, 2007).

I tillegg til individuelle intervju har eg studert relevante politiske dokument. Etter kvart som eg gjennom analysearbeidet fann interessante mønster i det empiriske materialet las eg politiske dokument med ny interesse. Formålet var å undersøkje om dei same diskursive ressursar kunne gjenkjennast der, eller om det var interessante variasjonar. Dokument som har blitt undersøkt er:

Arbeidsdepartementet (2013). *Tildelingsbrev for 2013*

Arbeidsdepartementet (2012). *Prop. 1S (2012 – 2013)*. Proposisjon til Stortinget (forslag til Stortingsvedtak) for budsjettåret 2013.

Meld.St. 30 (2011–2012). *Se meg! En helhetlig rusmiddelpolitikk alkohol – narkotika – doping*.

NAV (2013). *Mål- og disponeringsbrev 2013 til fylkene*.

Intervjumaterialet er hovudkjelda til studien min, men lesing av politiske dokument har vore eit nyttig supplement for å kontekstualisere intervjumaterialet. Dette var spesielt nyttig i analysen av korleis diskursar om rusproblem knyter seg til diskursar om alder (artikkel I).

I starten av prosjektet hadde eg også ein plan om å gjennomføre feltarbeid og fokusgruppeintervju, men etter ei vurdering av behov, tilgang og tidsbruk, valde eg å la vere. Målet med eit feltarbeid var å få meir kunnskap om konteksten rådgjevarane arbeidde innanfor før eg gjennomførte intervju, medan målet med fokusgruppeintervju var å få data om korleis rådgjevarane reflekterte omkring dei diskursive ressursane som var analysert fram. Både feltarbeid og fokusgruppeintervju ville truleg ha styrka forskingsprosjektet. Vanskar med tilgang i høve feltarbeid og omsynet til tid til gjennomføring av gruppeintervju sett i høve til utbytte, gjorde at eg prioriterte det vekk. Dialogen med praksisfeltet som fokusgruppeintervju kunne gitt, blir i staden ein prosess eg gjer etter at forskingsprosjektet er gjennomført. I tillegg til kunnskapstilboda som dei publiserte artiklane gir, har eg mellom anna presentert og diskutert resultat frå studien med studentar ved relevante bachelor- og masterutdanningar og på samlingar med tilsette på NAV-kontor.

## 4.2 Fokusering av fenomenfelt – Rusarbeid i NAV

I tillegg til val av forskingsmetode er det ei rekke val som er gjort i høve til kven som skulle intervjuast og korleis intervju skulle gjennomførast. Eg søkte å velje stad, intervjupersonar og intervjuåtar som eg fann vesentlege og tenlege til å gi ny kunnskap om konstitueringa av rusarbeid og rusproblem. Eg valde NAV både fordi det er ein viktig arena for rusarbeid, og fordi det er ein institusjonelt interessant arena å studere rusproblem og rusarbeid på. Som vist tidlegare spelar kommunane ei stor rolle i rusarbeidet, og majoriteten av kommunane har lagt alt eller delar av rusarbeidet til NAV. Mykje av forskinga på rusproblem er gjennomført på stadar der rusarbeidet er tilbode meir homogene brukargrupper enn dei ein finn i NAV, til dømes gir ofte behandlingstilbod til klientar som er i ein viss alder eller har visse typar problem. Mangfaldet av brukarar av NAV gjer NAV-kontoret til ein institusjon prega av

større variasjon i rusproblem, samstundes som rusproblem er ein av fleire andre typar utfordringar dei tilsette skal møte. Å studere meiningsskapande prosessar innanfor ein slik heterogen arena kan få fram andre dimensjonar enn dei som kjem fram i meir homogene felt. NAV er også ein analytisk interessant arena med tanke på at fleire av samtidas kulturelle og institusjonelle trendar, som *arbeidslinja*, *one-stop shops* og *New Public Management*, er aktualiserte i dei lokale NAV-kontora. Ei utforsking av konstitueringa av rusproblem og rusarbeid i NAV er slik eigna når ein ønskjer å studere moderne norsk velferdsarbeid.

#### 4.2.1 Landsbygdpraksisar

I vurderingane av kva kontor eg ønskte å få tilgang til, var kriterium som relevans, variasjon og storleik sentrale. Eg var oppteken av at alle kontora arbeidde med rusproblem og at arbeidet utgjorde ein så stor del av arbeidskvardagen at eg kunne rekne med at dei eg intervjuar, hadde vesentleg arbeidserfaring frå møte med brukarar dei erfarte hadde rusproblem. NAV-kontora er prega av stor variasjon når det gjeld intern organisering, leiing, storleik og liknande. Eg ønskte å rekruttere kontor som representerte slik variasjon. Ikkje for å studere systematiske skilnader mellom tenestene, men for å få eit rikt materiale. Vidare var val av kontor påverka av praktiske tilhøve som avstand til bu- og arbeidsstaden min. Då eg bur og arbeider i distriktet hadde eg enklast og best tilgang til NAV-kontor i små og mellomstore kommunar. Tilgangen til små og mellomstore kontor såg eg som eit godt høve til å supplere anna forskning. Forskinga på rusarbeid har vore dominert av forskning på arbeid i bykommunar, trass i at rusproblem ikkje er eit byfenomen. Sett i forhold til folketal er rusproblem like utbreidde i små, mellomstore og store kommunar (Håland et. al, 2016). Tidlegare forskning viser at kommunestorleiken har innverknad på kor mange tenester kommunen vel å leggje inn i NAV (Ekspertgruppen, 2015) og på utforminga av sosiale tenester (Billbo, Mydland, Syversen, Glemmestad, & Solheim, 2014; Proba, 2013). Det er såleis både interessant og sentralt å i større grad inkludere bygdepraksisar i sosial- og rusfagleg forskning. Å også inkludere bykommunar i utvalet kunne gitt ein endå større variasjon og slik skapt eit rikare datamateriale. Det er mogleg at eit bygdeutval representerer enkelte fenomen annleis enn eit byutval ville gjort, då tilhøve som stigma knytt til rusbruk, kompetanse knytt til rusarbeid, tidsressursar og andre organisasjonsmessige tilhøve kan vere ulikt representerte i by og bygd. Studien min gir med andre ord innsikt i forholdet mellom kultur og profesjonsutøving frå ein bygdekontekst.

For å få tilgang til NAV-kontor tok eg kontakt med NAV Fylke. Eg informerte om prosjektet og bad om å få intervjuer rådgjevarar ved tre NAV-kontor, og understreka at rusarbeid måtte



vere ein vesentleg del av arbeidskvardagen til rådgjevaren. NAV Fylke informerte alle kontora i fylket, og fem kontor melde si interesse. Eg valde tre av desse ut frå ønsket om variasjon i storleik og organisering, og ut frå omsyn til reiseavstand. Kontora eg valde, ligg i kommunar med eit innbyggartal på mellom 4000 og 14000. Det første kontoret eg valde, (A) hadde plassert oppfølginga av brukarar med rusproblem hos nokre få rådgjevarar. Det andre kontoret (B) hadde ein generalistmodell der brukarane var fordelte etter andre tildelingskriterium, til dømes fødselsdato eller tilknytning til arbeid, og der brukarane med rusproblem var fordelte på rådgjevarar som hadde andre oppgåver utover arbeidet med brukarar med rusproblem. Det tredje kontoret eg valde (C), hadde nyleg gått frå same organisering som kontor A til å organisere seg som kontor B. At dei intervjuar rådgjevarane arbeidde på tre ulike kontor, har styrka analysen ved at det gav eit fyldigare materiale for å utforske meiningsskapning frå. *Sats på ungdoms-*diskursens hegemoniske posisjon blei til dømes synleg blant anna gjennom å sjå korleis variantar av ein *sats på ungdoms-*diskurs var i bruk på alle dei tre NAV-kontora.

#### 4.2.2 Rådgjevarar

Eit sentralt mål var å få tilgang til pågåande arbeid med rusproblem og slik få tilgang til konkrete erfaringar, forståingar og handlingar. Eg bad difor om å få intervju NAV-tilsette som var i direkte kontakt med brukarar *dei* opplevde hadde rusproblem. For å skaffe eit eigna materiale til å utforske variasjonar og nyansar i korleis rusarbeid og rusproblem blir gitt mening, ønskte eg eit utval som representerte den eksisterande variasjonen som var ved NAV-kontora. Ei breidde i utvalet ville kunne leggje til rette for ei breidde i tilgang til diskursive ressursar, også variasjonar i tilgangar som eg som forskar ikkje nødvendigvis hadde tenkt på førehand. Eg gjorde derfor ingen forsøk på å definere verken kven eg skulle intervju eller kva rolle dei eg skulle intervju, skulle ha overfor klientane. Det vil seie at eg ikkje definerte rusbruksomfang eller funksjonsnivå til klientane, og eg gav ingen føringar på kva rolle, stilling, kjønn, alder, bakgrunn eller organisatorisk plassering informantane skulle ha. Ei slik avgrensing kunne ha avgrensa tilgangen til empirisk materiale, og ville ikkje nødvendigvis fanga opp kor i NAV-kontoret rusproblem blei møtt og erfart.

Rekrutteringa av informantar føregjekk ved at eg tok kontakt med leiarane ved dei tre NAV-kontora, som igjen vidaresende informasjonsskriv og samtykkeskjema til rådgjevarane, og så fekk eg fekk eg ei tilbakemelding frå dei som var interesserte.

### 4.3 Utval og arbeidssituasjon

Eg intervjuar 23 tilsette i alderen 27–62 år, fleirtalet var i 40-åra. 19 var kvinner og 4 menn, 9 var frå kontor A, 11 var frå kontor B og 3 var frå kontor C. Talet på brukarar dei arbeidde med, varierte frå 10 til 130. 13 av dei intervjuar hadde sosialfagleg bakgrunn, 1 hadde samfunns- vitskapleg bakgrunn, 3 hadde helsefagleg bakgrunn, 2 hadde økonomisk-administrativ utdanning og 2 hadde etats- eller yrkesutdanning. Samanlikna med tidlegare undersøkingar synest utvalet å vere typisk når det gjeld kjønnsfordeling, medan talet på dei som har helse- og sosialfagleg utdanning, var høgre enn gjennomsnittet (Fossetøl et al., 2014).

Utvalet var heterogent langs mange andre aksar òg: Nokre arbeidde deltid og nokre heiltid. Nokre hadde arbeidd ved kontoret sidan før det blei eit NAV-kontor, andre var tilsett i nyare tid. Nokre skildra lang erfaring med å arbeide med rusproblem, andre kort. Nokre hadde arbeidd med rusproblem på andre arbeidsplassar før, andre ikkje. Nokre skildra rusproblem i eigen familie, andre skildra eit familieliv utan problematisk forhold til rusmiddel med meir.

Som nemnt i presentasjonen av NAV i 1.5.3 har dei lokale NAV-kontora eit vidt oppdrag der dei skal tilby ei rekke tenester til ulike brukargrupper med ulike behov. Det er stor variasjon både i korleis dei einskilde kontora er organisert og kva oppgåver den einskilde rådgjevar har. Denne variasjonen viser att i utvalet som er intervjuar. Nokre av dei intervjuar er statleg tilsette, andre kommunale, nokre arbeider særskilt med oppfølging av sjukmeldte, nokre med økonomisk sosialhjelp, nokre med arbeidsavklaringspengar, nokre med ungdom, nokre var fagansvarlege og nokre arbeider særskilt med brukarar med rusproblem. Det var også ein variasjon i korleis dei intervjuar såg på si eiga rolle i høve rusarbeid. Nokre uttalte at dei arbeidde med menneske med ulike behov, der dei ikkje la vekt på om det var behov knytt til rusproblem eller andre behov brukarane hadde. Andre argumenterte for ei spesialisering i høve rus der dei såg rusproblem som eit eige fagområde som trong eiga prioritering og oppfølging. Det var også stor variasjon i utvalet i korleis dei presenterte NAVs rolle i høve det totale hjelpetilbodet til brukarar med rusproblem. Medan nokon såg på NAVs rolle som avgrensa og perifer, og at hjelpa som knyter seg til rusproblem primært blir gitt i spesialisthelsetenesta, såg andre på NAVs rolle i rusarbeidet som sentral.

Det var fleire fellestrekk i det empiriske materialet som gjekk på tvers av dei individuelle skilnadene. Eitt mønster eg såg i utvalet, var ei skildring av ein arbeidskontekst med mykje fokus på å få brukarane i arbeid eller aktivitet, og at dette fokuset i organisasjonen gav føringar på arbeidskvardagen. Korleis rådgjevarane posisjonerte seg overfor aktiveringsfokuset, varierte.

Nokre av dei intervjuja skildra at oppgåvene deira først og fremst var å få folk i arbeid, medan andre argumenterte for ei vidare målforståing og gav uttrykk for å vere i opposisjon mot aktiveringsfokuset. Eit anna mønster i utvalet var at rådgjevarane opplevde å ha stor arbeidsbelastning og for lite tid til å gjere alle oppgåvene dei var sett til å gjere på ein tilfredsstillande måte. Breidda i oppgåver og knappheita i tid gjorde at dei måtte prioritere vekk oppgåver. Fleire nemnde at dette gjekk ut over tida deira til å møte kommunale oppgåver som oppfølging av brukarar med rusproblem.

Eit anna mønster i det empiriske materialet var at arbeidet med brukarar med rusproblem blei skildra som eit krevjande arbeid som var utfordrande å kombinere med dominerande institusjonelle målsetjingar og arbeidsmåtar i NAV. Desse og andre gjennomgåande mønster eg fann i materialet, ligg til grunn for kva analytiske aksar eg har prioritert. I punkt 4.6 gjer eg nærare greie for val av analytiske aksar.

Dei intervjuja rådgjevarane blei bedne om å fortelje om ei sak dei arbeidde med<sup>12</sup>. Det blei ikkje gitt føringar for kva typar sak dei skulle fortelje om, anna enn at det skulle handle om arbeid med ein brukar med rusproblem. Eg lét det vere opp til dei å definere kva *rusproblem* er. Bakgrunnen rådgjevarane gav for val av saker varierte. Noko grunngav val av sak med at det var ei pågåande sak der dei nett hadde hatt kontakt med brukaren eller samarbeidspartar, andre med at det var ei sak dei arbeidde mykje med for tida, eller synest at var vanskeleg, artig eller interessant. I eit par tilfelle stod det mellom to saker, og eg blei invitert med til å velje. Den eine gangen stod det mellom ein mann og ei kvinne, og eg sa eg godt kunne få høyre om arbeidet med kvinna då det var mindre klientforteljingar om kvinner, og i det andre situasjonen sa eg at eg godt kunne få høyre om begge sakene. Totalt blei det fortalt om arbeid med 26 klientar, der om lag ein tredjedel av klientane var kvinner. Alder på klientane dei blei fortalt om varierte frå 20 år til vel 60 år, storparten var mellom 20 og 35 år.

#### 4.4 Forteljingsfokuserte intervju

Måla med forskingsintervjuet, kva form det har og kva rolle intervjuar har, har variert mykje gjennom det kvalitative intervjuets historie og blir også i moderne tid gjennomført på mange ulike vis (Gubrium et.al, 2012; Nikander, 2012). Forskingsprosjektet mitt går inn i ein sosialkonstruksjonistisk tradisjon som ser intervjuet som eit sosialt møte der eg og den intervjuja

---

<sup>12</sup> I nokre intervju begynte vi å snakke om ei sak til, anten fordi det var ledig tid, eller fordi saka blei trekt inn i forteljinga om den første saka.

saman skaper forskingsmaterialet. Ei slik forståing av intervjuet verkar inn på både korleis eg ser på det empiriske innhaldet til intervjuet, og på korleis eg gjennomførte intervjuet. Forskarar som har utdjupa dette perspektivet og inspirert meg i planlegginga av intervjuet, er Holstein og Gubrium (2004), Järvinen og Mik-Meyer (2005) og Hydén (2000, 2014). For å få eit empirisk materiale eigna til å undersøkje forholdet mellom profesjon og kultur ønskte eg å skape ein situasjon der dei intervjuet i så stor utstrekning som mogeleg kunne presentere ulike variantar av korleis deira arbeidserfaring med rusproblem og rusproblem blei gitt mening. For å leggje til rette for ein slik intervjusituasjon fann eg spesielt nytte i Hydéns skildring av det forteljingsfokuserte intervjuet (2000, 2014). Hydén legg vekt på verdien av relasjonen forskaren får til den intervjuet; målet er å skape ein relasjon – og ei intervjuform – som støtter den intervjuet si frie forteljing. Intervjuaren må leggje til rette for at den som blir intervjuet, får uttrykt seg så fullstendig og mangesidig som mogleg. Med utgangspunkt i intervju med kvinner som har erfart mishandling, utvikla Hydén ei intervjuform eigna til å snakke om pågåande hendingar som kan vere krevjande og kjensleladde å snakke om. Sjølv om kvinnene Hydén intervjuet, er i ein annan situasjon enn rådgjevarane eg intervjuet, vurderte eg fleire av aspekta Hydén legg vekt på som relevante for intervjuet og skulle gjennomføre. Å intervjuet på denne måten inviterer til at rådgjevarane får fortelje om hendingar og erfaringar slik dei forstår desse og kan uttrykke dei i møtet med ein intervjuet. Samstundes gir det meg som intervjuet høve til å utforske meningsdanning medan forteljingane blir til. Det vil seie at eg, som aktivt lyttande intervjuet, kan spørje når noko er uklart, og utforske meir der eg finn det tenleg. Slik kan fokuserte, ikkje-standardiserte intervjuet vere svært godt eigna til å gi eit fyldig materiale eigna til å utforske meningsskapning.

Hydéns vektlegging av å skape eit samtalerom eigna til å snakke om sensitive og kjensleladde tema var også relevant. Det å vise fram og snakke om eiga profesjonsutøving kan vere krevjande og sårbart. Det var viktig for meg å skape ei intervjuform som ikkje ville føre til generelle standardfraser, men som opna opp for forteljingar om erfaringar med konkrete klientsaker, om nyanser og ulike fasetter ved arbeidet, også sider som kunne opplevast som mangelfulle eller uprofesjonelle. Eg freista å ha ei intervjuform som gav rom for mangfald, ambivalens og motsetnader.

Hydén (2000) legg vekt på tre aspekt ved intervjuet: det interaktive, det polyfone og det repetitive. Forskingsintervjuets interaktive aspekt fokuserer på korleis interaksjonen mellom forskaren og den som blir intervjuet, kan leggje til rette for den andres frie forteljing. Til dømes bør ikkje intervjuet vare i meir enn ein time, slik at begge kan halde konsentrasjonen oppe, og

interaksjonen må vere slik at den intervjuar kjenner seg støtta og dermed vågar å dele opplevingar og erfaringar. Intervjua mine blei gjennomførte ved dei ulike NAV-kontora, og eg avtalte på førehand at intervjuar skulle vare i ein time. Under intervjuar fokuserte eg først og fremst på å konsentrere meg om å høyre og forstå kva den andre fortalde. I det første intervjuet inviterte eg til to hovudforteljingar: «Kan du fortelje meg korleis du blei NAV-rådgjevar og byrja å arbeide med rus?» og «Kan du anonymisert fortelje meg korleis du gjer og erfarer arbeidet med ein konkret klient med rusproblem?» Ei intervjuform som inviterer til forteljingar om eigne erfaringar og opplevingar, har mange likskapstrekk med klinisk arbeid, og eg opplevde at bakgrunnen min som sosionom og familierapeut kom til nytte. I intervjuet stilte eg mange oppfølgingsspørsmål der eg inviterte til utdjuping, grunngjeving og konkretisering. Eg freista å vere mest mogleg utforskande, også overfor erfaringar som kunne synest sjølvsegde eller alminnelege. Spørsmåla eg stilte, var ofte spørsmål som «Kva var det som skjedde i den situasjonen?», «Kva hadde det seg at det skjedde, trur du?», «Korleis var dette for deg?», «Korleis trur du dette var for den og den?» og «Du seier han ikkje var klar for jobb, korleis merka du det?». Vidare ønskte eg å ta minst mogleg for gitt, og eg søkte å få konkretisert og utforska meiningsinnhaldet i meiningsmetta ytringar og kategoriar som blei brukt. Eg spurde til dømes «Kva vil dei seie å vere *arbeidsfør*?», «Kva meiner du med *motivert*?», «Kva meiner du med *kompetent*?», «Kva meiner du med *å sjå dei*?», «Kven er *dei unge*?», «Kva vil det seie at det går *betre*?», «Kva er det som gjer at det går betre no, trur du?», «Kva ser du som moglegheiter no?» og «Kan du gi eit døme?».

For å utvikle intervjuene mine brukte eg tid etter intervjuar til å undersøkje kva det var slags tema eg hadde utforska, og kva tema og utsegn som blei tekne for gitt. Eg fann det også nyttig å undersøkje og reflekterte over likskap og skilnadar mellom intervju. Eg reflekterte over blant anna kva som gjorde at intervju varierte i lengd. Eg spurde meg: Kvifor var det vanskeleg å halde tida hos enkelte, medan eg i andre intervju hadde god tid? Kva var det som gjorde dei kortaste intervjuar korte? Kva spørsmål var det vi behandla kort? Kva var det som var vanskeleg å snakke rikt om? Kva kunne med fordel bli utforska meir? Kva var det som gjorde dei «enkle» intervjuar «enkle»? Kva for felles forståingar var til stades der? Kva blei ikkje utforska der?

Det polyfone aspektet tek utgangspunkt i at den intervjuar har potensial til å uttrykke seg på ulike måtar. Hydén viser til korleis intervjuaren gjennom ein måte å intervjuar på kan støtte den intervjuar til å snakke fram ulike opplevingar og snakke frå ulike perspektiv. Inspirert av henne søkte eg å invitere til forteljingar med ulike tolkingar, perspektiv og posisjonar. Eg prøvde også å møte den andres opplevingar på ein ikkje-normativ, anerkjennande og empatisk måte. Spesielt

søkte eg å vere var på erfaringar og tankar som blei uttrykt nølande og uklart. Eg søkte å hjelpe opplevingar fram ved å lytte aktivt, det vil seie at eg sa «mm», nikka eller kom med oppmuntrande smil, og ved å gi ei *hjelperøyst* (Hydén, 2000), der eg gav tentative tolkingar og anerkjennande stadfestingar, som «Det høyrerest vanskeleg ut», «Det er ei viktig erfaring» eller liknande. Mange gonger syntest eg eg klarte dette, og eg fekk også ein del tilbakemeldingar som at det var «kjekt», «nyttig», «balsam for sjela» og «kjærkome avbrekk». Det hende òg at eg opplevde ikkje å lukkast; eg opplevde at eg blei erfart som evaluerande, slik at den intervjuia fekk behov for å forsvare eller forklare seg, eller at spørsmåla var uvande og ikkje førte til forteljingar eller skildringar.

Hydén's omtale av forskingsintervjuets repetitive aspekt poengterer verdiane av å gjennomføre fleire intervju med same person. Fleire intervju gir tilgang til eit rikare materiale ved at ulike tidspunkt gir ulike rom til kva som er mogleg å snakke om. Eg inviterte til to intervju med alle eg intervjuia – det andre intervjuet om lag eit halvt år etter det første. På grunn av permisjonar og skifte av jobb eller arbeidsoppgåver, var det ikkje mogleg å gjennomføre det andre intervjuet med alle. Intervjuia med dei eg intervjuia éin gong, utgjer likevel ein fullverdig del av det empiriske materialet. 18 av dei 23 blei intervjuia to gonger. I det andre intervjuet utforska eg tema og posisjonar som var lite utforska i det første intervjuet. I tillegg inviterte eg til å gi ei tredje hovudforteljing: «Kan du fortelje meg kva som har skjedd i klientsaka sidan sist?»

Eg intervjuia to gonger for å få eit fyldigare empiriske materialet, ikkje primært for å nytte temporalitet som analytisk akse. Å ha to intervju gav større variasjon og rikdom i materialet. Rammene for samhandlinga mellom meg og den intervjuia var mellom anna ulik i dei to intervjusituasjonane. Vi kjende kvarandre betre og var tryggare på kvarandre i intervju nummer to. I tillegg var tidspunkta ulike. Hydén (2000) poengterer at tidspunktet for når vi snakkar om ein situasjon eller eit fenomen påverkar korleis vi snakkar om det. Dette erfarte også eg. Fleire av informantane trekte inn ferske episodar for å konkretisere og underbyggje opplevingane sine, som når dei sa «som ein kollega sa i går», «eg var til dømes på eit møte sist veke» eller liknande. Dei ferske erfaringane var ofte fylte med meir detaljerte skildringar enn eldre erfaringar. Når eg intervjuia to gonger, fekk eg tilgang til fleire ferske erfaringar. Å spørje etter arbeidet med ei klientsak seks månader etter gav også tilgang til nye erfaringar og refleksjonar omkring arbeidet med den konkrete klientsaka. Ved fleire høve var det tydeleg at klienten rådgjevaren valde å snakke om i den første samtalen, ikkje ville blitt vald dersom klientsaka skulle veljast ut i den andre intervjusituasjonen. Medan saka blei presentert som aktiv – med skildringar av nylege hendingar – i den første intervjusituasjonen, kunne saka i den andre intervjusituasjonen bli

presentert som ei med lite aktivitet i. Gjennom å intervjuje på ulike tidspunkt fekk eg tilgang til slike endringar og ulike posisjonar og perspektiv i dei ulike forteljingane. Å intervjuje over eit tidsrom på eit halvt år gav slik eit empirisk materiale som viser korleis forteljingar utviklar seg og korleis meiningsdanningar og praksis heng saman.

Både eg og forskingsprosjektet var også i ein ny posisjon under det andre intervjuet; då hadde eg arbeidd med det første intervjuet, og eg var meir medviten om kva eg hadde greidd – og ikkje greidd – å utforske. Eg hadde også arbeidd meir med analysane av materialet, og hadde fleire idear om interessante mønster. Å ha eit intervju til gav meg høve til å utforske nokre av desse mønsterane vidare. *Alder* som meiningskategori er døme på tema som eg var meir merksam på og utforskande overfor i den andre intervjurunden.

#### 4.5 Transkripsjon

Alle intervjuane blei tekne opp på band og seinare transkribert. Eg skreiv sjølv ut to intervju og hadde sekretærhjelp til resten. Eg utarbeidde retningslinjer for korleis intervjuane skulle transkriberast. Transkripsjonen gav om lag 600 sider intervjuutskrift.

Det er ulike måtar å transkribere intervju på. Eitt ytterpunkt er naturalisert transkripsjon (til dømes Jefferson, 2004), der mest mogleg detaljer omkring ytringane er tekne med, som opplysningar om lydar, tonefall, tempo og lengd på pausar. Det andre ytterpunktet er denaturaliserte transkripsjonar, der fokuset er på informasjonssinnhaldet i det som er sagt, medan detaljer om korleis ytringa blei uttrykt, er utelatne (Oliver, Serovich, & Mason, 2005). Mellom desse to posisjonane finst det ulike variantar. Korleis ein vel å transkribere, har innverknad på kva det empiriske materialet er eigna til å seie noko om. Korleis ein vel å transkribere, bør difor henge saman med kva som er målet med forskingsprosjektet. Eg og medhjelparen min transkriberte på ein måte som fell inn mellom dei to ytterpunkta. Vi skreiv ned ordrett det som blei sagt, tok med avbrytingar og lange pausar, men noterte ikkje tankelydar, tid på pausar, tonefall, temposkifte og liknande. Denne måten å transkribere på vurderte eg som tilstrekkeleg detaljert for mitt analytiske formål.

#### 4.6 Analyseprosess

I analysearbeidet har eg ikkje følgt noko standardisert analyseoppskrift. Inspirert av spesielt Haavind (2000) og Ulvik (2007) har eg søkt etter den analytiske framgangsmåten som var best eigna til å få fram potensialet det empiriske materialet har til å utvikle kunnskapsfeltet om

korleis betydningar av rusproblem og rusarbeid er kulturelt forankra. Sjølv om arbeidet med analysen har vore gjennomført i fleire delvis overlappende rundar, kan analysen skildrast som to hovudrundar med kvar sitt mål og særpreg. I den første runden var målet å finne ut kva for analysetema og analytiske omgrep eg skulle prioritere. Inspirert av forskarar som Haavind (2000), Søndergaard (1996), Staunæs (2004) og Ulvik (2007) søkte eg å vere dristig og kreativ i denne fasen. Eg arbeidde med materiale både på langs (av den einskildes forteljing) og på tvers (av personar og situasjonar). Materialet blei undersøkt for gjentakande mønster i tema, omgrep, dilemma og liknande, men også etter brot. I denne første usystematiske runden søkte eg også å inkludere intuitive og kjenslemessige opplevingar. Til dømes kunne eg ofte, på veg heim etter intervju, kjenne på ei kjensle av tungsinn over eit krevjande rusarbeid som sleit på hjelperane. Eg skreiv ned refleksjonar knytte til slike opplevingar, og tok dei med inn i analysearbeidet. Kva eg stoppa opp ved i det empiriske materialet, var eit resultat av både kjensler og opplevingar av mønster og spanande unntak og brot. I den første runden prøvde eg dessutan ut ulike analytiske spørsmål og analytiske omgrep på delar av materialet, og med utgangspunkt i desse omgrepa og spørsmåla skreiv eg små analysesnuttar – tekstar som kunne bidra til at eg såg kva materialet var mest eigna til å seie noko om, og kva analytiske omgrep som var mest eigna som hjelpemiddel. Somme analysesnuttar tok for seg overordna konstruksjonar, andre undersøkte detaljer. Somme snuttar tok for seg fellestrekk, andre særtrekk.

Dei analytiske omgrepa eg prøvde ut, var inspirert av empiriske og teoretiske arbeider på ulike fenomenfelt. Sjølv om omgrepa blei henta frå svært ulike arbeid, bygde dei på felles meta-teoretiske premissar, og dei hadde ein felles kunnskapsambisjon om å utforske meining. Analysesnuttane eg arbeidde fram, blei sett opp mot relevant forskning og diskutert med kollegaer og rettleiarar. Ved hjelp av desse utprøvinga fekk eg erfart kva dei ulike analytiske omgrepa kunne hjelpe meg til å sjå, og kva omgrep som syntest best eigna til å få fram kvalitetane i materialet. Omgrepa som blei prioriterte for vidare bruk – *diskurs/fortolkings-reperoar, posisjonering, sosiale kategoriar og mønsterforteljingar* – blei presenterte i førre kapittel. Tema, analytiske spørsmål og analytiske omgrep som blei valde ut etter analyserunde éin, dannar den analytiske framgangsmåten eg brukte til ein meir systematisk gjennomgang av heile det empiriske materialet i runde to. At analysen er arbeidd fram på denne måten, gjer at analysen har ein fortolkande og generativ karakter (Haavind, 2000).



#### 4.6.1 Prioritering av analytiske tema

Dei analytiske temaa som til slutt blei sentrale for det vidare analysearbeidet, var: Korleis forståingar av rusproblem knyter seg til forståingar av alder, korleis nemninga *endring* blir fylt med meiningsinnhald, og korleis generaliserte forteljingar om klientar med rusproblem blei nytta til å gi meining til klientarbeid. Dette var tema som eg erfarte at materialet var eigna til å utforske. Ingen av temaa var avgjorde på førehand; dei blei synlege og relevante gjennom arbeidet med analysen. Det var som om den kollektive stemma om desse emna gjekk att og blei synleg gjennom dei individuelle intervju. Samstundes var det interessante variasjonar i korleis emna blei konstituerte. Tema og rekkefølge på artikkane blei med andre ord avklara undervegs. Forståingar av alder var det første temaet som blei gitt merksemd (artikkel I). Arbeidet med analysen til første artikkel førte til at diskursar om endring blei meir tydeleg (artikkel II), noko som igjen gjorde relevansen av generaliserte forteljingar om personar med rusproblem meir synleg (artikkel III).

I utforskinga av kva diskursive ressursar rådgjevarane hadde tilgang på når dei i intervju gav meining til rusproblem og til rusarbeid, var det mange tema og analytiske aksar eg kunne analysert fram. Det empiriske materialet mitt er såleis langt frå gjennomanalysert. Alle perspektivet ein vel å ta i bruk vil gjere synleg nokre aspekt, og skyggeleggje andre. Mange moglege tema i datamaterialet, og mange av sidene ved konteksten intervjuutsegna blir gitt i, blir ikkje fokusert på i analysen min. Til dømes har eg som premiss at eg som forskar skaper det empiriske materialet saman med dei eg intervju. Eg har likevel ikkje gjort interaksjonen mellom meg og den intervju til eit analytisk tema. Eg gjer heller ikkje variasjonar i utdanningsbakgrunn, fagleg orientering, i arbeidssituasjon eller korleis kontora blir organisert til figur i analysen. Når eg til dømes kallar dei intervju *rådgjevarar* utan å nemne variasjonar i utdanning eller arbeidsoppgåver, dekkjer eg til betydningar utdanning og stilling kan ha. Dette er eit resultat av dei analytiske prioriteringar eg har gjort mellom tema, utan at det betyr at dei nedprioriterte temaa ikkje har relevans. Perspektiva forskaren vel, kan vere meir eller mindre brukbare til å gjere interessante analysar og gi nye innsikter (Haavind, 2000). Dei analytiske aksane som blir presenterte, er mine valde perspektiv inn i det empiriske materialet for at eg skal kunne utforske interessante sider ved meiningsdanningar knytt til rusproblem og rusarbeid. Basert på arbeidet med empirien har eg valt dei analytiske temaa som eg fann mest brukbare for å få fram potensialet det empiriske materialet har til å utvikle kunnskapsfeltet. Eg har teke ein posisjon kor eg er oppteken av rådgjevarane som representantar for eit diskursivt felt. Det gjer at det ikkje er individa som er analyseeining, men bruken av diskursive ressursar. Dette valet

har gjort at eg har retta merksemda mot diskursive ressursar og subjektposisjonar, og ikkje mot å kategorisere personane eller eigenskapar ved dei. Vidare har eg fokusert på rådgjevarane sine meiningsdanningar. Det vil seie at eg har søkt etter kva kategoriar og diskursar rådgjevarane gjer relevante når dei snakkar om klientarbeidet, og kva samband dei sjølve trekker mellom det dei erfarer og kontekstuelle forhold. Når eg til dømes fokuserer på diskursar knytte til alder i artikkel I, endring i artikkel II og generaliserte forteljingar om personar med rusproblem i artikkel III, er det fordi desse diskursive ressursane synte seg tydelege og relevante i rådgjevarane si meiningsdanning. I val av analytiske tema har eg også prioritert å fokusere på meiningsdanningar som syntest sjølvsgde. Ved å utarbeide analysar som utforskar og overskrid innforståtte forståingar, har eg søkt å utvikle kunnskapsfeltet ved å setje lite diskuterte meiningssamanhengar under forhandling.

Samstundes er eg merksam på at det er fleire diskursive ressursar i bruk i materialet enn eg har hatt høve til å analysere fram. Eg kunne til dømes analysert kjønnsdiskursar, fagdiskursar, emosjonsdiskursar og korleis ulike arbeidssituasjonar aktiverer ulike diskursive ressursar. Eg kunne vidare inkludert fleire sosiale kategoriar i analysen enn eg har gjort, jf. punkt 3.5. Eg har ikkje hatt som analytisk ambisjon å fange alle relevante analysetema, men å lage éi vinkling – ein *optikk* (Søndergaard, 1996) – eigna til å utvikle kunnskapen vi har om rusfeltet som diskursivt felt.

Tilnærminga mi til val av analysetema har styrker og ulemper med seg. Ved at eg fokuserer på kva det konkrete empiriske materialet har rike skildringar av, legg eg til rette for at potensialet ved det empiriske materialet blir nytta, og at tema som er lite fokuserte på i kunnskapsfeltet, kan bli utforska. På den andre sida byggjer eg analysen mindre på kunnskap som er utvikla på feltet. Dersom eg til dømes hadde bygd vidare på forskning som viser korleis organisasjonelle tilhøve eller utdanning har betydning for meiningsskaping, kunne eg i større grad late arbeidet med denne empirien supplere og utvikle desse kunnskapstemaet vidare. Å fokusere på diskursive ressursar personane sjølv aktiverer, gjer også at meiningssamanhengar som er innforståtte og usagde, ikkje blir tematiserte.

#### 4.7 Forskaren som medprodusent

Som nemnt ser eg intervjuet som eit sosialt møte der eg og den intervjuja saman skaper forskingsmaterialet. Intervjuet og intervjumaterialet vil såleis vere forma av intervjuaren og den intervjuja i fellesskap (Järvinen, 2005). At eg som forskar påverkar, er uunngåeleg, og dette er heller ikkje sett som eit problem, men det er noko eg som forskar skal ha eit reflektert forhold

til (Holstein & Gubrium, 2004; Järvinen & Mik-Meyer, 2005). Eg vil i dette avsnittet peike på nokre av måtane eg som forskar har vore medprodusent av det empiriske materialet på. Avsnittet er meint som ein illustrasjon og ei påminning, og er ikkje ein gjennomanalysert presentasjon av korleis eg som forskar og intervjuar er medskapar av intervjumaterialet og forskingsresultata. Til dømes tek eg som forskar diskursive ressursar i bruk når eg planlegg og gjennomfører intervju. For å få tilgang til relevant empirisk materiale om meiningsdanningar knytte til rusarbeid og rusproblem må eg nytte språket, det finst ingen stad å samsnakkast som er utanfor etablerte diskursar. Eg valde å omtale klientarbeidet eg ønskte å snakke om som *arbeid med klientar med rusproblem*. Sjølv om denne termen er fylt med diskursiv mening, opplevde eg det meir opent for meiningsinnhald enn til dømes rusavhengige eller rusmisbrukarar.

Når eg inviterte den einskilde rådgjevar til å fortelje om deira erfaringar med konkrete saker, tok eg i bruk vestlege diskursive ressursar om *individet* og om *saker* som funksjonelle og gyldige einingar (Ulvik og Rønnestad, 2013). Måten eg som intervjuar bruker diskursive ressursar på, er slik med på å produsere dei diskursive ressursane studien identifiserer. Valet mitt om å intervjuje enkeltpersonar om deira arbeid med klientsaker former også eit materiale som løfter fram individets rolle i ein arbeidssituasjon, og gir mindre merksemd til mellom anna kollegial samhandling.

Når eg ber rådgjevarane fortelje om arbeidet sitt med ei sak, skaper eg ein situasjon der den intervjuja blir beden om å fortelje om noko interessant frå klientarbeid sitt. Utforsking av narrativ har vist at plottet i forteljingar, det som bind ei forteljing saman og som skaper spaning og gjer ei historie interessant å fortelje, ofte vil vere organisert rundt ei form for problem eller utfordring (Järvinen, 2005). Som Kenyon og Randall peiker på (sitert i Järvinen, 2005 s. 36): «ingen problemer – ingen historie; ingen forhindringer – ingen spænding; ingen pine – intet eventyr». Mine invitasjonar til å fortelje om klientarbeidet kan ha danna ein situasjon som stimulerer til at det er historier om vanskar i klientarbeidet som blir fortalde – og dermed til ei samsskaping av eit materiale rikt på bruk av visse diskursive ressursar, som til dømes mønsterforteljingar om klientar med rusproblem (artikkel III).

Ein annan måte å forstå korleis det empiriske materialet er forma av interaksjonen mellom meg og rådgjevarane på, er ved å sjå utsegna i intervjuja som måtar deltakarane søkjer å presentere seg sjølv på tenlege måtar på (Järvinen, 2005; Lee, 1993). Som nemnt var spørsmåla eg stilte, ofte utforskande kva/kvifor/korleis-spørsmål. De Fina (2009) peikar på korleis slike spørsmål kan setje den intervjuja i ein situasjon kor den opplever behov for å legitimere, forklare eller

rettferdiggjere handlingane og avgjerdene sine. Spørsmåla mine kan slik invitere den intervjuar til å gi *legitimerande forklaringar (accounts)* – eit omgrep nytta på narrativ som er konstruerte for å legitimere, forklare eller rettferdiggjere handlingar. Korleis den eg intervjuar, oppfattar korleis- og kvifor-spørsmåla mine, vil såleis verke inn på korleis dei legitimerande forklaringane deira blir utforma. Sjølv om eg oppfatta at stemninga i intervju mine generelt var avslappa, hende det at visse tema verka sensitive (Lee, 1993). Eit slikt tema knytte seg til det som blir omtala som manglande endring hos klienten. Ein del gonger syntest snakket omkring endring eller manglande endring å skape ein situasjon kor personen opplevde seg stilt til veggs. Situasjonar der personen eg intervjuar fekk behov for å gi ei legitimerande forklaring, kan ha aktualisert visse forteljingar, som forteljingar om kor vanskeleg det er å hjelpe brukarar med rusproblem.

Historiene som er delte og skapte i forskingsintervju, reflekterer den sosiale, kulturelle og institusjonelle konteksten vi deltakarane møtest i. Dette skjer blant anna gjennom kva sosiale kategoriar som blei aktualiserte (Holstein & Gubrium, 2004). I intervju posisjonerte eg som intervjuar og den intervjuar kvarandre som tilhøyrande i spesifikke sosiale kategoriar, som til dømes mann–kvinne, ung–gamal, erfaren–uerfaren, NAV-tilsett–ikkje NAV-tilsett, sosionom–ikkje sosionom og så vidare. Kva kategori vi plasserte oss sjølve og den andre i, er metodologisk interessant, då kategoriplasseringa påverka interaksjonen og forteljingane som blir skapte i intervjuet (Davies & Harré, 1990; Järvinen & Mik-Meyer, 2005). Sidan posisjonering verka inn på kva forteljingar som blei fortalde, og korleis dei blei fortalde, er det interessant å reflektere over kva posisjonar som blei aktualiserte i intervju. Det er umogleg å gi ein uttømmende presentasjon av dei ulike posisjonane som kom til syne, men eg vil gi nokre døme: I fleire intervju såg det at informantane kjende til at eg var sosionom, ut til å verke inn på kva som blei fortalt, og korleis det blei fortalt. Av og til synest fortolkingskonteksten å vere at intervjuar og den intervjuar høyrde til felles kategori; «*vi sosionomar*». I desse situasjonane blei bakgrunnen vår som sosionom gjerne omtala ved at det blei snakka om kor vi hadde teke utdanninga, eller eg fekk spørsmål om kva fag eg underviste i ved Høgskulen. I slike intervju var fleire ytringar retta mot eit forventet felles tankesystem, som at det blei uttalt at kollegaer ikkje hadde inne «vår» måte å tenke på, eller at vedkomande ikkje har «vår bakgrunn».

I andre intervju der eg var posisjonert som sosionom, posisjonerte den andre seg som ikkje-sosionom. Skilnad i utdanning synest å føre til forventingar om ulik meiningsramme og at den intervjuar difor måtte forklare og legitimere val og forståingar. Eitt døme er frå eit intervju der

Trude, som har økonomiutdanning, fortel om arbeidet med ein klient. Denne klienten hadde brukt eit økonomisk tilskot på andre ting enn tenkt:

Og så heldt han ikkje avtalen og kjøpte ein bil. Og det kan godt hende at det var fornuftig utifrå hans ståstad den gongen, for å ha meir kontakt med ungene. Men utifrå ein økonomisk ståstad var det ikkje så veldig fornuftig. Og som sosionom kan du sikkert seie at det var veldig fornuftig. Eg òg kan seie at OK, det kunne vore fornuftig, men då måtte du ha teke det opp med oss på førehand, og så kunne vi vurdert det.

Snakket til den intervjuua er her prega av førestillingane om meg som sosionom. Forklaringar blei produserte som eit rettferdiggjjerande svar på oppfatningar ho tenkte at eg gjerne hadde.

Eit anna døme er hente frå eit sitat presentert i artikkel III, der Nina fortel korleis ho har gått til leiinga for å få slutt på det ho opplever som diskriminerande og stigmatiserande haldningar: «Så får dei sikkert synast at eg er ei dritkjerring. Men det er vel prisen eg må betale, det gjer meg ingenting. Så skaper det litt bevegelse». Forteljinga hennar heng ikkje berre saman med erfaringa ho har med andre tilsette, men er også påverka av intervjusituasjonen og interaksjonen vår. Eg opplevde at det blei etablert eit *vi* i løpet av intervjuet, som blant anna handla om det å ha samfunnsvitskapleg bakgrunn og ha arbeid med rusproblem utanfor NAV. Denne opplevde alliansen gjorde at ho kunne snakke om seg sjølv som «dritkjerring» og samstundes vere trygg på at eg ikkje såg på henne som det.

Også arbeidet med analysen er uunngåeleg forma av meg som forskar. Analysane og presentasjonen av dei er blant anna påverka av kva for andre analysar eg har lese, kurs og konferansar eg har delteke på og dialogen med lesarar av analysesnuttar og artikkelutkast. Slik har intersubjektive møter påverka studien kontinuerleg.

Avhandlingsarbeidet er også påverka av mine eigne forforståingar og erfaringar. Sjølv om eg søkjer å leggje faglege teoriar og forståingar til sides, har eg, i likskap med alle forskarar, verken eit blankt eller nøytralt blick på rusarbeid og rusproblem. Eg har sjølv erfaring med rusarbeid etter å ha jobba med ungdom med rusproblem i fleire år. Eg er såleis på linje med rådgjevarane ein kulturell aktør i rusfeltet. Eg er del av det same diskursive feltet, er informert av mange av dei same diskursive ressursane og har kjent på utfordringar og dilemma som rådgjevarane møter. Samstundes har eg aldri arbeid i NAV, og har såleis også eit utanfrå-perspektiv i denne institusjonelle konteksten. Forforståingane mine er både ein ressurs og ei utfordring for

analysen. At eg deler sjølvsagde oppfatningar med informantane, gjer at eg lettare forstår. At eg deler det innforståtte og sjølvsagde, gjer også at eg kan bruke eigen normativitet som analytisk reiskap. Ved å studere kva oppfatningar eg deler, og kva eg blir overraska eller provosert av, kan eg utforske kva rådande diskursar eg sjølv er ein del av. Samstundes kan dei delte oppfatningane hindre meg i å sjå felles blinde flekker. Å ha ein ambisjon om å utforske sjølvsagde oppfatningar er såleis også å jobbe med og mot eigne oppfatningar. Gjennom mange timars møte med det empiriske materialet har eg reflektert over og søkt å destabilisere forståingar i materialet. I dette arbeidet har eg funne det hjelpsamme både å prøve ut ulike analytiske omgrep og å lese liknande analysar på andre fenomenfelt. Eg har også søkt å bruke eigen normativitet aktivt ved å reflektere over spørsmål som «Kva reagerer eg på her?», «Kvifor reagerer eg?», «Kva oppfatningar byggjer eg på då?», «Kvifor er eg einig i dette?», «Kva for idear deler vi?» og så vidare.

Samstundes inneheld materialet kategoriar og diskursar som framleis er blinde flekkar for meg, og difor uanalyserte. Erfaringane eg har med rusproblem og rusarbeid, vil også kunne påverke kva eg legg spesielt godt merke til i det empiriske materialet, og kva eg finn analytisk interessant. Eg har stort engasjement for rusarbeid, har tru på at ein kan hjelpe, og har mange gonger erfart at det nyttar. I analysen rettar eg merksemd mot forteljingar om fortviling og manglande tru på endring. Sjølv om desse emna blir gitt merksemd som følge av arbeidet med det konkrete empiriske materiale, kan erfaringane mine og forforståinga mi ha ført til at eg har vore særleg sensitivisert for forteljingar om resignasjon og manglande tru, og dermed medverka til at manglande endringsoptimisme fekk eit sentralt fokus i analysen.

Andre måtar eg er posisjonert på, verker også inn på korleis eg har forstått materialet, som at eg er etnisk norsk kvinne i 40-åra, er mor, har fast arbeid og at eg nyt alkohol, men ikkje andre rusmiddel. Ein analyse av diskursive ressursar gjennomført av ein person med ein annan kulturell bakgrunn, arbeidserfaring, rusbrukserfaring og så vidare, kunne ført datamaterialet og analysen i andre retningar. Eit sosialkonstruksjonistisk kunnskapsprosjekt legg til grunn at det ikkje finst nokon nøytral stad eg kan studere meiningsskaping utifrå. Eg gjer det same som informantane mine; eg er situert i ein kunnskapssituasjon som rammar inn tolkingsforslaga eg kjem med. Slik blir kunnskapsprosjektet mitt, som alle andre forskingsprosjekt, eit «barn av sin tid», utan at det hindrar forskinga mi i å vere vitenskapleg, relevant og nyttig.

## 4.8 Presentasjon av analyseresultat og empirisk materiale

Dei endelege tekstane som er presenterte i kapp og i artiklane er bearbeidde i mange rundar. Artikkelutkast er presenterte for ulike grupper, nokre med interesse for rusfaglege problemstillingar, nokre med felles teoretisk interesse og nokre som har heilt andre substansielle og teoretiske interesser. I tillegg har tekstane blitt endra og vidareutvikla gjennom møte med korrekturlesarar, tidsskriftsredaktørar og fagfellar.

Eg har brukt intervjusitat omfattande i alle artiklane. Det har vore fleire utfordringar knytt til korleis intervjusitata skulle presenterast. Éi utfordring var knytt til kor lange sitat eg skulle presentere. Eg ønskte å på den eine sida vise fram intervjuteksten mest mogleg ordrett og samanhengande, og også ha med intervjuaren si stemme, for slik å få fram informasjon om vår interaksjon. På den andre sida førte ei slik rik og detaljert skildring til at sitata tok stor plass, og dermed gav mindre plass til analysen. Eg erfarte også at rike og lange sitat skapte «støy», ved at eg presenterte informasjon som ikkje var ein del av dei analytiske poenga og ikkje blei skikkeleg kommentert eller analysert. Resultatet blei eit praktisk kompromiss mellom idealet om å gjengje det originale snakket så autentisk som mogleg, og omsynet til formidlingskvalitet og plassomsyn. Intervjuutdraga er også stundom noko redigert, det vil seie at eg har gjengitt sitat, men teke vekk delar som ikkje er relevante for det analytiske poenget. Når noko er utelate, blir det markert med tre prikkar i klamme ([...]). Vidare har eg, av omsyn til personvern, fjerna namn på personar, namn på stilling, stader og institusjonar. Informantane har fått fiktive namn, og alle er omtalte som rådgjevarar. Når ein person er sitert fleire gonger, har eg stundom av omsyn til personvern gitt personen ulike pseudonym. Nokre gonger har eg, for å sikre anonymitet, endra detaljer i klientforteljinga – i slike tilfelle har eg vurdert endringane til ikkje å ha innverknad på meiningsinnhaldet i teksten.

I kvalitative studiar er det fleire utfordringar hefta ved å omsetje sitat til andre språk. Ei omsetjing til eit anna språk fører til reduksjon i autentisitet, og står i fare for å føre til misforståingar og endring av meiningsinnhald (Nikander, 2008b). For å unngå misforståingar og endringar har eg fått hjelp av profesjonelle omsetjarar til å omsetje sitata, i tillegg til at eg har hatt eit særskilt fokus på slang og lokale uttrykk som er vanskelege å omsetje. Eg søkte å finne den mest treffande omsetjinga både ved å diskutere omsetjingsforslag med omsetjaren, og ved å diskutere omsetjingsforslag med andre, for slik å få kjennskap til variasjonar i korleis ord blei forstått.

Sjølv om eg har fått god hjelp til språkvask og omsetjing, opplevde eg det å presentere analysane på engelsk som utfordrande og avgrensande. Det å skrive på eit framandspråk avgrensar høvet til å både uttrykke eigne tankar og forståingar og formidle informantane sine skildringar. Å skrive til ei internasjonalt lesargruppe har også innverka på kva eg har lagt vekt på i artiklane. På den eine sida har det å skrive til lesarar i utlandet ført til at analysane er blitt meir forankra i ein internasjonal kontekst, men på den andre sida har det redusert høvet til å utdjupe og diskutere den norske konteksten.

Det har også vore utfordrande å finne eigna måtar å snakke om *rusproblem* og *rusarbeid* på. *Rusproblem* og *rusarbeid* blir konstituerte gjennom språket, og dei språklege uttrykka som blir brukte er full av diskursiv mening. Inspirert av Søndergaard (2000), som argumenterer for ei medviten bruk av framandgjerande språk, har eg leita etter måtar å snakke om *rusarbeid* og *rusproblem* på som kommuniserer utan å vere så fylte av sjølv sagt diskursiv mening. Eg opplevde at forsøka mine på nyord blei for framandarta og kommuniserte dårleg. Eg valde difor til slutt å nytte *rusarbeid* og *rusproblem* definert slik eg presenterte omgrepa innleiingsvis. Eg finn at desse omgrepa kommuniserer bra, samstundes som dei er meir opne enn til dømes *avhengigheit* og *behandling*. I tillegg bruker eg gjerne kursiv, for å minne om at det er sosiale konstruksjonar – og ikkje essens – eg snakkar om.

#### 4.9 Vurdering av kvalitet i studien

Kva kvalitetskrav som er mest relevante og eigna til å vurdere eit prosjekt med, avheng av kva type kunnskapsprosjekt det er snakk om, og kva som er målsetjingane med prosjektet. Ikkje minst avheng kvalitetsdiskusjonen av vitskapsteoretisk posisjon. *Validitet* og *reliabilitet* er kjende og veletablerte kriterium for å diskutere kvalitet, men desse kriteria knyter seg til ein positivistisk tradisjon, og er derfor lite eigna til å drøfta kvaliteten i studiar som har brukt meir kvalitative og fortolkande tilnærmingar (Haavind, 2000; Taylor, 2001; Thagaard, 2003). Mange alternative kriterium for kvalitet er foreslått innanfor kvalitative forskingstradisjonar, men så langt har ingen fått vidstrekt aksept (Taylor, 2001). Eg vel å ta utgangspunkt i kriteria Andenæs (2000) presenterer i den vidare diskusjonen av kvalitet. Ho skildrar tre kriterium eigna og relevante til å diskutere kvalitet knytt til forskingsprosjekt som har ei fortolkande tilnærming. Kriteria Andenæs presenterer er *grad av relevans*, *truverd* og *potensial for generalisering*.



#### 4.9.1 Forskingsprosjektets relevans

Eit sentralt spørsmål knytt til forskingsprosjektets relevans er om resultatene er relevante og gyldige med tanke på problemstillinga som låg til grunn for arbeidet. Gir studien svar på kva diskursive ressursar rådgjevarane tek i bruk når dei i intervju gir mening til rusproblem og til rusarbeid? Gir analysane innsikt i kva klientposisjonar, hjelparposisjonar og former for rusarbeid som blir produserte gjennom dei diskursive ressursane som blir analyserte fram? Har studien analysert *rusarbeid* og *rusproblem* på måtar som overskrid naturaliserte og innforståtte forståingar? Eg meiner det. Alle dei tre artiklane presenterer bruken av diskursive ressursar og viser korleis bruken av desse diskursive ressursane produserer bestemte meningsinnhald og gjer tilgjengeleg visse klientposisjonar og hjelparposisjonar. Fokuset på innforståtte og naturaliserte forståingar har vore gjennomgåande i analysen, og naturaliserte forståingar blir utforska og gjort eksplisitte i alle artiklane.

Eit anna sentralt spørsmål er om forskingsprosjektet er gjennomført på måtar som er relevante for formålet til den aktuelle undersøkinga. Eg har i dette kapitlet – og det førre – gjort grundig greie for korleis prosjektet er gjennomført og kva som karakteriserer det empiriske datamaterialet. Eg har vidare vist korleis metodiske val heng saman med dei vitenskapsteoretiske premissane for studien og formålet med prosjektet. Eg tek ikkje opp att alle samanhengane og vegvala her, men vil kommentere tre metodologiske vegval som generelt er omdiskuterte og til dels kritiserte i metodelitteraturen: intervjumateriale som utgangspunkt for diskursteoretiske analysar, talet på informantar og kontekstualisering av datamaterialet.

Enkelte forskarar, spesielt forskarar innanfor ei konversasjonsanalytisk og etnometodologisk tilnærming, meiner at intervju som empirisk grunnlag for analysar av diskursive ressursar byr på mange utfordringar, og at datamateriale som forskaren ikkje har produsert, er å føretrekke, som til dømes bandopptak av samtalar mellom klient og rådgjevar (Griffin, 2007; Potter & Hepburn, 2005; Speer, 2008). Svakheiter som blir trekte fram ved intervju er mellom anna at det blir ein uunngåelege asymmetri mellom intervjuar og den intervjuja, at datamaterialet er gjennomsyra av intervjuarens kategoriar og forskingsagenda, og at vesentlege delar av samhandlinga i intervjuja ikkje blir presenterte for lesar (Potter & Hepburn, 2012). Andre diskursteoretikarar er meir positive til intervjumaterialet (til dømes Taylor, 2013; Van den Berg, Wetherell, & Houtkoop-Steenstra, 2003 og Nikander, 2012). Dei argumenterer for at analysar av diskursar basert på intervjumateriale kan gi viktige og interessante innblikk i forholdet mellom individ/samfunn. Eg deler denne oppfatninga. Analysar frå empiri frå naturleg oppståtte

situasjonar har gitt interessante diskursanalysar om sosial arbeid (blant anna Hall, 2003; Hall et al., 2013; Hjörne, Juhila, & van Nijnatten, 2010; Jørgensen, 2016). Data frå naturleg oppståtte samhandlingssituasjonar er like fullt ikkje dei einaste kjeldene som kan gi viktige og interessante diskursanalytiske innblikk i sosial arbeids praksis. Ein del av studiane som har fått mest vørðnad og innverknad på det diskursteoretiske kunnskapsfeltet, er baserte på intervju-materiale (Nikander, 2008a). Dersom diskursanalysar skulle vere avgrensa til kjelder som byggjer på naturleg oppståtte samhandlingssituasjonar, vil det vere ei uheldig redusering av kjelder som kan gi nyttig og interessant kunnskap om sosialt arbeid som eit diskursivt felt. Intervjudata har også andre kvalitetar ved seg enn samhandlingsdata. Kva for empirisk materiale som er mest eigna, vil vere avhengig av kva som er kunnskapsambisjonen.

Vidare er einig med De Fina (2009), som argumenterer for at ein i staden for å la skiljet mellom materiale som har oppstått naturleg og intervjudata vere det avgjerande, bør utvikle andre kvalitetskriterium å sortere analysar med. I staden for å argumentere for og mot intervju som kjelde for analysar av diskursar, finn eg det meir tenleg å diskutere kva former for kvalitative intervju som er mest eigna til denne typen analyser. Diverre blir kvalitative intervju ofte omtala under eitt, utan at den store variasjon som finst i måten kvalitative intervju blir gjennomførte, transkriberte og analyserte på, blir omtala (De Fina, 2009). Det kvalitative forskingsfeltet treng eit meir differensiert språk for å i større grad kunne diskutere kva former for kvalitative intervju som er eigna til dei ulike typane kunnskapsspørsmål. Eg meiner at forteljingsfokuserte intervju knytt til kvardagserfaringar, som er intervjuforma eg har gjennomført, er godt eigna til å produsere empirisk materiale for ein analyse av diskursive ressursar. Ved hjelp av utforskande spørsmål som fokuserer på meining knytt til konkrete kvardagserfaringar, har eg fått eit meiningsmetta praksisnært empirisk materiale eigna til å utforske korleis profesjonsutøvarar er diskursbrukarar.

Det andre temaet eg vil kommentere, er talet på informantar. Det er vanleg å informere om kor mange ein har intervjuet, og implisitt i denne informasjonen ligg ei forståing av at talet på informantar har innverknad på kvaliteten. Eg har intervjuet 23 personar og har totalt 41 intervju, eit tal som innanfor kvalitet forskning generelt er vurdert som tilstrekkeleg (Kvale, 1997). Etter mi vurdering er det ikkje først og fremst talet på informantar som gjer materialet eigna, men at materialet er rikt på relevante skildringar og situasjonar. Som Andenæs (2000) poengterer, seier ikkje talet på personar nødvendigvis noko om kor eigna det empiriske materialet er til å undersøkje forskingsprosjektets problemstilling. Ein styrke i studien min er at temaa som er sentrale i analysen, er valde på bakgrunn av at dei har vist seg å vere sentrale og tydelege i

materialet. Det betyr at når eg har undersøkt meningssskapande prosessar knytt til bruk av sosiale kategoriar relatert til alder, endringsforteljingar og generaliserte forteljingar om klientar med rusproblem, er det på bakgrunn av at det empiriske materialet har hatt mange og rike skildringar der slike former for meningssskaping viser seg fram.

Det tredje vegvalet eg vil kommentere, er vurderingar i høve til kva kontekst eg som forskar skaper for min analyse. Korleis kontekst blir forstått og formidla, vil alltid både vere perspektivistisk og representere eit avgrensa utval av relevante kontekstuelle dimensjonar (Wetherell, 2001; Schegloff, 1997). Å gi bakgrunnsinformasjon til analysen vil såleis vere eit av dei sentrale konstruksjonane forskaren gjer av studien sin. For studien min vil det vere svært mange ulike kontekstuelle forhold som er relevante å gi lesaren innblikk i. Til dømes kan det vere relevant å få informasjon om historiske endringar i korleis rusproblem og rusarbeid blir gitt mening, slik eg presenterer i kap. 1.2, eller i institusjonelle rammer for arbeidet i NAV slik eg presenterer i 1.3.3. Dette kunne vore utvida til fleire presentasjonar av historiske, strukturelle, kulturelle, institusjonelle og politiske forhold. Andre tilhøve av interesse kan vere at ein får vite meir om dei intervjuar, til dømes kva utdanningsbakgrunn, faglege orientering, roller på kontoret, familietilhøve og erfaring med rusproblem og rusarbeid dei har. Vidare kan det vere relevant å sjå datamaterialet i høve til kjønn, klasse, alder, religion, etnisitet med meir. Det seier seg sjølv at det er umogleg å gi ein fullstendig presentasjon av alle relevante kontekstuelle tilhøve. Kva skal då vere utvalskriteria for at eg presenterer kontekst på ein måte som er relevant og gyldige med tanke på studiens problemstilling og målsetjingar?

Kva kontekstuelle dimensjonar som skal presenterast, er ein djuptgåande problemstilling som har vore mykje diskutert innanfor det diskursteoretiske forskingsfeltet (Wetherell, 2001; Weatherall, 2016; Rapley, 2016)<sup>13</sup>. To klassiske artiklar som peiker på grunnleggjande teoretiske og forskingsmessige problemstillingar knytte til kvalitet, kontekst og analyse av diskursar innanfor samfunnsvitskapen, er Schegloffs (1997) artikkel «Whose text? Whose context?» og Wetherells (1998) tilsvar i artikkelen «Positioning and interpretative repertoires: conversation analyses and poststructuralism». Schegloff, som er ein sentral forskar innanfor konversasjonsanalysen, peikar i «Whose text? Whose context?» på at sidan uendeleg mange kontekstuelle tilhøve og identitetar deltakarane har, kan påverke deltakarane sin veremåte i ein samhandlingssituasjon, blir eit viktig, men vanskeleg spørsmål kva som skal vere grunnlaget for at bestemte klassifiseringar skal vere å føretrekke framføre andre. Schegloff argumenterer

---

<sup>13</sup> For nærmare innblikk i debatten, sjå til dømes Billig, 1999; Weatherall et.al, 2010; Speer & Stokoe, 2011.

for at det er samhandlingssnakket som går føre seg i datamaterialet, som skal vere i fokus for diskursanalysen. Blikket til forskaren skal difor vere retta mot aktivitetane som finst i det aktuelle datamaterialet. Sidan det er meiningsdanningane til deltakarane som er i fokus, er det berre deira fortolkingar og klassifiseringar som er relevante. Om til dømes alderen, rolla eller utdanninga deltakarane har, skal gjerast relevant, er det fordi ein kan observere at deltakarane aktualiserer dette i samhandlingssituasjonen. Om forskaren trekker anna informasjon inn i analysen, til dømes om institusjonelle og kulturelle forhold, eller legg til karakteristikkar av deltakarane, vil det svekke kvaliteten på analysen, hevder Schegloff (1997), fordi det gjer at analysen blir forstyrra av dei subjektive forståingane til forskaren.

Wetherell argumenterer i tilsvaret sitt for ein syntese av fokuset konversasjonsanalysen har på samhandlingssituasjonen med eit poststrukturalistisk perspektiv på diskurs og subjektivitet. I kontrast til Schegloff argumenterer ho for at ein komplett analyse også bør inkludere analyser av vidare meiningsystem. Meiningsystem som med fordel kan inkluderast, er meiningsystem som har samband med og produserer subjektposisjonane deltakarane tek i det empiriske materialet. Wetherell presenterer *fortolkingsrepertoar (interpretative repertoires)* som eit omgrep eigna til å skape samanhengar mellom det som blir sagt i samhandlingssituasjonen, med vidare historisk og politisk kontekst.

Både Schegloff og Wetherells tilnærming har fått brei oppslutning av diskursanalytikarar og har gitt grunnlag for ulike tilnærmingar til korleis forskaren handsamar kontekst. I denne studien har eg vore inspirert av Wetherells tilnærming. Eg har, slik eg gjer meir greie for i avsnittet om val av analytisk tema, prioritert å fokusere på diskursive ressursar som var aktive og tydelege i bruk i intervjumaterialet. Kva som blir sett som naudsynt og relevant kunnskap om kontekst er knytt til kva vitskapsteoretisk utgangspunkt studien har, og kva som er kunnskapsmålet. Med utgangspunkt i det vitskapsteoretiske utgangspunktet studien min har, blir ikkje forskinga sine resultat meir 'sanne' eller meir interessante di meir uttømmande detaljar eg presenterer om kontekstuelle tilhøve, som til dømes om intervjusituasjonen. Den analytiske ambisjonen er ikkje å gi ei avspegling av røynda, men å tilby eit perspektiv som gjev relevante og gyldige analysar av korleis rusarbeid og rusproblem blir gitt mening, utan å påstå at dette er einaste måten å forstå rusfeltet som diskursivt felt på. Utvalet av kontekstuell informasjon er min valte optikk (Søndergaard, 1996) på empirien basert på eit systematisk analytisk arbeid med materialet.

#### 4.9.2 Om prosjektet er truverdig

Neste steg er å vurdere om analysane er truverdige. I forskning der standardisering står sentralt, blir spørsmål knytte til om prosjekt er truverdige, ofte knytte til om andre forskarar ville kunne kome fram til same resultat ved same framgangsmåte – det vil seie ved replikasjon. I prosjektet mitt, der nettopp det intersubjektive er eit sentralt kjenneteikn ved analysen, er eit slikt kvalitetskrav ikkje relevant. I staden er eit kvalitetskriterium at forskingsarbeidet er transparent, det vil seie om forskingsprosessen er vist fram på ein måte som gjer det mogleg for lesaren å på sjølvstendig grunnlag vurdere kvaliteten på analysane. Dette set krav til at eg som forskar gjer synleg korleis intervjumaterialet er skapt, kva det empiriske materialet viser og kva teoretiske forståingar og analytiske omgrep analysen er forma av (Andenæs, 2000). Eg har i dette og det førre kapittelet gjort grundig og konkret greie for dei ulike stega i produksjonen av empirien, for karakteristikkar ved det empiriske materialet og for teoriane og omgrepa som har informert analysen. Eg meiner derfor å ha møtt dette kvalitetskravet på ein tilfredsstillande måte. Ved å gi lesaren innsyn i arbeidsprosessen dannar eg eit grunnlag for kritisk refleksjon. Det same omsynet ligg bak presentasjonen av sitat i artiklane. Gjennom å vise typiske situasjonar for materialet, men også variasjonar, har eg søkt å vise noko av kompleksiteten i materialet. Samstundes finst det variasjonar, nyansar og kompleksitet som ikkje blir vist fram. Sjølv om eg har søkt å arbeide så påliteleg og reflektert som mogleg, vil analysen og presentasjonen av analysen medføre ein reduksjon av kompleksiteten og rikdomen i det empiriske materialet.

#### 4.9.3 Potensial for generalisering

Vurderingar av relevans og truverd er nært knytte til vurderingar av studiens potensial for generalisering. Generalisering handlar om i kva grad undersøkinga har overføringsverdi. I kvantitativ forskning blir generalisering ofte forstått som i kva grad resultatet av ei undersøking kan generaliserast til ein større populasjon, og i forlenging av dette blir generalisering ofte presentert som ei utfordring i kvalitativ forskning. Men det er fleire måtar å forstå generalisering på. Andenæs (2000) poengterer at generalisering handlar om overføringsverdien av forskingsresultatas form og innhald. Ein slik måte å tenke generalisering på, gjer at mottakaren av den kunnskapen studien tilbyr, spelar ei viktig rolle. Det sentrale blir kor stor overføringsverdi mottakaren opplever studien har. Intervjumaterialet som analysane eg presenterer byggjer på, er lokalt situerte og produserte, men personane eg intervjuar, tek samstundes i bruk diskursive ressursar som går ut over den lokale situasjonen. Derfor har analysen min potensial til å fungere meiningsskapande og kunnskapsutviklande for profesjonsutøvarar, politikarar og forskarar som

ikkje har erfaring frå dei konkrete kontekstane som det empiriske materialet er utvikla i. Det gjeld både det substansielle innhaldet i analysen om rusarbeid og rusproblem, og dei analytiske reiskapane eg har brukt. I kor stor grad eg har lukkast er vanskeleg å måle her og no. Men eg har prøvd å leggje til rette for ei generalisering ved å tilby kontekstualiserte presentasjonar av resultata og ved å vere grundig og konkret i skildringa av metodologi og empiri. Dersom andre finn resultata interessante og relevante nok til å utforske liknande spørsmål i sine kontekstar, er eit viktig mål med prosjektet nådd.

#### 4.10 Etiske forhold

Studien min er meld til Norsk Samfunnsvitskapleg Datateneste (NSD), som har godkjent forskingsprosjektet (vedlegg 1). Utover dei formelle krava til gjennomføringa av prosjektet har eg måtta ta andre etiske val undervegs. Eg vil i dette avsnittet gå ut over dei formelle sidene ved forskningsetikken og gjere greie for refleksjonar knytt til sider ved studien som har skapt etiske utfordringar. Eg fokuserer på to tema: etiske forhold ved gjennomføringa av intervjuet og etiske forhold ved presentasjonen av avhandlinga.

##### 4.10.1 Etiske forhold ved gjennomføringa av intervjuet

Eit viktig etisk omsyn er å sikre at dei involvert aktørane er informerte om prosjektet og gir samtykke til å delta. Leiarane ved dei ulike NAV-kontora hadde via NAV Fylke samtykt til å delta i prosjektet før eg tok kontakt. Eg hadde i tillegg telefonsamtalar med leiarane, der eg informerte ytterlegare om prosjektet. Dei intervjuet rådgjevarane fekk informasjon om prosjektet både før og under første intervjuet (vedlegg nr. 2). Alle gav skriftleg samtykke (vedlegg nr. 3). Informantane fekk informasjon om at dei kunne trekke seg når som helst utan å måtte grunngi det.

Brukarane som blir omtalte av rådgjevarane i intervjuet, har ikkje fått informasjon om prosjektet, eller fått høve til å ta stilling til om dei ønskjer å bli omtalte. Sjølv om brukarane blei omtalte anonymt, kunne vi risikere at eg kunne identifisere vedkomande. Eg vurderte faren som minimal. Rådgjevarane var informerte både på førehand og i intervjuet om at brukarar skulle presenterast anonymt. Rådgjevarane har også ein yrkesmessig teieplikt; dei er både kjende med kravet om anonymisering og trena i å teie. Nokre få gonger gjennom dei 41 intervjuet gav rådgjevarane opplysningar som saman med andre opplysningar kunne vore personidentifiserande, til dømes fornamn eller opplysningar knytte til konkrete hendingar og institusjonar. Sidan andre

opplysningar ikkje blei gitt, og eg var medviten om ikkje å sette opplysningane eg hadde fått, inn i ein meningsgivande samanheng, identifiserte eg ingen brukarar.

Eit anna etisk omsyn var kva konsekvensar gjennomføringa av intervjuar hadde for dei involverte. Det var ei gjennomgåande oppleving at rådgjevarane hadde dårleg tid og kontinuerleg måtte prioritere. Dei eg intervjuar, fekk ein eller to arbeidstimar mindre å rutte med. Prosjektet tok slik av knappe tidsressursar. Å snakke om eigen profesjonell praksis kan også vere sensitivt og potensielt krenkande (Lee, 1993). Fleira av dei intervjuar gav uttrykk for at dei opplevde det å delta som inspirerende og nyttig, og at tidsbruken var meningsfull for dei. Eg har likevel ingen garanti for at ingen hadde negative opplevingar i samband med intervjuar.

Eg opplevde ved fleire høve at det å snakke om pågåande saker i intervjuar verka inn på arbeidet med sakene dei snakka om. Rådgjevarar gav inntrykk av at dei ved å snakke om ei sak kom på ting dei ønskte å gjere, eller fekk nye tankar om korleis dei forstod problemet eller klienten, og kva dei ville gjere vidare i saka. Tilbakemeldingane frå rådgjevarane tyder på at det å snakke om sakene bidrog til refleksjon og auka handlingsrom.

#### 4.10.2 Etiske forhold ved presentasjonen av avhandlinga

Etikk omfattar også forhold som kva verknad avhandlinga kan ha i den sosiale konteksten ho blir formidla i. Korleis ein forstår dei etiske utfordringane, heng saman med vitskapsteoretisk og teoretisk ståstad. Som presentert i teorikapittelet skaper ei sosialkonstruksjonistisk forståing av kunnskap ei audmjuk og sjølvrefleksiv tilnærming til kva eigne konstruksjonar og snakke-måtar produser.

Eit sentralt etisk omsyn er om eg har ytt informantane rettferd – om dei opplever seg rettmessig presentert. Ein presentasjon vil måtte redusere kompleksitet. Det gjer mellom anna at rådgjevarane kan oppleve at vesentlege sider ved arbeidskvardagen deira ikkje er godt nok presentert. Ved at analysen har fokusert på det diskursive feltet og ikkje fokusert på å vise fram den einskilde rådgjevar i full breidde, yter ikkje avhandlinga rettferd til korleis den einskilde tenkjer og handlar. Når eg løfter fram korleis ein rådgjevar posisjonerer seg innanfor ein diskurs, er det for å vise fram denne posisjonen og denne diskursen. Det er ikkje å forstå som representativt for vedkommande som profesjonsutøvar.

Valet mitt om å fokusere på sjølvsgte forståingar, og ikkje til dømes på faglege teoriar og modellar i bruk, kan også bli lese slik at eg ikkje yter profesjonsutøvarane fagleg rettferd. Eg har prøvd å førebyggje ein slik lesemane. Det har ikkje vore eit mål med dette kunnskaps-

prosjektet å identifisere «faglege» eller «ikkje-faglege» praksisar, eller å rette eit kritisk lys mot den einsskilte profesjonsutøvar. Den diskursteoretiske forankringa studien har, gjer at eg ikkje kategoriserer eller vurderer den einsskilte profesjonsutøvar, men retter merksemda mot det diskursive feltet. Analysen er såleis meir kulturkritisk enn personkritisk. At studien retter merksemda mot rusfeltet som eit diskursivt felt, reduserer faren for at analysane blir opplevde som personleg kritikk eller avsløring.

Eit anna sentralt omsyn er kva implikasjonar mine eigne måtar å snakke om rusproblem og rusarbeid på, har. Til liks med informantane mine produserer eg forståingar og subjektposisjonar gjennom måtane eg presenterer rusarbeid og rusproblem på. Det ligg såleis eit etisk ansvar i korleis eg presenterer rusproblem og rusarbeid gjennom skrivinga mi. I avhandlinga peikar eg til dømes på korleis mange diskursive ressursar fokuserer på relasjonen mellom klienten og rusproblemet, og korleis dette fokuset reduserer merksemda på andre forhold i livet til klienten. Samstundes produserer eg ei avhandling der rusproblem er gjort til eit hovudtema. Eit anna døme er bruken av termen *rusproblem / substance abuse / substance use problems*. Orda tilhøyrar visse diskursar, og ved å bruke dei reproduserer eg visse forståingar, til dømes av at nokre former for rusbruk er avvikande og problematiske, og at denne bruken er forankra i enkeltindividet (Lloyd, 2013; White & Kelly, 2011). På den andre sida kan avhandlinga medverke til å rette merksemd mot korleis *rusproblem / substance abuse / substance use problems* er sosialt konstruerte termar, og slik medverke til å produsere alternative forståingar. Ingen fenomen kan studerast eller presenterast prediskursivt. Uansett kva omgrep eg vel, vil det styre blikket og merksemda til lesaren i visse retningar, der enkelte aspekt blir inkluderte og andre ikkje. Eg har søkt å presentere rusproblem og rusarbeid på måtar som er tenlege til å bevege kunnskapsfeltet, og slik opne for eit større tenke- og handlingsrom.



## Kapittel 5. Resultat

I dette kapittelet presenterer eg kort dei tre artiklane eg har skrive under arbeidet med avhandlinga. Artiklane er sjølvstendige analytiske bidrag som på kvar sin måte medverkar til å gi svar på det overordna forskingsspørsmålet som er presentert i kapittel 1. Ved at artiklane fokuserer på ulike diskursive ressursar som rådgjevaren tok i bruk i intervju, gir dei samla sett innsikt i korleis rusproblem og rusarbeid blir konstituerte gjennom bruk av ulike historisk, kulturelt og sosialt situerte diskursive ressursar.

### 5.1 «Focus on the young ones»: Discourses on substance abuse and age

Artikkel I, som blei publisert i *Nordic Studies on Alcohol and Drugs* i 2015 (vol. 32, side 277–293), utforskar korleis diskursar om alder inngår i eit dynamisk samspel med korleis rusproblem og rusarbeid blir forstått. Ved hjelp av ei interseksjonell og diskurspsykologisk tilnærming utforskar eg følgjande problemstilling; Korleis knyter diskursar om rusproblem seg til diskursar om alder, og kva subjektposisjonar produserer dette dynamiske samspelet? I lys av analysen søkte eg i sentrale politiske dokument etter korleis alder blei aktualisert og gitt mening når rusproblem blei omtala. Formålet var å vise døme på korleis diskursive ressursar som var i bruk i konkrete praksisforteljingar, var i dialog med breiare samfunnsstrukturar og prosessar.

Analysen viser at bruken av diskursar om alder hadde ei sterk konstituerande kraft som bidrog til å differensiere og prioritere mellom brukarar, til å gi bestemte meningsinnhald til rusproblem og rusarbeid og til å posisjonere hjelpar og klient på bestemte måtar. Analysen viser at kategorien ungdom har eit flytande, men samtidig naturalisert meningsinnhald som produserer posisjonar og legitimerer differensieringar og prioriteringar. Dei identifiserte diskursane om ungdom konstituerer *ungdom* som ei særeigen gruppe med særskilde behov og moglegheiter. Ungdomstida blei konstituert som ei spesielt risikofylt tid og som ei tid som var spesielt viktig for personens forming. Desse forståingane grunn gav og produserte ein *sats på ungdomen*-diskurs som legitimerte og naturaliserte prioritering av dei *unge* brukarane. Innanfor dei identifiserte diskursane om ungdom blei ungdom posisjonert som å vere i risiko, under utvikling og med eit avgrensa ansvar for sin situasjon og endringsprosess. Hjelparen blei posisjonert med ansvar og handlekraft til å kunne skape endring i ungdomens situasjon.

Forteljingane om dei vaksne med rusproblem tok i bruk andre diskursar. Analysen identifiserer ein diskurs eg omtalar som *den viljestyrte vaksne*, der brukaren blei posisjonert med handlekraft og ansvar for eigen endringsprosess, medan hjelparen blei posisjonert med mindre ansvar og

høve til å verke inn på brukarens situasjon. Innanfor denne diskursen var val og medverknad sentrale element i hjelperelasjonen, medan sårbarheit og ulikskap var tona ned. Analysen viser døme der rådgjevarar utfordrar *sats på ungdomen*-diskursen, men ei slik utfordring synest krevjande, då diskursen står fram som hegemonisk og naturalisert.

Sjølv om tidlegare forskning har peika på at alderskategoriar har relevans for rusarbeidet (Järvinen, 2002; Lundeberg, Mjåland, Søvig, Nilssen, & Ravneberg, 2010; Palm, 2006; Søvig, 2007), er kunnskapen om samspel mellom forståingar av alder og rusproblem framleis sparsam. Analysen denne artikkelen presenterer, gir innsikt i korleis alder blir gitt meining, korleis diskursar om alder innverkar på kva meiningsinnhald klientens rusproblem blir gitt, og for korleis diskursar om alder innverkar på dei varierende måtane klientane blir posisjonerte som *ansvarlege* eller *sårbare* på. Artikkelen peikar også på korleis ein dominerande *sats på ungdomen*-diskurs legitimerer ei differensiering av hjelpetilbodet etter klientens alder. *Ageism*-forskninga, som studerer stereotypifisering og diskriminering basert på alder, fokuserer i hovudsak på situasjonen til eldre. Denne artikkelen viser verdien av ikkje å fokusere avgrensa på situasjonen til eldre, men studere *ageism* i lys av situerte og kulturelt forankra kategoriseringsprosessar.

## 5.2 «Talking about change – positioning and interpretative repertoires in stories about substance abuse and change»

Artikkel II blei publisert i *Qualitative Social Work* (Onlinefirst) i 2016 og er skriven saman med Oddbjørg Skjær Ulvik. I denne artikkelen utforskar vi omgrepet *endring*. Vi studerer korleis nemninga endring blir fylt med ulike meiningsinnhald i praksisforteljningane til profesjonsutøvarane. Ved hjelp av omgrepa *fortolkingsrepertoar* (Potter & Wetherell, 1987) og *posisjonering* (Davies & Harré, 1990; Harré et al., 2009) blei følgjande problemstilling utforska: Kva fortolkingsrepertoar snakkar rådgjevarane innanfor når dei skaper meining til endring og til mangel på endring, og kva hjelparposisjonar er tilgjengelege i fortolkings-repertoara som blir analyserte fram?

Analysen gir innsikt i korleis konstitueringa av endring inngår i eit dynamisk samspel med korleis rusproblem og rusarbeid blir forstått, og at dette samspelet innverkar på kva posisjonar som er tilgjengelege for hjelpar og brukar. Analysen identifiserte tre fortolkingsrepertoar som kvar gjorde tilgjengeleg særmerkte hjelparposisjonar:

- (1) Eit fortolkingsrepertoar som ser rusproblem som eit gjenstridig problem som er vanskeleg å endre. Innanfor dette fortolkingsrepertoaret posisjonerte hjelparane seg som fortvilte. Dei posisjonerte seg med lite handlekraft til å skape dei endringane dei ønska, der eit sentralt mål var at brukaren blei rusfri.
- (2) Eit fortolkingsrepertoar som forstår NAVs rolle i klientens endringsprosess som avgrensa. Innanfor dette fortolkingsrepertoaret posisjonerte rådgjevarane seg med avgrensa ansvar og moglegheit til å innverke på klientens endringsprosess. At klienten var klar og mottakeleg, var innanfor dette fortolkingsrepertoaret ein viktig føresetnad for å få til endring.
- (3) Eit fortolkingsrepertoar som karakteriserer endring av rusproblem som ein langsiktig og heilskapleg prosess, der NAV spelar ei viktig rolle. Dette repertoaret produserer ein hjelparposisjon kjenneteikna av handlekraft i høve klientens endringsprosess, og samstundes i opposisjon mot dominerande institusjonelle praksisar.

Artikkelen gir innsikt i kompleksiteten og variasjonar i korleis endring blir gitt mening, og gjer synleg korleis forståingar av endring har avgjerande innverknad på hjelparen si oppleving av suksess og ansvar, og for korleis rusproblemet blir forstått og rusarbeidet utforma. Artikkelen viser at eit fortolkingsrepertoaret som karakteriserer endring av rusproblem som vanskeleg, og eit fortolkingsrepertoaret som karakteriserer endring av rusproblem som ein avgrensa prosess, hadde dominerande og naturaliserte posisjonar. Artikkelen peikar på at både forskarar og norske politiske dokument argumenterer for ei forståing av endring som i større grad ser endringsprosessen som langsiktig. Analysen tyder på at det – i tillegg til auka ressursar – er naudsynt å utvikle diskursive ressursar som rommar, artikulerer og legitimerer endring som langsiktig.

Artikkelen peikar vidare på at i kva grad rådgjevarane posisjonerer seg som suksessrike hjelparar, heng saman med kva fortolkingsrepertoar om endring dei tek i bruk. Analysen syner at ein aktiveringsdiskurs hadde ein dominerande posisjon i det empiriske materialet, og at denne diskursen danna eit bakteppe for korleis endring blei konstituert, og for korleis feilsteg og suksess blei definert. Analysen impliserer at eit avgrensa fokus på arbeid og aktivering som indikator for suksess og endring, er problematisk. Dersom målsetjingane med arbeidet var meir nyanserte, ville rådgjevarane lettare ha tilgang til posisjonar der dei erfarte måloppnåing og suksess, og slik i mindre grad hamna i ein fortvilt posisjon.

Artikkelen viser også at rådgjevarar som tok i bruk alternative fortolkingsrepertoar, der arbeid hadde mindre fokus, hadde vanskar med å presentere seg og arbeidet sitt i tråd med dei

institusjonelle måla. Artikkelen viser med dette korleis ei samanslåing av tenester i *one-stop shops* kan føre til ei einsretting av institusjonelle målsetjingar og av kva endringsdiskursar som rår, noko som igjen kan føre til at dominerande diskursar, som aktiveringsdiskursen, blir forsterka, medan andre diskursar blir marginaliserte.

### 5.3 «Formula stories of the ‘the substance-using client’: Addicted, unreliable, deteriorating and stigmatized»

Artikkel III, som blei publisert i *Contemporary Drug Problems* i 2017, undersøker korleis diskursive ressursar i form av sosialt delte generaliserte historier om personar med rusproblem blir brukte til å gi rusproblem og rusarbeid mening. Bakgrunnen for fokuset på sosialt delte historier er at generaliserte historier om personar med rusproblem stod fram i materialet som ein sentral og aktiv diskursiv ressurs. Ved bruk av omgrepet mønsterforteljingar (formula stories) (Loseke, 2009, 2012, 2013) utforskar eg følgjande spørsmål; Kva mønsterforteljingar om personar med rusproblem blir tekne i bruk når rådgjevarane fortel om praksis? Korleis bidreg desse mønsterforteljingane til å gi rusproblem og rusarbeid bestemte meningsinnhald, og kva plot og karakterar produserer bruken av desse mønsterforteljingane?

Analysen identifiserer fire mønsterforteljingar med tilhøyrande plot, kodar og karakterar: mønsterforteljinga om (1) den avhengige klienten, (2) den upålitelege klienten, (3) klient i forfall og (4) den stigmatiserte klienten. Sjølv om dei framanalyserte historiene byggjer på ulike plot og produserer ulike klientkarakterar, er dei vovne saman. I alle historiene er klientens rusbruk kjernen i historia. Mønsterforteljinga om den avhengige klienten konstituerer rusproblemet som eit personleg problem, og dannar grunnlag for dei andre historiene. Mønsterforteljingane har også det til felles at plottet handlar om at det er krevjande å hjelpe nokon med å slutte å ruse seg.

Analysen av mønsterforteljingar gjer synleg symbolske kodar som er tilgjengelege i vår kultur og som er med å produsere forteljingane. Sjølv om konteksten dei presenterte historiene er fortalde i, som fokuset på arbeidsretting i NAV, innverkar på historieforteljinga, byggjer historiene på symbolske kodar som har resonans ut over den lokale konteksten. Dette er symbolske kodar som *individet*, *avhengigheit*, *behandling*, *sjølvforsørgjande*, *avvik* og *stigma*. Analysen viser korleis slike kodar fungerer som byggjesteinar som gjer dei presenterte forteljingane relevante og truverdige.

Artikkelen gir vidare innsikt i korleis generaliserte forteljingar om personar med rusproblem blir brukt til å (1) gi meining til hendingar og handlingar hjelparen erfarer, (2) produsere klientidentitetar, (3) utforme, forklare og legitimere praksis og (4) skape forventingar og håp til arbeidet. Sidan klientkarakterane dei identifiserte mønsterforteljingar konstruerer, byggjer på rusbruk som nøkkelement, er mønsterforteljingane med på å produsere klientidentitetar der rusproblemet blir ein masterstatus som overskygger andre potensielle klientidentitetar. Også plotta dei identifiserte mønsterforteljingane produserer, er av ein slik karakter at dei forklarar vanskar i arbeidet. Slik kan mønsterforteljingane legitimere og trøyste når arbeidet ikkje fungerer så godt som ein skulle ønske, samstundes som at historiene synest å skape forventingar om eit vanskeleg arbeid, og slik verke inn på grad av håp, innsats og prioritering.

Sjølv om tidlegare forskning har vist at historieforteljing på ulike måtar er ein sentral diskursiv ressurs når rusbruk blir gitt meining (Andersen, 2015; Järvinen, 2014; Tutunges & Sandberg, 2013), er det lite forskning på korleis generaliserte forteljingar om rusproblem innverkar på profesjonsutøvarar si meiningsdanning, og på kva sosiale konsekvensar bruken av desse historiene har. I artikkelen reflekterer eg over likskap og ulikskap med resultat frå internasjonal forskning. Eg spør blant anna om dei generaliserte forteljingane om rusproblem som artikkelen presenterer, er meir tilgjengelege og nyttige i kulturelle kontekstar kor profesjonsutøvarar representerer velferdsstatens ansvar, enn dei er i andre kulturelle kontekstar. På grunnlag av relevansen mønsterforteljingar viste i det empiriske materialet mitt, argumenterer eg for auka merksemd til og utforsking av kva generaliserte historier som sirkulerer om personar med rusproblem, både ute i samfunnet og i profesjonelle praksisar.



## Kapittel 6. Diskusjon og avslutning

På ulike måtar har artiklane avhandlinga presenterer undersøkt avhandlingas problemstilling. Artiklane viser ulike variantar av diskursive ressursar som rådgjevarane tek i bruk i intervjuar når dei fortel om praksiserfaringane sine. Avhandlinga gjer også synleg korleis meinings-samanhengane dei aktiverte diskursive resursane tilbyr, har relevans for korleis konkret klientarbeid blir opplevd og forma. Artikkell I viser korleis diskursar om alder samverkar med diskursar om rusproblem, og korleis dette samspelet produserer ulike forståingar av rusproblem og rusarbeidet. Artikkell II viser variantar av korleis endring knytt til rusproblem blir gitt meining, og korleis ulike forståingar av endring produserer ulike hjelparposisjonar knytt til ansvar og suksess. Til slutt viser artikkell III korleis tilgjengelege kulturelle symbolske og emosjonelle kodar blir nytta i generaliserte forteljingar om personar med rusproblem, og korleis desse generaliserte forteljingane tilbyr profesjonsutøvarane bestemte meningssamanhengar til å forstå det konkrete klientarbeidet med. Resultatet av studien er av tre typar. Den eine typen resultat avhandlinga tilbyr, er ei fenomenskildring av korleis rusproblem og rusarbeid blir gitt meining. Fenomenskildringane gir det Polkinghorne (1999) kallar *tilstandsbilete*. Artiklane mine presenterer konkrete praksisnære forteljingar om NAV-rådgjevarars arbeidserfaring med brukarar med rusproblem. Presentasjonane gir empiriske døme på korleis rådgjevarane erfarer og forstår arbeidskvardagen sin, korleis dei prioriterer, korleis dei ser seg sjølv og brukaren og korleis dei erfarer og ser sine eigne handlingsval. Desse empirinære tilstandsbileta gir eit refleksjons- og diskusjonsgrunnlag for forskarar og profesjonsutøvarar. Som eg skreiv i metodekapittelet, utgjer NAV-kontora ein viktig arena for rusarbeidet i Noreg, og NAV-kontora har vesentlege trekk som karakteriserer dagens velferdsarbeid. Det er difor grunn til å tru at dei empirinære tilstandsbileta avhandlinga presenterer, er interessante og gyldige for profesjonsutøvarar og forskarar ut over dei spesifikke kontora.

Den andre typen kunnskapstilbod avhandlinga gir, er *forståingsmåtar* (Polkinghorne, 1999). Ein premiss i denne studien var at dei bestemte meiningsinnhalda fenomen som rusproblem og rusarbeid blir gitt, er knytte til kva diskursive ressursar som sirkulerer i samfunnet og til korleis desse blir tekne i bruk. Med utgangspunkt i denne premissen presenterer eg nokre måtar å forstå det empiriske materialet på. Desse analysane har sin bakgrunn i systematiske analytiske møter mellom empirien og ulike analytiske spørsmål og omgrep. Det framanalyserte kunnskapstilbodet viser fram empiriske utsnitt og gjer synleg korleis rådgjevarane i praksisforteljingane tek i bruk kulturelt situerte meningssamanhengar. Analysane gir innsikt i nokre av meinings-samanhengane som sirkulerer i samfunnet i vår samtid, og dei gjer synleg korleis desse

forståingstilboda innverkar på korleis rådgjevarane forstår klientane og arbeidet sitt. Diskursane, dei sosiale kategoriane, og mønsterforteljingane eg har utforska, viser naturaliserte og innforståtte oppfatningar eg fann i det empiriske materialet. Sjølv om relevansen av dei presenterte diskursane, sosiale kategoriane og mønsterforteljingane er kontekstuell og såleis vil variere frå situasjon til situasjon, viser artiklane, gjennom blant anna å relatere til anna forskning, korleis dei diskursive ressursane har resonans ut over den lokale konteksten. Gjennom å vise tilgjengelege meiningsreiskap og ved å vise variantar av korleis desse meiningsreiskapane blir tekne i bruk for å gi mening til rusproblem og rusarbeid, tilbyr avhandlinga praksisfeltet og forskingsfeltet eit høve til refleksjon.

Den tredje typen resultat avhandlinga gir, er eit metodologisk bidrag til korleis sosialfaglege problemstillingar kan undersøkjast og analyserast. Som gjennomgangen av tidlegare forskning i kap. 2.2 viser, er ein dominerande metodologisk tilnærming når forståingar av rusproblem og rusarbeid skal utforskast, å studere karakteristikkar ved profesjonsutøvarane, som haldningar, erfaringar og utdanning. Gjennom å rette blikket mot dynamikken mellom diskursive ressursar og det handlande subjektet, tilbyr avhandlinga eit alternativt perspektiv på profesjonsutøving. Den valde analytiske framgangsmåten gir reiskap til å flytte merksemda frå forståingar av rusproblem som resultat av ulike personlege haldningar til å utforske korleis meiningsdanningar i høve rusproblem kan studerast som forankra i språket i bruk, og korleis forståingar av rusproblem og rusarbeid knyter seg til delte meiningsdanningar, som er i forhandling og i rørsle. Gjennom å gi ein transparent framstilling av korleis eg har arbeidd, gir avhandlinga eit metodologisk bidrag til korleis slike analysar kan gjerast, og innsikt i kva verdi denne forma for forskning kan ha.

Alle forskingsdesign ber med seg moglegheiter og avgrensingar. Dei tre typene resultatet eg har summert opp i dei førre avsnitta viser kva bidrag studien min gir. Hadde eg gjort andre metodologiske val, kunne avhandlinga gitt andre resultat. Eg kunne til dømes med fordel intervjuja eit større utval profesjonsutøvarar. Eit større utval kunne gitt eit materiale meir egna til å utforske om og korleis kontekstuelle tilhøve som by og land, ulik organisering av tenestene og variasjonar i utdanningsbakgrunn innverkar på kva diskursive ressursar som er i bruk. Eit større utval hadde nok kravd meir ressursar enn eg hadde tilgang til i eit doktorgradsløp. Bruk av feltarbeid og/eller fokusgruppeintervju kunne gitt meir kunnskap om korleis meinings- skaping blir produsert gjennom samhandling. Dersom eg hadde inkludert brukarar av NAV i studien, ville det gitt høve til å utforske kva erfaringar og forståingar av rusproblem og rusarbeid klientar har, kva diskursive ressursar dei tek i bruk i si meiningsdanning og korleis brukarane



og profesjonsutøvarane samhandlar og forhandlar om mening. I mitt val av forskingsdesign har eg prioritert profesjonsutøvarnivået, og eg har prioritert å få eit materiale rikt på forteljingar om konkret praksis. Studien er kvalitativ, og resultatata frå studien kan ikkje generaliserast til generelle kunnskapsåstandar om korleis rådgjevarar i NAV gir mening til rusproblem og rusarbeid. Den teoretiske budskapet som dei presenterte analysane illustrerer, har derimot overføringsverdi til andre hjelpetiltak: Korleis klientens vanskar blir gitt mening, er ikkje objektivt gitt, men forma av den kulturen ein er ein del av. Korleis vanskane blir gitt mening, har omfattande sosiale konsekvensar for dei det gjeld og for dei som skal søkje å hjelpe. Avslutningsvis vil eg utdjupe nytta resultatata mine kan ha. Deretter gjer eg nærare greie for tre tema eg – som følgje av analysane – finn spesielt interessante, før eg til slutt presenterer implikasjonar studien gir for praksis og vidare forskning.

## 6.1 Meininger som kollektive og dynamiske i staden for individbaserte og faste

I kapittel 2.2 presenterte eg resultat frå andre studiar som har studert korleis profesjonsutøvarar forstår rusproblem og rusarbeid. Denne forskinga er i all hovudsak gjort innanfor ein haldningsforskingstradisjon og basert på spørjeskjema der informantane tek stilling til påstandar om rusproblem og rusarbeid eller til fiktive skildringar av personar med rusproblem. Innanfor desse kunnskapstilboda blir mening brukt tilsvarande det engelske ordet «*opinion*», som det bestemte synspunktet eller den bestemte haldninga den tilsette har. Mening brukt på denne måten gir kunnskap om mening som noko individbasert, statisk og eintydig. Avhandlinga mi tok i staden utgangspunkt i at meiningsskaping er ein prosess som er dynamisk og kollektivt og kulturelt forankra. Resultatet er at avhandlinga viser korleis erfaringar og forståingar av praksis er forankra i kulturell kontekst. Artikkane i avhandlinga demonstrerer mellom anna korleis kollektivt etablerte symbolske kodar som *stigma*, *avvik* og *avhengigheit* blir tekne i bruk for å tale fram vanskane rådgjevarane møter, eller korleis arbeidslinja – ein politisk vald ambisjon for NAV-kontora – blir teken i bruk når det konkrete klientarbeidet blir gitt mening. Avhandlinga viser også korleis dei kulturelt situerte meiningssamanhengane er performative – korleis dei blir nytta til å kategorisere og differensiere mellom klientar og til å forklare og legitimere handlingar.

I tillegg til å utforske korleis profesjonsutøvarane si meiningsskaping er forankra i kulturell kontekst, har det empiriske materialet avhandlinga byggjer på, og dei analytiske omgrepa som er tekne i bruk, gitt meg høve til å utforske dynamiske sider ved meiningsskapande prosessar.

Medan forståingar ofte blir framstilt som noko stabilt – éin person har éi oppfatning – viser analysane mine korleis oppfatningar er fleirtydige, ambivalente og i rørsle. Artikkel I viser til dømes korleis Evys snakk om *unge* varierer gjennom intervjuet. Artikkel II viser korleis Annas oppfatningar av rusarbeidet og sin eigen posisjon i arbeidet er mangetydige og ambivalente. Analysen av Mias forteljing i artikkel III viser korleis ho tek ulike mønsterforteljingar om rusmisbrukaren i bruk til å gi meining til rusproblemet og rusarbeidet.

Analysane viser vidare korleis forståingar av rusproblem og rusarbeid blir konstituerte i samspel med konstitueringa av andre sosiale kategoriar og i interaksjon med institusjonelle rammes. *One-stop shops*, *målstyring* og *arbeidslinja* er døme på sentrale utviklingstrekk ved dei institusjonelle rammene for velferdstenester i Vest-Europa. Desse dominerande trekka ved korleis tenestene skal styrast og organiserast er teikn på korleis bestemte diskursar om tenestekvalitet rår. Avhandlinga viser korleis målstyringsdiskursen, aktiveringsdiskursen og samordningsdiskursen skaper institusjonelle og kulturelle vilkår som innverkar på korleis profesjonsutøvarane forstår og møter klientane sine. Artiklane viser mellom anna døme på korleis aktiveringsdiskursen innverkar på korleis endring blir forstått, på kva som blir konstruert som målet for arbeidet, og for kva posisjonar som blir produserte for profesjonsutøvararen og for klienten. Artiklane gir også innsikt i korleis målstyringsdiskursen innverkar på kva hjelparposisjonar og klientposisjonar som blir identifiserte og anerkjende. Ved at avhandlinga ikkje undersøker forståingane og handlingane til profesjonsutøvarane som noko individbasert, statisk og eintydig, men i staden som kollektive, dynamiske og kontekstbundne prosessar, bidreg avhandlinga med ei nyansering og utviding av kunnskapen om profesjonsutøving ved mellom anna å vise relevansen av å inkludere kulturell kontekst når profesjonsutøving skal forståast og tenester skal utviklast. Dei sentrale styresmaktene etterlyser ein meir kunnskapsbasert praksis på rusfeltet, og viser i den samanhengen til behov for auka kunnskap om effekt av tiltak (Prop. 15 S (2015–2016)). Avhandlinga mi gir innblikk i ein kunnskapstype: korleis profesjonsutøving og kulturelle og institusjonelle tilhøve inngår i eit gjensidig samspel. Ho gir såleis argument for eit utvida blikk på tenesteforskning med forskingsdesign eigna til å utforske resultat og prosess i samanheng.

I tillegg til at analysane avhandlinga presenterer syner dynamikkar og rørsle i korleis rusarbeid og rusproblem blir gitt meining, viser også analysane nokre gjennomgåande og stabiliserande mønster i korleis rusproblem og rusarbeid blir konstituerte. Tre av mønstra eg finn mest interessante, vil eg utdjupe på dei følgjande sidene: (1) meiningsskaping i ein kontekst av konkretiserings- og prioriteringsarbeid, (2) diskursar om tid og (3) det manglande språket.

## 6.2 NAV-arbeidet – eit konkretiserings- og prioriteringsarbeid

Eit gjennomgåande trekk ved forteljningane til dei intervjua rådgjevarane er at dei opplever at ressursane dei har til rådvelde, ikkje står i forhold til mandatet dei skal utføre. Det empiriske materialet inneheld mange forteljingar som handlar om å kome til kort og ikkje ha ressursar nok til å gjere alt ein skulle gjort. Vidare viser det empiriske materialet korleis rådgjevarane erfarer å stå i eit krysspress mellom ei rekke motstridande forventingar, i form av krav frå staten og ønskje frå brukarar, pårørande og samarbeidspartar. Gapet mellom ressursar og forventingar skaper eit prioriteringsdilemma der rådgjevarane må prioritere mellom brukarane og mellom kva mål og behov dei skal fokusere på. Opplevinga av ikkje å ha nok ressursar til rådvelde blir også trekt fram i anna forskning om NAV (Fossestøl et al., 2014; Fossestøl, Breit, & Borg, 2016; Langeland & Galaasen, 2014).

Vikes (2004) analyse av den norske velferdsstaten gir eit interessant bakteppe til å forstå dette mønsteret i det empiriske materialet. Vike peikar på at eitt kulturtrekk ved velferdsstaten er at han er ansvarleg for å gjere meir enn den kan få til. Oppgåvene velferdsstaten er sett til å løyse, er større enn ressursane han har til rådvelde. Avstanden mellom mål og moglegheit skaper eit legitimitetsdilemma. Institusjonane som skal utføre velferdsstatens oppgåver, som skular, sjukeheimar, barnevern og NAV, blir berarane av ansvaret og dermed dei som må handtere legitimitetsdilemmaet. Ved at førstelinearbeidarane har høve til å utrette langt mindre enn det som blir pålagt dei, blir dei ansvarlege for å måtte gjere illegitime prioriteringar. Vike peikar på at dette dilemmaet – gapet mellom kva velferdsstaten skal yte og faktisk kan yte – sjeldan er diskutert eksplisitt. Måla velferdsstatens utøvande institusjonar skal nå, er i staden vide og vage. Institusjonane må difor, blant anna gjennom arbeidet til førstelinearbeidarane, avgrense og konkretisere korleis dei vide og vage måla skal forståast og prioriterast. Konkretiseringsarbeidet som Vike peikar på at førstelinearbeidarane må gjere som svar på dei vide og vage oppgåvene, samsvarer med fortolkingsarbeidet internasjonal forskning trekker fram som eit typisk trekk ved det moderne velferdsarbeidet (Gubrium & Järvinen, 2013; Järvinen & Mik-Meyer, 2003; Järvinen & Mik-Meyer, 2012). NAV-kontora er ein av velferdsstatens iverksetjande institusjonar, og gjennom NAV-lova har staten definert kontorans mandat og plikter. NAV skal etter formålsparagrafen «møte det enkelte mennesket med respekt, bidra til sosial og økonomisk trygghet og fremme overgang til arbeid og aktiv virksomhet».

Vidare skal dei kommunale tenestene som NAV tilbyr blant anna «bedre levekårene for vanskeligstilte, bidra til sosial og økonomisk trygghet» og «bidra til likeverd og likestilling og

forebyggje sosiale problemer». Oppgåvene kontora er sette til å gjere, er store og vide. Analysane eg presenterer i avhandlinga viser korleis rådgjevarane må gjere eit omfattande prioriterings- og konkretiseringsarbeid når dei generelle og vage institusjonelle målsetjingane skal omsetjast til klientarbeid. Analysen viser fram nokre av spørsmåla profesjonsutøvarane må ta stilling til, men som ikkje er eksplisitt formulerte, som til dømes: Kva vil det konkret seie å «bedre levekårene for vanskeligstilte»? Kva er rådgjevaren si rolle når klienten ikkje er *motivert*? Kor går grensene for NAVs ansvar? Kor stort ansvar har NAV for ein vaksen versus ein ungdom? Kor lenge har NAV ansvar for å prøve å hjelpe ein som slit? Når har NAV lov til å gi opp? Analysane i avhandlinga mi viser spesifiseringar av korleis denne typen prioriteringsarbeid og konkretiseringsarbeid blir gjort, og viser at prioriterings- og konkretiseringsarbeidet er fleirtydig, ambivalent og motsetnadsfylt.

Vidare viser analysen korleis konkretiserings- og prioriteringsarbeidet blir utforma på dynamiske, personlege og situerte måtar, samstundes som at arbeidet blir utforma i relasjon til kva som skaper gyldige og legitime praksisar i den kulturelle og institusjonelle konteksten rådgjevarane inngår i. Artikkel I viser korleis diskursar knytte til alderskategoriar får betydning både for korleis rådgjevarane prioriterer i arbeidet og for korleis meningsinnhaldet i hjelpearbeidet blir konkretisert. Artikkel II viser korleis forståingar av endring er både implisitte og fleirtydige og avgjerande for korleis hjelpa konkret blir utforma, medan artikkel III viser korleis generaliserte historier om klientar med rusproblem tilbyr menings samanhangar som blir nytta som meningsreiskapar i prioriterings- og konkretiseringsarbeidet. Analysane viser også korleis overordna diskursar, som ein neoliberal diskurs, ein målstyringsdiskurs og ein aktiveringsdiskurs innverkar på prioriterings- og konkretiseringsarbeidet. Desse overordna diskursane set vilkår for profesjonsutøvinga og gir føringar for kva prioriteringar og konkretiseringar det er legitimt for profesjonsutøvarane å gjere. Til dømes fremmer ein neoliberal diskurs posisjoneringar av klienten som autonom, ansvarleg og veljande, noko som legitimerer at profesjonsutøvarane posisjonere seg med eit avgrensa ansvar i klientens endringsprosess. Den neoliberale diskursen legitimerer og forsterkar også at diskursar om alder kan nyttast til å prioritere mellom brukarar, ved at den neoliberale diskursen forsterkar forventningane til at klientar i utgangspunktet skal kunne ta ansvar for sin eigen situasjon. At klienten skal gjerast ansvarleg for sin eigen situasjon, føreset visse type borgarar – dei som kan og er villige til å ta ansvar for eigen sjølvutviklingsprosess. Dominerande forståingar av rusproblem står i spenn til desse forventningane til klienten, og synest å fremme ein diskurs om rusproblem som eit gjenstridig problem og ei posisjonering av hjelparen som fortvilt.

Målstyringsdiskursen har også ført til endringar i arbeidsvilkåra til profesjonsutøvarane. Målstyringsdiskursen har mellom anna ført til ein aukande grad av standardisering og rapportering av arbeidsoppgåver og måloppnåing (Ekeland & Heggen, 2007; Järvinen & Mik-Meyer, 2012; Karlsson, 2015). Kva som blir målt, er eit resultat av ein administrativ konkretisering og prioritering av dei vide målsetjingane institusjonen har. Målstyringa set slik føringar på kva oppgåver og mål profesjonsutøvarane skal prioritere. Avhandlinga viser korleis ein målstyringsdiskurs og ein aktiveringsdiskursar legg føringar for at målsetjingar knytte til arbeidsevne, stabilitet og rusfridom skal prioriterast, noko som igjen innverkar på kva hjelpar- og klientposisjonar som blir aktualiserte. Ved at avhandlinga viser døme på korleis avklaringar og prioriteringar spelar seg ut lokalt, gjer avhandlinga synleg korleis overordna diskursar innverkar på det naudsynte konkretiserings- og prioriteringsarbeidet profesjonsutøvarane må gjere lokalt. Ved å gi innsikt i korleis kulturelt forankra forståingar innverkar på korleis velferdsarbeidet blir utforma, forklart og legitimert, viser avhandlinga relevansen av å utforske og diskutere korleis det naudsynte konkretiserings- og prioriteringsarbeidet er institusjonelt og kulturelt situert. Slike undersøkingar tener også til å gi innsikt i korleis samtidas sosialfaglege arbeid generelt blir gitt mening, og deriblant diskusjonen om endringar i sosialarbeidarrolla (Erlie, 2016; Hansen & Natland, 2016; Hanssen et al., 2015; Jessen & Tufte, 2014; Røysum, 2013).

### 6.3 Diskursar om tid

Utforskinga av alder, endring og mønsterforteljingar har gjort synleg at diskursar om tid er ein sentral diskursiv ressurs i det empiriske materialet. Gjennom praksisforteljingane adresserer rådgjevarane diskursar om tid og produserer oppfatningar av tid. Tilgjengelege diskursar om tid blir nytta til å gi rusproblemet mening, produserer vilkår for klient- og hjelparposisjonar, skape samanhengar og forklare hendingar og handlingar.

Éin diskurs som er aktivt og dominerande til stades i det empiriske materialet, er ein diskurs om lineær tid. Denne diskursen gjer det mogleg for forteljaren å konstruere kontinuitet mellom fortid, notid og framtid, og å predikere prosessen framover. Innanfor denne diskursen får det som *har vore* betydning for det som *er* og det som *vil kome*. I alle tre artiklane ser vi døme på korleis ei slik lineær og kausal forståing av samanheng mellom fortid, notid og framtid blir brukt til å gi mening til rusproblem og rusarbeid. Analysane viser korleis den lineære tidsdiskursen får ei konsoliderande kraft som produserer eit progressiv eller regressiv kontinuum. Analysane demonstrerer til dømes korleis ei forståing av tid som lineær skaper ei forventing om at klientane er meir ansvarsfulle etter kvart som tida går, medan rusproblemet blir snakka

fram som større og meir alvorleg di meir tid som har gått. Å ha levd i kort tid, det vil seie at ein er ung, blir assosierast med ikkje å ha fått utvikla mykje livsrøynsle, modning og ansvar. Vanskane er heller ikkje – innanfor denne måten å sjå på tid på – blitt så omfattande og konsoliderte som dei vil bli etter kvart. Artikkel I viser korleis denne forståinga skaper eit idégrunnlag for at ein må prioritere dei unge; dei har levd kort, og er såleis sårbare, og dei må hjelpast no, før problemet blir større. Ei anna utviklingsførestilling blir gjort gjeldande for dei som har levd lenger, dei *vaksne*. Dei blir posisjonerte som mindre sårbare, med eit større problem enn dei unge og med mindre utviklingspotensial. Taylor og Wetherell (1999) peikar på at *levetid* blir assosiert med progressivt aukande modning. I det empiriske materiale mitt syner *modning* og *kunnskap* å vere utelatne frå diskursen om lineær tid. Forståingane av rusbruk synest ikkje å vere kompatible med å forstå tid som progressivt aukande modning. At forståingar av rusproblem synest å gjere at modning blir utelate frå tidsdiskursane, hemmar at lengd i tid kan snakkast fram som noko positivt – noko som hindrar tilgang til posisjonar der det å ha blitt eldre, ha rusa seg lenger eller vore lenge i behandling blir sett som ein styrke eller ein føremon. Tid blir i staden snakka fram som tyngande, som noko som gjer det vanskelegare å hjelpe. Førestillinga om tidas tyngde er spesielt synleg i mønsterforteljinga om klient i forfall i artikkel III. Plottet i denne forteljinga, som byggjer på at rusbruken øydelegg den som rusar seg, byggjer implisitt på ei forståing av tid som lineær. Forståinga av tid som konsoliderande gir historia om klienten i forfall truverd, og er med på å produsere ideen om at personar med rusproblem får større og større problem etter kvart som tida går, og slik blir vanskelegare og vanskelegare å hjelpe.

Analysane avhandlinga presenterer, gjer også synleg ein diskurs om tid som ein avgrensa ressurs. Ein viktig premiss for NAV-arbeidet er at arbeidet skal føre til endring. Brukarane skal til dømes bli meir sjølvhjelpne og meir aktive enn dei har vore. Analysane av det empiriske materialet viser korleis det finst ei implisitt oppfatning av at tida ein har til rådvelde til å oppnå dei institusjonelle målsetjingane om endring, er avgrensa. Mange av dei institusjonelle verktøya rådgjevarane har til rådvelde i klientarbeidet, som økonomiske ytingar, arbeidsmarknadstiltak og tilvising til behandlingsopphald, har ei tidsmessig avgrensing. Implisitt i desse institusjonelle strukturane er ein premiss om at den ønska endringa er forventa å skje innanfor den avgrensa tida ein har fått til rådighet. Fleire av forteljingane viser korleis diskursen om tid som ein avgrensa ressurs blir stadfesta, nyansert og utfordra av rådgjevarane. Når Thea fortel om korleis ho kjempar mot systemet, er den rådande tidsdiskursen ein vesentleg del av forståingane ho utfordrar. Ho viser til at «det er ofte berre snakk om tiltak, arbeid og få dei ut så fort som

mogleg». Ho utfordrar den dominerande måten å tenke tid på, og har tilgang på alternative tidsdiskursar når ho viser til at ho «jobbar med lange løp».

Samla viser analysane korleis tidsdiskursar er ein sentral diskursiv ressurs i klientarbeidet. Gjennom dei tre analysane demonstrerer avhandlinga korleis tidsdiskursar i vår kultur kjem til uttrykk og korleis rådgjevarane tek i bruk desse tidsdiskursane og slik er med på å utforme kulturelle forståingar av tid. Analysane viser også korleis forståingar av tid – som lineær og som eit avgrensa gode – ofte blir tekne i bruk på naturaliserte og innforståtte måtar, noko som også blir stadfesta i andre analysar av tidsdiskursar (Adam, 2013; Fahlgren, 2009; Juhila, Günther, & Raitakari, 2014). Diskursar om tid står fram som eit lite analysert felt med tanke på relevansen dei synest å ha i velferdsarbeidet. Diskursar om tid gjer gyldig gitte måtar å snakke om tid på, som vidare skaper eit sett vilkår for hjelparen og klienten og set rammer for korleis arbeidet kan utformast. Forståingar av tid innverkar på korleis problema blir gitt meining, produserer subjektposisjonar og innverkar på relevante tema som ansvar, håp og handlekraft. Meir merksemd til tidsdiskursar i forskning på profesjonell praksis og i utforminga av praksis, vil kunne gi nye høve til å forstå og utvikle velferdsarbeidet. Nyansering og alternative konstruksjonar av tid kan også gjere andre hjelpar- og klientposisjonar moglege, til dømes posisjonar der modning og erfaring i større grad kan takast i bruk, også i møte med klientar med rusproblem.

#### 6.4 Det manglande språket

Dei presenterte analysane har vist fram ulike diskursive ressursar som profesjonsutøvarane tek i bruk i praksisforteljingane om rusproblem og rusarbeid. Samla sett kan analysen også seie noko interessant om kva dei diskursive ressursane *ikkje* gir. Medan språket som er analysert, har vore rikt på visse omgrep, sosiale kategoriar og forteljingar, er det fattig eller ikkje nærverande på andre område. Eit slikt område er språk om erfaringar, hendingar og handlingar i fasen mellom det å ha rusproblem og det å ikkje ha eit rusproblem lenger. I det empiriske materialet blir det i all hovudsak snakka fram to dikotomiar: på den eine sida *rusproblem/avhengig*, på den andre sida *rusfri/arbeidsfør*. Analysane har synleggjort at ulike diskursive ressursar er tilgjengelege til å gi desse to posisjonane meining. Det empiriske materialet gir i vesentleg mindre grad innsikt i kva diskursive ressursar som er tilgjengelege til å gi meining til vegen *mellom* desse to dikotome posisjonane. Vegene står fram som ein «svart boks». Utifrå eit diskursanalytisk perspektiv kan mangelen på snakk som gir meining til erfaringar og opplevingar mellom desse to posisjonane, sjåast som eit teikn på at ein manglar tilgjengelege

diskursive ressursar som tilbyr omgrep, forteljingar, metaforar og sosiale kategoriar til å identifisere og snakke fram prosess mellom *rusproblem* og *rusfri*.

Analysane viser også korleis den sosiale kategorien *rusproblem* blir ein overordna kategori som overskygger endringar i rusbruk. Ei eventuell endring i rusbruk, som bruk av andre stoff eller mindre stoff, fleire situasjonar utan stoff og liknande, blir i liten grad representert i dette språket. Det same gjeld eventuelle endringar i handlingar, kjensler og oppfatningar. Analysane viser mangel på eit prosessorientert språk som kan artikulere nyansar og diversitet knytt til *rusproblem* og *rusarbeid*. Dette gjer det vanskeleg å identifisere, forstå og artikulere erfaringane brukarane gjer seg og endringane som skjer i området mellom desse to ytterpunktane. Tilgang til fleire diskursive ressursar som kan gi meining til rørsler i området mellom dei to ytterpunktposisjonane, ville i større grad opne opp den «svarte boksen» og gjere det mogleg å identifisere og setje ord på hendingar, opplevingar og erfaringar brukaren og hjelparen gjer seg. Fleire tilgjengelege diskursive ressursar til å sjå og artikulere nyansar og endringar med, ville også danne grunnlag for fleire måtar å identifisere og snakke om framgang på, og slik opne for fleire høve til å posisjonere hjelpar og klient som meistrande og kompetente.

Forsking på endringsprosessar knytte til *rusproblem* peikar på at klientens behov for hjelp og støtte varierer etter kor i endringsprosessen han eller ho er (Duffy & Baldwin, 2013; Laudet & White, 2010; McKay, 2009). For at hjelparen skal kunne gi tilpassa støtte etter kor i endringsprosessen klienten er, må klienten og hjelparen – gjennom språket – ha tilgang til diskursive ressursar som kan nyttast når ein ønsker å identifisere og artikulere posisjonar i ein endringsprosess, og denne forma for arbeid må bli sett på som gyldig og legitime praksis i den bestemte kulturelle og institusjonelle konteksten hjelparen og klienten inngår i.

Kva diskursive ressursar som er tilgjengelege til å snakke om prosess med har også innverknad på korleis dei institusjonelle målsetjingane for arbeidet blir konstruert. Dersom det var nytta fleire diskursive ressursar til å identifisere og artikulere prosess med, kunne det opne opp for andre meir prosessorienterte og differensierte måtar å definere institusjonens målsetjingar på, noko som igjen kunne fremja eit større handlingsrom for profesjonsutøveren.

## 6.5 Implikasjonar for praksis

Som nemnt karakteriserer eg avhandlinga sine resultat som tre typar: tilstandsbilete, forståingsmåtar og metodologiske bidrag. Desse kunnskapsresultata gir i liten grad direkte tilvisingar til kva som er den beste måten å forstå *rusproblem* på, eller den beste måten å utforme *rusarbeid*et



på. Å identifisere «gode» eller «dårlege» praksisar var heller ikkje eit mål med kunnskapsprosjektet mitt. Resultata frå studien gir derimot eit grunnlag for å kunne diskutere kva som er tenlege forståingar av rusproblem og tenlege måtar å utforme arbeidet på. Med utgangspunkt i at profesjonsutøvarar er – som alle andre deltakarar i samfunnet – kulturelle aktørar, gir avhandlinga merksemd til korleis profesjonsutøvarar gjennom sine språklege handlingar tek i bruk ulike diskursive ressursar. Gjennom dei personlege og situerte måtane profesjonsutøvarane gir meining til rusproblem og rusarbeid på, er dei med å oppretthalde, nyansere eller utfordre dei diskursive ressursane som sirkulerer i samfunnet. NAV er såleis ein sosiale arena der meiningar om rusproblem og rusarbeid blir presenterte, forhandla om og produserte. Ved at avhandlinga retter merksemda mot korleis språket er skapande og konstituerande, tilbyr avhandlinga ein inngang til å utforske, diskutere og reflektere over dei meiningsskapande prosessane ein som profesjonsutøvar deltek i. I dag snakkar ein om rusproblem og rusarbeid på andre måtar enn på til dømes byrjinga av 1900-talet, då alkohol blei sett på som ei gift, eller på 1970-talet, då bruk av narkotika blei sett på som symptom på sosial mistilpassing. At til dømes alkohol i dag er ein vanleg selskapsdrikk, og *legemiddelassistert rehabilitering* er vanlege løysingar på heroinbruk, innverkar på korleis rusmiddelbruk blir forstått og snakka om. Gjennom dei typiske måtane rusproblem og rusarbeid blir snakka om, får enkelte meiningar om rusproblem og rusarbeid forrang, medan andre blir utelatne eller reduserte. Forståingar som blir siterte ofte nok, kan etter kvart bli tekne for gitt, og dermed i liten grad utforska og diskuterte. Vonleg kan avhandlinga mi, gjennom omgrepa ho presenterer og døma ho gir, klargjere og inspirere til vidare utforsking av kva diskursive ressursar som er i bruk, og kva implikasjonar bruken av dei har for profesjonsutøvinga.

Velferdsarbeidet NAV tilbyr, er hjelp og støtte til handlingar som på ulike måtar ligg utanfor normene for korleis livet ideelt sett er tenkt levd. Det er såleis tette samband mellom kva som i vår tid blir sett som rett, sunt og akseptabelt, og kva NAV gir korrigeringar, hjelp og støtte til. Avhandlinga tilbyr såleis ein inngang, også for profesjonsutøvarar som ikkje arbeider i NAV, til å reflektere over kva normer ein som velferdsstatens førstelinearbeidarar representerer og produserer, og kven ein gjennom velferdsarbeidet lar andre få vere. Avhandlinga kan også gi innsikt som er nyttig for leiarar, politikarar og andre som er interesserte i utvikling av tenestetilbodet. Som eg vil kome nærare innpå i neste kapittel, blir det ofte fokusert på å tilføre nye tiltak eller metodar når praksis skal forbeistrast. Med tanke på betydninga av kulturell og institusjonell kontekst, vil eg argumentere for ei vidare forståing av korleis ein praksis blir utvikla. Det er til dømes ikkje sikkert av metoden eller tiltaka som er tenkt innførte, vil utstyre

hjelparane med ei støtte som er tenleg eller brukande i den lokale konteksten dei arbeider i. Med utgangspunkt i eit diskurspsykologisk perspektiv vil eg i staden argumentere for verdien av å vektleggje lokal utforsking av og refleksjon over kva behov for støtte, strukturar og kunnskap den einskilde treng i sitt arbeid.

Også klientane er berarar og brukarar av diskursar. Deira forståingar av seg sjølv og deira vanskar blir spegla av kva diskursive ressursar kulturen tilbyr. Klientar som ber om hjelp slit gjerne med å innfri rådande ideal, om til dømes om å vere *rusfri*, *arbeidsfør*, *motivert* eller *uavhengig*. Å ha eit fokus som profesjonsutøvar på korleis problemforståing er kulturelt forankra tilbyr ein inngang til å vere merksam på klienten som forteljar og til å utforske, reflektere og utfordre saman med klienten dei meiningssamanhengar som gir form til erfaringane til klienten. Gjennom dialog kan nye kategoriar, nye forteljingar og nye meiningssamanhengar bli utvikla, som kan danne grunnlaget for nye forståingar, posisjonar og handlingar. Whites tekstar om narrativ terapi (til dømes 1995, 2000), Mattinglys tekstar om forteljingar som kulturelle konstruksjonar (til dømes Mattingly, 1998; Mattingly & Garro, 2000), Gulbrandsen, Seim og Ulviks (2012) omtalar av meiningssamarbeid, Andersens (1987, 1994) arbeid om reflekterande team og Øfstis forskning om korleis parterapeutar forstår kjærleik (2008, 2010), er døme på kunnskapsbidrag til korleis profesjonsutøveren kan hjelpe klienten til å overskride etablerte forståingar og skape nye kategoriar, posisjonar og forteljingar. Avhandlinga mi kan vonleg også inspirere til ein nysgjerrig og refleksiv tilnærming til dei situerte måtane profesjonsutøveren og klienten forstår problem og løysingar på, og slik skape nye handlingsrom for både profesjonsutøvar og klient.

## 6.6 Implikasjonar for vidare forskning

I tillegg til allereie nemnde forskingsbehov gir avhandlinga grobotn for vidare forskning i fleire retningar. Eg vil avslutningsvis gjere greie for tre retningar eg finn særleg relevante.

### 6.6.1 Ei utforsking av rusproblem og tilhøyrande sosiale kategoriar som dynamiske og kontekstuelle fenomen

Ved hjelp av analysemetodane som er nytta, har eg i denne studien lagt bestemte snitt inn i empirien. Snitta blei valt med tanke på at det kunne gi analysar som kastar lys over rådande kulturelle forståingar. Analysane avhandlinga presenterer, gir såleis ikkje eit fullstendig og gjennomanalysert bilete av korleis rusproblem og rusarbeid blir gitt meining i det empiriske materialet. Med utgangspunkt i dei valde temaa, analytiske spørsmåla og omgrepa viser

avhandlinga fram nokre av dei meiningsskapande prosessane som var til stades i det empiriske materialet. Rørsler, nyanser og samspel som ikkje er analyserte fram, er til dømes korleis kva betydning rusproblem og rusarbeid blir gitt innverkar på forståing og utforming av *brukarmedverknad*, og korleis konstitueringa av rusarbeid og rusproblem samspealar med konstitueringar av andre sosiale kategoriar, som *kjønn*, *klasse*, *arbeidsevne* og *psykisk helse*. At desse samspela ikkje blei prioriterte for vidare analyse i denne avhandlinga, betyr ikkje at dei er uviktige eller uinteressante. Tvert i mot er det grunn til å tru at konstitueringa av rusproblem og rusarbeid inngår i eit komplekst samspel med mange ulike sosiale kategoriar, og at kunnskapsfeltet er tent med fleire analysar som undersøker korleis konstitueringa av rusproblem og rusarbeid inngår i eit dynamisk og kontekstuellet samspel med andre kategoriar. I dette høvet er interseksjonalitet eit omgrep med potensial for rusforskinga.

Eit gjennomgåande trekk ved mange av forståingane av rusproblem og rusarbeid som er analyserte fram i denne avhandlinga, er at rusproblem blir presentert som vanskeleg å løyse. Dette er eit mønster som er viktig og interessant å utforske vidare. Er forståinga av rusproblem som vanskeleg å løyse typisk for korleis profesjonsutøvarar i Noreg tenker om rusproblem? Kva diskursive ressursar produserer, nyanserer og utfordrar i så fall slike forståingar av rusproblem? Kva implikasjonar har dei rådande oppfatningane av rusproblem for rusarbeidet, for profesjonsutøvarane og for brukarane?

#### 6.6.2 Mot ei meir kunnskapsbasert organisering og utforming av det lokale rusarbeidet

Korleis det lokale rusarbeidet skal vere organisert, har blitt gitt lite fokus både i dei norske politiske dokumenta og i forskinga. Slik det er no, er det stor variasjon i korleis rusarbeidet i kommunane er organisert, og ein manglar systematisert kunnskap om korleis dei ulike organisatoriske løysingane innverkar på tenestene. Kva er til dømes skilnaden i om rusarbeidet blir organisert som eit specialist- eller generalistfelt i NAV, om tenestene er plasserte i eller utanfor NAV eller om tenestene er organisatorisk plasserte i helse- eller sosialfaglege rammer? Kva for rolle spelar storleiken på kommunen i høve ulike måtar å organisere på?

Denne avhandlinga gir empiriske døme på korleis institusjonelle og kulturelle rammer innverkar på meiningsdanning. Avhandlinga gir innsikt i korleis rusarbeidet blir gitt mening innanfor *one-stop shops*. Internasjonal forsking har peika på at aktiveringsfokuset i slike integrerte kontor risikerer å skape utfordringar for arbeidet med personar med samansette vanskar, i staden for å skape saumlause tenester, slik visjonen er (Heidenreich & Aurich-Beerheide, 2014;

Heidenreich & Rice, 2016; Minas, 2014). Analysane eg har presentert, demonstrerer korleis institusjonell kontekst har betydning, og viser spesifikt korleis eit overordna fokus på arbeid og aktivitet innverkar på korleis rusproblem og rusarbeid blir gitt mening. Det dominerande fokuset i forskinga på NAV har vore retta mot å måle effekt i høve dei statlege oppgåvene og målsetjingane. Vi har behov for forskning som i større grad rettar merksemda mot dei kommunale oppgåvene, og spesielt forskning som undersøker korleis organiseringa og forvaltninga av NAV-kontora gir moglegheiter og utfordringar i arbeidet med brukarar med langvarige og samansette tenestebehov. Analysane i denne avhandlinga gir innsikt i korleis overordna diskursar, som aktiverings-diskursen og målstyringsdiskursen, legg grunnlaget for kva for mål institusjonen blir målt på, noko som vidare innverkar på korleis klientens *trøbbel* blir omsett til legitime og prioriterte *problem* (Gubrium & Järvinen, 2013). Kva av klientens trøbbel som blir definert som legitime og prioriterte problem, og korleis problema blir konstruerte, har stor innverknad på kva hjelpetilbod klienten får, og for kva posisjonar klienten blir tilbode. Det er behov for meir forskning som undersøker korleis institusjonanes kulturelle forankring innverkar på møtet mellom profesjonsutøvar og klientar.

Det er også mangel på merksemd mot kva rolle sosialt arbeid har i høve rusproblem. Analysane i denne avhandlinga syner stor grad av uklarheit i kva som er sosialarbeidarane si rolle i det lokale rusarbeidet, noko som også blir illustrert av dei manglande omtalane av sosialfagets rolle på rusfeltet i lovverk og ruspolitiske dokument. Det er behov for større merksemd, både i forskinga og politisk, til det sosiale arbeidets rolle på rusfeltet, og for forskning som utforskar dei behova for støtte og kompetanse som sosialarbeidarar i rusfeltet har.

